

# Årsrapport og rekneskap

# 2011



Val 2011



Gaupne barnehage



Bustadfeltet Hestnes




Kåre Øvregard  
kulturprisvinnar



# Luster kommune

## - årshjul 2011 -

Luster kommune sitt styringssystem består av ulike politiske og administrative dokument og aktivitetar. I årshjulet under er dokument og aktivitetar som syner samspelet mellom politisk nivå, rådmannsnivå og einingane innplassert





Teiknforklaring til <b>raud</b> og <b>blå</b> aktivitet:
<b>TP</b> - tenesteplan
<b>B</b> - budsjett
<b>ØP</b> - økonomiplan
<b>PP</b> - planleggingsprogram
<b>R</b> - rekneskap
<b>Å</b> - årsmelding
<b>K</b> - kostra
<b>T1</b> - tertialrapport
<b>T2</b> - tertialrapport


Teiknforklaring til dei <b>grone</b> aktivitetane:
<b>BU-S</b> - brukarundersøking skule, elevar
<b>LD</b> - leiardialog
<b>MS</b> - medarbeidarsamtale
<b>VR</b> - vernerundar
<b>BU-PLO</b> - brukarundersøking pleie og omsorg
<b>BU-BIB</b> - brukarundersøking biblioteket
<b>BD</b> - brukardialog
<b>IU</b> - innbyggjarundersøking
<b>MU</b> - medarbeidarundersøking

# Styringsmål i årsrapporten

Nådde vi måla i 2011?



 = ikkje heilt

 = så godt som

 = og vel så det

Tilsvarande fargekodar er nytta i heile dokumentet

## Innholdsliste

	Side	Grunnskule	25
Føreord	2	Helse	29
Interkommunalt samarbeid	4	Pleie og omsorg	33
Folketal og sysselsetjing	8	Sosial	39
Kommunen som verksemd	10	Tekniske tenester	43
Naturarv	15	Næringsutvikling og naturforvaltning	51
Folkevalde	16	Kultur	58
Administrasjon	19	Rekneskapen 2011	61
Barnehage	22	Revisjonsmelding	80

# Føreord



Tore Eriksen

Rådmannen i Luster legg med dette fram årsrapport og rekneskap for 2011, også i år som eit samla dokument. Dette er rådmannen si viktigaste attendemelding til kommunestyret.

Årsrapporten legg stor vekt på å støtte dei krav kommunelova set i høve rapporteringa til kommunestyret.

Rådmannen viser her til kommunelova § 48, punkt 1, der det står:

”Kommuner skal for hvert kalenderår utarbeide årsregnskap og årsberetning.”<sup>1)</sup>

## Rekneskapen for 2011

Kommunelova sitt rapporteringskrav på rekneskapsida ligg i § 48, punkt 2-4, og lyder slik:

”2. Årsregnskapet skal omfatte alle økonomiske midler som disponeres for året, og anvendelsen av midlene. Alle kjente utgifter og inntekter i året skal tas med i årsregnskapet for vedkommende år, enten de er betalt eller ikke når årsregnskapet avsluttes. Årsregnskapet skal føres i overensstemmelse med god kommunal regnskapsskikk.

3. Kommunestyret vedtar selv årsregnskapet. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet. Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig overskudd eller dekning av regnskapsmessig underskudd.

4. Underskudd på årsregnskapet som ikke kan dekkes på budsjettet i det år regnskapet legges fram, skal føres opp til dekning i det følgende års budsjett. Under særlige forhold kan kommunestyret, etter å ha foretatt de nødvendige endringer i økonomiplanen, vedta at underskuddet skal dekkes over inntil ytterligere to år...”

Slik rådmannen ser det vert desse lovkrava stetta i denne årsrapporten.

## Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit overskot på 7,0 mill.kr. Bak dette ligg meirinntekter på skatt/rammetilskot på 2,7 mill.kr og på momskompensasjon investeringar på 4,0 mill.kr.

<sup>1)</sup> Det kommunelova kallar ”årsberetning” kallar rådmannen ”årsrapport”.

Tenesteområda går samla i balanse. Områda med størst meirforbruk/mindreinntekt er Pleie og omsorg med om lag 5,0 mill.kr og Vedlikehald med om lag 3,0 mill.kr. Rådmannen vil gje ros til tenesteleiarane for god budsjett disiplin.

Finansforvaltninga har eit tap på omlag 6,2 mill.kr. Dette vert dekket ved bruk av fondsmidlar. Samla sett gjev resultatet for 2011 eit uttak frå disposisjonsfondet på 8,0 mill.kr.

## Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Det har her vore god styring og kostnadskontroll. Kommunen har gjennom oppnådd betre tidssamanfall mellom løyvingar og gjennomføring. I 2010 hadde vi eit tidsmessig etterslep på om lag 20,9 mill.kr. Etterslepet pr 31.12.11 er kome ned i 17,6 mill.kr.

## Forskotteringa av Fv55 Gullringtunnelen

Ved utgangen av 2011 var det rekneskapsført renteutgifter på 7,6 mill.kr til rassikringa av Gullringtunnelen. Oppteke lån til dette prosjektet er sikra ved fastereente fram til medio 2013. Kommunestyret har pr dato reservert 38 mill kr til tiltaket.

## Årsrapporten for 2011

Kommunelova sitt rapporteringskrav for årsrapporten ligg i § 48, punkt 5, og lyder slik:

”5. I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.”

Slik rådmannen ser det vert desse lovkrava stetta i dette fellesdokumentet.

## Store politiske saker

Rådmannen sitt arbeid har i 2011 vore prega av å følgje opp kommunestyrevedtak frå 2009-10 og leggje fram nye saker. Av ”nye og store” vedtak i 2011 vil rådmannen særleg nemne:

- Årsrapport og rekneskap 2010.
- Byggjerekneskap: Store avløpsprosjekt (Gaupne, Dale), omsorgsbustader Gaupne.
- Tilstandsrapport for grunnskulen for same år.
- Uttale til Hydro sine kraftutbyggingsplanar i Fortun.
- Uttale til Statkraft sine tilsvarande planar i Jostedal og Vigdalen.
- Uttale til statleg forslag om justert eigedomsskatt på kraftverk.
- Ny strategiplan for vidaregåande opplæring. Uttale.
- Samhandlingsreforma: Folkehelseprosjekt. Søknad.
- Samhandlingsreforma: Utgreie lokal korttidsavdeling og lokalt ØH-tilbod.
- Samhandlingsreforma: Ev lokalmedisinsk senter i Lærdal. Forstudie.
- Sogn barnevern, forvaltningsrevisjon.
- Barnevernet, ny rammeavtale. Kommune - stat.
- Krisesenteret i fylket. Ny organisasjonsløyising.
- Borhaug bustadfelt, Solvorn. Utbyggingsvedtak.
- Rassikring av vegen til Veitastrond, første reguleringsplanvedtak.
- Kommuneplanen, råd for planstrategi.
- Regional planstrategi (fylket). Uttale.
- Masterplan Heggmyrane: Avklare kommunen si(n) rolle og medverknad.
- SeaWalk 1, infrastrukturtilskot.
- Luster bad: Organisasjonsløyising, vedtekter og val, budsjett for 2012.
- Freding av Ormelid..
- Husmannsvesenet; finansiering av muligheitsstudium.
- Budsjett 2012, økonomiplan og planlegingsprogram for 2012.-15.
- Konstituering av nytt kommunestyre osb, jf valet hausten 2011.

Desse vedtaka er dels følgde opp og dels under oppfølging. Sakene er omtalte i årsrapporten.

Av viktige hendingar elles bør nemnast at vi avslutta arbeidet med å rehabilitere Helsesenteret og opna ein ny flott ambulansestasjon i tilknytning til dette. Dessutan opne vi ein ny barnehage med 108 plassar i kommunesenteret.

#### Folketalsutviklinga i Luster

Luster kommune hadde ei positiv folketalsutvikling også i 2011, sjølv om innbyggjartalet dette året berre auka frå 5.023 til 5.026. 5.026 er det høgste nivået som er registrert i Luster i nyare tid. Bakanforliggjande tal viser samtidig avvik i høve "normalen". Auken kom pga. stor nettoinnflytting frå utlandet. Tal fødde og tal døde balanserte i 2011.

#### Kommunestyret – etisk standard

Luster kommunestyre har dei siste åra engasjert seg i fleire saker som vedkjem etisk standard, jf kommunelova sitt krav om dette. Som døme kan nemnast vedtaket om

at både folkevalde og administrative leiarar bør registrere egne verv i KS sitt styrevervregister (2007), vedtaket om å bli Fairtrade-kommune (2009), vedtaket om etiske retningslinjer for dei folkevalde (2009) og vedtaket om å slutte seg til den fylkesdekkande oppreisningsordning retta mot barn som kan ha blitt utsett for overgrep eller omsorgssvikt under kommunal omsorg. I høve sistnemnde ordning gjorde Luster kommune vedtak i høve 2 oppreisningssaker i 2011.

#### Kommunestyret sine styringsmål

I 2008 kåra "Dagens Næringsliv", ved hjelp av data om levestandard, sosiale forhold og tenestetilbod, Luster til landets beste kommune å bu i. Sistnemnde kategori dreier seg stort sett om dei kommunale tenestene. Kommunestyret tok same år til med å formulere egne styringsmål for tenestene. Første års styringsmål (2008) vart oppsummert i årsrapport 2009.

Årets rapport viser i kor stor grad vi greidde å gjennomføre styringsmåla for 2011. Oppsummering - 2011:

Tenesteområde/styringsmål	Nådde vi måla i 2011 ?		
	Ikkje heilt	Så godt som	Og vel så det
Innbyggjarundersøkinga			x 1)
Grunnskulen, eksamen (10 kl)			x
Grunnskulen, nasjonale prøver			x
Grunnskulen, motivasjon	x		
Grunnskulen, trivsel	x		
Helse, tenesteytinga	x		x
Pleie og omsorg, sjukeheimstenesta		x	
Pleie og omsorg, heimetenesta	x		
Sosiale tenester, NAV		x	
Sosiale tenester, barnevernet		x	
Tekniske tenester		x	x
Kultur; bibliotek og kulturskule	x		
Klagesaker m/omgjering		x	
Tilsette - sjukefråvær		x	

1) Gode resultat – med nokre få unntak. Målsettjing var ikkje formulert.

#### Årets temasider

I årets rapport har rådmannen teke inn tverrfaglege temasider om interkommunalt samarbeid, folketal og sysselsetting, folkehelse og kommunen som verksemd og naturarven (prosjekt).

Rådmannen vil avslutningsvis takke kommunestyret for godt samarbeid, både i 2011 og i heile min funksjonstid som rådmann i Luster kommune.

Gaupne, mars 2012.



Tore Eriksen  
Rådmann i Luster



Sogn regionråd. Biletet er teke under samlinga på Vatnahalsen i februar 2012. Frå venstre: Jan Geir Solheim, ordførar i Lærdal, Jarle Aarvoll, ordførar i Sogndal (nestleiar), Noralv Distad, ordførar i Aurland (leiar), Olav Turvoll, varaordførar i Vik, Harald Offerdal, ordførar i Balestrand, Ivar Kvalen, ordførar i Luster, Olav Lunden, ordførar i Leikanger, Arild Ingar Lægreid, ordførar i Årdal.

Luster kommune samarbeider med andre kommunar både nasjonalt, regionalt og lokalt. Denne årsrapporten vil gje ei brei oversikt over dette samarbeidet – med vekt på *Sogn Regionråd* og dei næraste *nordsidekommunane*.

Kommunen sin ”policy” når det gjeld interkommunalt samarbeid har vore og er at vi skal utvikle og drive kjerneområda barnehage, grunnskule, pleie/omsorg og vitale helsetenester sjølv, medan vi på nær sagt alle andre område er innstilt på å gå inn i gode samarbeidsløysingar.

#### Nasjonalt nivå

På nasjonalt nivå er Luster tilslutta KS (tidlegare Kommunanes Sentralforbund), Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) og Norske utmarkskommunar (USS).

#### Fylkesnivået

Luster samarbeider med alle kommunane i fylket om felles innkjøpsavtaler (SFFI). Ordninga vert administrert av fylkeskommunen. Luster var ved inngangen til 2011 part i ca. 30 avtaler innretta mot ulike vare- og tenestegrupper.

Luster kommune og nesten alle kommunane i fylket samarbeider også med fylkeskommunen om ei felles arkivteneste. Hovudfokuset er å ta vare på eldre arkivmateriale.

Luster kommune er tilslutta den fylkesdekkande Alarmsentralen, eit interkommunalt selskap (IKS) der vi også er med på eigarsida. Alle kommunane er tilslutta akuttbiten (brann/ulukke) og stadig fleire, deriblant Luster, nyttar seg no også av tilbodet om tryggleiksalarmar.

Kommunane fekk frå 2010 eit lovpålagt ansvar for å yte tenester til kvinne, menn og barn i krise. For åra 2010-11 imøtekom Luster dette ved å yte driftsstøtte til det fylkesdekkande Krisesenteret i Flora (stifting). Frå 2012 sluttar vi oss til ei ny organisasjonsløysing basert på tenestekjøp frå Flora kommune.

Med verknad frå 2012 vil Luster kommune og vere med å finansiere arbeidet for å få på plass eit nytt fylkesdekkande Senter mot incest og seksuelle overgrep.



#### Sogn Regionråd

Sogn Regionråd står for interkommunalt samarbeid i indre og midtre Sogn. Regionrådet hadde i 2011 sju medlemskommunar og eit sekretariat lagt til Sogndal kommune. Frå 2012 er medlemstalet igjen åtte som følgje av at Årdal har vald å melde

seg inn att. Ordførarane er fullverdige medlemmer, medan rådmennene samarbeider i ei meir driftsretta rådmannsgruppe. Ordføraren vår var leiar i rådet i 2011.

Sogn Regionråd har spelt ei sentral rolle i arbeidet med å få rusta opp Sogndal lufthamn. Det regionale samarbeidet har elles vore tufta på ein del utvalde satsingsområde som også er prioriterte i samarbeidsavtalen med fylkeskommunen om regionale utviklingsprosjekt.

Sogn Regionråd her gjennom åra teke initiativ til og vore med å etablert selskapa SIMAS (IKS), SognLab (AS) og Sogn og Fjordane Revisjon (IKS). Dette er *eigne rettssubjekt* der kommunane har eigardelar i form av aksjar eller innskot. Selskapa har eigne vedtekter, generalforsamling og styre og er såleis uavhengige av regionrådet.



Blant desse selskapa er renovasjonsselskapet SIMAS "flaggskipet". Dei syter for all **handsaming og transport** av hushaldsavfall i kommunane. For næringsavfallet er det private tilbydarar ved sida av SIMAS. I 2010 vart det gjennomført eit eige forvaltningsrevisjonsprosjekt i høve Simas. Ved kommunestyret si handsaming av tilhøyrande rapport, vart det gjort vedtak om at rådmannen i neste kommunestyreperiode (2011-15) skal utarbeide ei eiga eigarskapsmelding for Luster kommune.

Det kommunalt eigde selskapet Sognlab kontrollerer m.a. vasskvaliteten i kommunane våre og har for tida 2 stillingar.

Regionrådet og fylkeskommunen samarbeidde for nokre år sidan om å etablere selskapet Sogn og Fjordane revisjon. Dette selskapet yter i hovudsak finansielle revisjonstenester. I 2011 utarbeidde Sogn og Fjordane revisjon IKS ovannemnde revisjonsrapport i høve Simas (selskapsrevisjon).

Sogn Regionråd står og saman om fleire *tilskotsordningar*:

Den mest sentrale tilskotet gjeld Sogn og Fjordane museum - avdeling De Heibergske Samlingar. Avtalegrunnlaget for dette tilskotet vart fornya i 2009 og alle kommunane, samt Årdal, har no slutta seg til. Ordninga er ikkje tidsavgrensa. Museet vårt (Kaupanger) har ei stor samling frå Luster, både bygningar og gjenstandar.

Regionrådet ytte i 2011 eit tilskot på kr 100.000,- til Njøs Forskingsstasjon (siste året).

I Sogn Regionråd samarbeider vi og gjennom fleire *vertskommuneavtaler*.

Alt i 1999 vart det etablert ei eiga avtale om felles arbeidsgjevarkontroll med Årdal som vert. Ordninga er nært kopla til dei kommunale skatteinnkrevjarfunksjonane og har pr dato 2 stillingar. Samarbeidet har vore vidareført sjølv om Årdal i ein periode har vore ute av regionrådet.

Seinare (2004) vart det inngått ei avtale om miljøretta helsevern i skular og barnehagar, med Sogndal som "vert". Ordninga har pr dato 1 stilling, fysisk lagt til Mattilsynet Sogndal.

For nokre år sidan etablerte regionrådet eit generelt GIS-samarbeid knytt opp mot ein ressurs i Vik kommune, som har eit tett fagleg samarbeid med dagleg leir i regionrådet. Dette samarbeidet løp ut i 2010-11, men er no forlenga. I tilknytning til dette er nokrte nye prosjekt gjeve prioritet, m.a. eit adresseprosjekt og VAR-prosjekt.

I 2010 vart det i regionrådet gjort vedtak om at kommunane våre bør kunne samarbeide om miljøsertifisering av verksemder og bedrifter. Luster kommunestyre gjorde i juni 2010 vedtak om å slutte seg til den utvikla samarbeidsordninga.

Sogn Regionråd har og initiert ein del *avtaler med fylkeskommunen*.

Dette gjeld Norsk Helsenett (auka samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta), SOFIE (skattenett), drift av felles GIS-løysing (geografiske informasjonssystem) og drift av Kommunenett (internetttilgangar). Desse avtalene er inngått direkte mellom Regionrådet og fylkeskommunen og kvar kommune gjer opp for seg anten via rådskontingenten eller direkte.

Gjennom Sogn Regionråd er det og etablert ein del *avtaler med eksterne partar*. Døme:

Avtale om sekretariat for kontrollutvala (PricewaterhouseCoopers AS), kontrollar etter alkohollova (Nordenfjeldske AS), forsikringsavtaler (meklar), GIS/Line (Norkart Geoservice), avtale med Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI) og avtale med Helse Vest om kjøp av farmasøytiske tilsynstenester. Avtalen i høve sals- og skjenkekontrollar vart i 2010 forlenga til september 2012 (opsjon), ordninga i høve kontrollutvala vart forlenga til utgangen av 2012

(opsjon) og avtalen med Helse Vest vart forlenga ut 2011. Dei fleste av desse avtalene har sitt grunnlag i anbod og forhandlingar i regi av Regionrådet. Avtalane vert likevel inngått mellom kvar einskild kommune og dei respektive partar.

Med verknad frå 2012 vert det etablert ein heilt ny avtalestruktur mellom kvar kommune og helseføretaka. Jf. samhandlingsreforma.

Sogn Regionråd står også bak ein del *prosjekt*. Dette gjeld Sats på skulen - snu Sogn, skuleregion Sogn, GIS (geografiske informasjonssystem), Regionalt ungdomsnettverk, Breibandutbygging og Nye heimesider. Alle desse er finansierte og drifta av Regionrådet, dels via kontingenten og dels ved tilskotsmidlar frå stat/fylkeskommune.

Blant desse prosjekta har ”Sats på skulen – snu Sogn” stått sentralt (2006-12). I løpet av 2010-11 vart det lagt til rette for at også barnehagesida kom med. I prosjektet står elles skuleeigarrolla, leiarutvikling og felles fagnettverk sentralt. Luster kommunestyre gjorde i november 2008 vedtak om korleis vi vil følgje opp arbeidet som skuleeigar. Dette resulterte i ein eigen temadag i kommunestyret i 2009. Denne vart følgd opp med tilsvarende dagar i 2010 og 2011.

Arbeidet med nye heimesider stod sentralt i 2009-10. Dette utvikla seg etter kvart til å bli eit samarbeid på nordsida og eit på sørsida av fjorden. Den nye sida vart vart offisielt opna mot slutten av 2010. Kort tid etter vurderte Difi den nye heimesida til terningkast 6.

Det har ei tid vore arbeidd med å utgreie om det bør etablerast eit eige interkommunalt friluftsråd i Sogn (prosjekt). Ved årsskiftet 2010/11 låg det føre eit eige forprosjekt. Våren 2011 bestemte regionrådet at ein ikkje ville gå vidare med dette.

Sogn Regionråd tek og del i ein del *nettverksarbeid*, som t.d. Breibandforum, IKT Helsennettverk og IKT skulenettverk.

I 2010 starta rådmannsgruppa i Sogn Regionråd eit samarbeid med grunnlag i eit utvida lovkrav i høve bedriftshelsetenester. I regionen vår vart det då klårlagt at 5 av kommunane, deriblant Luster, ville gjennomføre eit felles anbod med tanke på eit *tenestekjøp*. Endeleg avtale om eit slikt tenestekjøp kom på plass våren 2011.

### **BLLS – kommunane**

Delar av IKT-funksjonen i Regionrådet er delt mellom ÅLAV (sørsida) og BLLS (nordsida; Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal). Nordsida starta i 2007 eit omfattande samarbeid om utvikling og drift av

diverse IKT-løysingar. Det vart tidleg utarbeidd ein eigen strategiplan (2008-12) og tilsett prosjektleiar. Samarbeidet er omfattande og femner om stadig nye saksfelt/prosjekt.

Nemnde ikt-strategiplan vart revidert i 2011 og gjeld for åra 2011-12. Planen omfattar stadig fleire samarbeidsområde.

Ved årsskiftet 2008/09 starta nemnde kommunar, saman med fylkeskommunen, ein prosess med sikte på å gå over til same økonomi-, personal- og lønssystem. I 2010 vart det gjennomført eit anbod og val av felles leverandør. Det nye systemet vart teke i bruk frå 1.april 2011.

### **Leikanger, Sogndal og Luster**

Kommunane Leikanger, Sogndal og Luster etablerte i 2006 ein interkommunal kulturskule, Sogn kulturskule, med Leikanger som vert. Samarbeidet vart evaluert i 2008 med relativt gode resultat. I 2009 vart det konkludert med at tilhøyrande distriktsmusikarordning skal vidareførast, men då med eit breiare geografisk arbeidsfelt.

I 2007 vart det mangeårige jordmorsamarbeidet mellom Leikanger, Sogndal og Luster utvida.

I 2008 etablerte dei same kommunane eit felles ”Sogn barnevern”. Sogndal er vert. Målet er at kommunane skal få ei meir robust teneste og at det skal vere ein viss distanse mellom det nye kontoret/dei tilsette og dei som treng hjelp. Det nye kontoret har så langt fungert godt. Ved årsskiftet 2010/11 gjennomfører KPMG, på oppdrag frå kommunestyra, eit forvaltnings-revisjonsprosjekt i høve Sogn barnevern. Dette gav grunnlag for visse forbetringstiltak. Balestrand kommune slutta seg i 2011 til nemnde samarbeid.

På det tekniske området inngjekk Luster i 2007 ei ny 5-årig avtale med Sogndal og Leikanger om sal av feietenester. Avtalen ga grunnlag for to heile stillingar og vinstar når det gjeld det faglege, kvaliteten i tenesta og arbeidsmiljøet.

Ved årsskiftet 2008/09 vedtok Luster kommunestyre at vi skulle greie ut og søkje samarbeid med Leikanger og Sogndal innan oppmåling, byggesakshandsaming og teknisk drift. Investeringar i større maskinar skulle også utgreiast. Kommunestyret fekk ei førebels ”løypemelding” hausten 2009. Det vart då prioritert å gjennomføre eit prosjektarbeid i høve etablering av eit ”Sogn brann og redning IKS”. I løpet av prosjektarbeidet melde også Balestrand og Vik seg på. Alle fem kommunane gjorde i desember 2010 endelege



vedtak om å skipe selskapet og det vart vedteke både ein etablerings- og ein selskapsavtale. Det vart også tilsett felles brannsjef. Det nye selskapet konstituerte seg i januar 2011 og representerte då det største brannsam arbeidet i fylket. Ovannemnde samarbeid om feietenester vart integrert i det nye brannsam arbeidet. Det same skjer i 2012 med visse tilsynstener på byggjesakssida.

Luster kommunestyre vedtok i mars 2008 å byggje eit regionalt bade- og symjeanlegg i Gaupne. Leikanger og Sogndal er tidlegare utfordra til å yte investerings-/driftsstøtte. Leikanger stilte seg positiv, men har seinare gått tilbake på dette. Sogndal har meldt at ein yter eit investeringstilskot på kr 300.000,-. Luster kommunestyre vedtok i september 2009 eit tilhøyrande forprosjekt. Fram til sommaren 2010 vart det gjennomført detaljplanlegging og anbod og arbeidet starta sommaren 2010 med Sogn Entreprenør som hovudentreprenør. Anlegget vil stå ferdig i 2012.



### **Sogndal og Luster**

Frå 2006 har Luster og Sogndal drive ”Reisemål Sogndal og Luster AS”. Kommunane yter årlege tilskot. Luster er inne på eigarsida og selskapet vert administrert frå Gaupne. Reisemålsselskapet er medeigar i selskapet Visit Sognefjord AS, der heile reiselivet i Sogn samarbeider om marknadsføring og sal.

### **Annan interkommunal aktivitet**

Luster kommune er med på eigarsida i Sognekraft (knappt 7 %). Selskapet har hovudkontor i Vik, eigen produksjon i Årøy og Vikfalli og nettkonsesjon i Balestrand, Vik, Leikanger og Sogndal. Luster Energiverk eig knapt 13 % i Sognekraft og Luster kommune eig igjen knapt 18% av aksjane i Luster Energiverk.

Luster kommune er, saman med kommunane i Sogn og fylkeskommunen, med på eigarsida i ”Sogneprodukter”, med hovudkontor i Vik. Dette er ei bedrift med verna arbeidsplassar som også har arbeidstakarar utplassert i kommunane hjå ulike arbeidsgivarar.

Eit tilsvarende arbeidsområde ligg under vårt eige ”Luster Arbeidssenter A/S” - som også bistår nabokommunane.

Luster kommune har tett og delvis prosjektbasert samarbeid med både fylkeskommunen og fylkesmannen innan områda bygdeutvikling og naturbasert næringsutvikling. Både Jostedal, Sørsida/Ornes og Veitastrand er/har vore aktivt med i utviklingsarbeid.

Luster kommune har elles hatt mange oppgåver og prosjekt saman med fylkeskommunen og andre kommunar om t.d Kulturhuset, Storhallen, Fosshaugane Campus, Fjærlandsvegen, Fatlatunnelen og leige/bruk av skulebygget på Hafslø.

### **Samhandlingsreforma**

Regjeringa la i juni 2009 fram ei eiga stortingsmelding (nr 46) kalla ”Samhandlingsreforma”, der ein la opp til nye grensnitt mellom kommunane og helseføretaka og fleire nye kommunale oppgåver. I løpet av 2011 er reforma konkretisert med tanke på verknad frå 2012. Luster kommune fekk i 2011 starta opp eit større folkehelseprosjekt saman med Sogndal og Leikanger. Vi tek og del i første fase av arbeidet med å greie ut eit ev. Sogn lokalmedisinsk senter i Lærdal.

## Folketal og sysselsetjing

### Folketalsutviklinga

Folketalet i Luster kommune auka med 3 personar i 2011. Dei tre siste åra har såleis folketalet i kommunen auka med 147 personar.

Statistisk Sentralbyrå sin statistikk syner slik utvikling av folketalet i Luster:

Årstal/dato	Innbyggjarar
01.01.70	5126
01.01.80	5102
01.01.90	5172
01.01.00	5003
01.01.01	4955
01.01.02	4966
01.01.03	4926
01.01.04	4924
01.01.05	4927
01.01.06	4889
01.01.07	4884
01.01.08	4870
01.01.09	4879
01.01.10	4945
01.01.11	5023
01.01.12	5026

I 2011 flytta 134 personar til Luster kommune, medan 129 personar flytta ut. Det var 53 fødselar i Luster dette året, medan 54 personar døydde.

I år 2000 budde det i Luster kommune 65 innflyttarar frå Europa, 6 frå Afrika, 11 frå Asia og 6 frå Nord-Amerika. I 2010 budde det 65 innflyttarar frå Europa, 11 frå Afrika, 11 frå Asia og 7 frå Nord-Amerika.

Luster kommune hadde i 2008 1,4% av folkesetnaden med vestleg innvandrarbakgrunn. På landsbasis var denne prosenten 2,4. Luster hadde 1,4% av folkesetnaden med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn i 2008, på landsbasis var denne prosenten 7,2.

I 2009 var det 103 menn pr 100 kvinner i aldersgruppa 20-39 år. Tilsvarende for landet var 104.


I Luster kommune bur det 1,8 personar pr km<sup>2</sup>, medan talet for landet er 15,1.

### Krinsfordelinga

Utviklinga internt i kommunen viser relativt store endringar. I 1980 var det 1.572 innbyggjarar i Gaupne og på Hafslo (31%) og 3.519 innbyggjarar i resten av kommunen (69%). I 2009 var tala endra til 2.477 i Gaupne og på Hafslo (51%), medan resten av kommunen hadde 2402 innbyggjarar (49%).

Folketalsutviklinga på grunnkrinsnivå for perioden 2000 - 11:

Krins	2000	2011	Endring
Mørkrid	15	19	4
Bjørk	74	59	-15
Fortun	105	82	-23
Bolstad	239	210	-29
Fjøsne	10	4	-6
Kvåle	112	107	-5
Dalsdalen	42	37	-5
Dale	207	180	-27
For	83	68	-15
Flahamar	126	132	6
Nes	186	175	-11
Kroken	46	34	-12
Sørheim	29	22	-7
Breheimen	2	0	-2
Hurrungane	0	0	0
Ornes	66	47	-19
Solvorn	213	216	3
Joranger	234	221	-13
Fet	202	165	-37
Ugulen	88	72	-16
Molland	35	47	12
Galden	222	438	216
Kjos	441	449	8
Beheim	212	184	-28
Alme	290	275	-15
Heggestad	156	114	-42
Mjølvordal	35	22	-13
Krundal	136	142	6
Kreken	103	96	-7
Sperle	88	82	-6



I 2009 var 37,7% av dei sysselsette i Luster i offentlig forvaltning, for landet var talet 29,6%.

Det er viktig å få ei god utvikling av næringslivet i kommunen. Tilgang til arbeid er eit av hovudargumentet for dei fleste med omsyn til val av framtidig buplass. Skil Luster halde på dei relativt store ungdomsgruppene som veks opp no, er utvikling av ein differensiert arbeidsmarknad ei sentral arbeidsoppgåve.

### Arbeidsmarknaden

I år 2000 arbeidde 342 lustringar i Sogndal, 73 på Leikanger og 50 i Årdal. I 2009 var tilsvarande tal 450, 98 og 49.

Arbeidsstyrken går også andre vegen. 99 personar frå Sogndal og 12 frå Leikanger arbeidde i Luster i år 2000. I 2009 var tilsvarande tal 151 og 24.

Myklemyr	88	78	-10
Alsmo/Dalane	60	44	-16
Rønneid	109	102	-7
Gaupne	520	617	97
Sandvik	409	481	72

Kommunane i Sogn			
Folketalutvikling i sognekommunane frå 1.01 2001			
– 1.01.2012 var slik:			
	01.01.01	01.01.12	%-endring
Sogndal	6647	7348	+ 9,5
Leikanger	2188	2236	+ 2,1
Luster	4954	5026	+ 1,4
Lærdal	2201	2205	+ 0,2
Årdal	5760	5572	- 3,3
Vik	2943	2748	- 6,6
Aurland	1827	1712	- 6,3
Høyanger	4653	4216	- 10,4
Balestrand	1530	1338	- 12,5


### Sysselsetjinga

Oversyn over heilt arbeidslause i Luster syner eit gjennomsnitt på nær 100 i fyrste halvdel av nittitalet. Frå denne perioden og fram til i dag har arbeidsløysa gått vesentleg ned. 1.01.12 var 43 personar ledige i Luster kommune. Dette utgjer 1,7 % av arbeidsstyrken. Det var 44 personar ledige ved førre årsskifte.

I 2009 var 73% av befolkninga 15 - 74 år i Luster sysselsette. Talet på landsbasis var 70%.

Tabellen syner at aksene Leikanger - Sogndal - Luster har hatt best folketalutvikling siste tiåret. Dei kommunane som ligg lengst borte frå den regionale arbeidsmarknaden har " dårlegast " utvikling.

Fødde/døde i Luster											
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Fødde	52	51	65	54	59	50	54	66	47	46	53
Døde	67	69	65	54	55	54	47	46	59	42	54
Fødselsoverskot	- 15	- 18	0	0	+ 4	- 4	+ 7	+ 20	- 12	+ 4	-01
Flyttetotal for Luster											
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Innflytting	172	110	122	135	107	147	106	106	182	184	134
Utflytting	140	132	120	134	149	148	128	117	103	117	129
Nettoinnflytting	30	- 22	+ 2	+ 1	- 42	- 1	- 22	- 11	79	67	5



# Kommunen som verksemd

## Tal årsverk og tilsette:

	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette	Tal årsverk	Tal tilsette
	Pr 31.12.08		Pr 31.12.09		Pr 31.12.10		Pr. 31.12.11	
Stab	32,1	35	33,10	35	36,00	39	36,30	40
Teknisk drift	41,9	54	41,64	49	40,64	49	38,57	46
Barnehagar	61,4	72	62,18	73	66,81	80	64,89	83
PPT	3,3	4	3,25	3	3,1	4	3,10	4
Grunnskular	94,7	111	105,31	120	108,36	126	110,06	134
Helse	19,6	25	20,37	31	20,37	28	20,37	28
Sjukeheimsteneste					87,91	140	87,52	136
Heimeteneste					72,00	104	75,18	125
ATS	5,4	7	5,40	8	5,40	8	5,40	8
Næring	1	1	1,00	1	1,00	1	1,00	1
Landbruk mv	5,3	6	5,00	6	5,00	6	5,00	6
Bibliotek	2	4	2,00	5	2,00	5	2,00	5
Prosjekt bygdebok	1,7	1	1,70	1	1,70	1		
<b>Sum tal årsverk</b>	<b>439,3</b>	<b>593</b>	<b>454,35</b>	<b>617</b>	<b>456,22</b>	<b>622</b>	<b>449,39</b>	<b>616</b>

*Kommentar: 37 tilsette (2011) arbeider ved fleire arbeidsplassar og er dermed talt to gonger.*

### Luster kommune sitt kvalitetssystem (LKK):

LKK vart innført i 2009 og føremålet er gode system for dokumentstyring, kvalitetssikring/ internkontroll, kvalitetsstyring og kvalitetsutvikling. Viktige element i LKK er:

- Felles startside med ein inngang og søkemotor til alle dokument, skjema m.v.
- Alle prosedyrar og instruksar.
- Registrering og oppfølging av uønska hendingar.
- Elektronisk sjekklistesystem.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS analyse).

Som ei vidareutvikling av LKK, vart det i 2011 innført eit system med kvartalsvise rapportar som syner detaljar i høve dei ulike elementa i LKK.

### Eksterne tilsyn

Ein del av arbeidet med kvalitetssikring/internkontroll skjer ved eksterne tilsyn, revisjonar og kontrollar. I 2011 vart det gjennomført 13 slike;

#### Arbeidstilsynet:

- Tilsyn med utleige og innleige av arbeidskraft.
- Byggherreforskrifta: Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø.

#### Fylkesmannen:

- Bruk av alternativ opplæringsarena i grunnskulen.
- Tilsyn med sosiale tenester i Luster kommune

#### Miljøretta helsevern indre Sogn:

- Systemrevisjon av "Forskrift om miljøretta helsevern i skoler og barnehagar" ved:
- Gamlestova barnehage, Hafslo barne- og ungdomsskule, Gaupne skule, Hafslo barnehage, Jostedal skule, Dale skule.

#### Mattilsynet:

- Tilsyn med vassverk\_

#### Kommunen sitt kontrollutval:

- Forvaltningsrevisjon - Sogn barnevern
- Forvaltningsrevisjon - Luster kommune sitt kvalitetssystem

### Faste kartleggingar:

Kartlegging av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet er ein viktig del av kvalitetsarbeidet. Dette vert gjort gjennom følgjande faste tiltak i kommunen (jf. årshjulet):

- Medarbeidarundersøking kvart andre år (neste i 2012).
- Årlege medarbeidarsamtalar.
- Årlege vernerundar.
- Kvartalsvis sjukefråværsstatistikk og sjukefråværsoppfølging

### **Organisasjonsutvikling:**

Det vert arbeidd kontinuerleg med utvikling av organisasjonen. Følgjande tiltak kan nemnast:

- Oppfølging av vedtaket om etablering av 5 oppvekstsenter (opning i august 2012).
- Oppfølging av helse- og omsorgsplan og tiltak for å møte samhandlingsreforma.
- Opptak og deltaking i det nasjonale programmet "Saman om ein betre kommune."
- Oppfølging av tilstandsrapporten for grunnskulen.
- Innføring av nytt løns-, økonomi- og personalsystem.
- Omlegging av administrasjonsnettet til Microsoft 2008 (stor domeneomlegging).
- Omlegging av skule-/barnehagenettet og overgang frå skulelinux til Microsoft 2008.
- Overgang frå open Office til Microsoft Office.
- Oppgradering av telefoninettet og utskifting av telefonsentralar - alle sentralar er no kopla saman med fiber og all intern telefoni går over eigen fiber.
- Innføring av nytt turnussystem i pleie og omsorg (Notus).
- Heimekontor for legane med moglegheit for at legane ved sikker oppkopling kan jobbe på sensitivt nett heimafrå.
- Utarbeiding av ny regionale (BLLS) IKT- strategi for 2011-12.

### **Kompetanseutvikling:**

Arbeidet med kompetanseutvikling vert i hovudsak styrt av *Plan for kompetanseutvikling*, men det vert òg gjennomført mange einingsvise tiltak. Viktige overordna tiltak som er starta opp og/eller gjennomført i 2011 er:

- Einingsleiarar og mellomleiarar frå Luster sjukeheimsteneste, Luster heimeteneste, helse og ATS har som eit ledd i oppfølginga av Helse- og omsorgsplanen arbeidd med leiarutvikling gjennom m.a. fleire leiarsamlingar
- Leiarar og tilsette i Luster sjukeheimsteneste og Luster heimeteneste har gjennomført opplæring i sakshandsaming i høve ny lov om kommunal helse- og omsorgstenester (krav om utredning, handsaming av klager, internkontroll mm).
- Opplæring i nytt løn, økonomi og personalsystem og nytt turnusprogram.
- Desentralisert grunnutdanning i vernepleie (3 stk).
- Etterutdanning innan ulike fag som lindrande behandling, slagbehandling og akuttsjukepleie i kommunchelsetenesta (8 sjukepleiarar).
- Etterutdanning i miljøterapi og pedagogikk (3 miljøpedagogar).
- Internopplæring i ABC demens.(65 tilsette innan sjukeheim og heimeteneste).
- Etterutdanning i geriatri (2 fysioterapeutar).
- Rektor-/styrarutdanning (1/8 stk).
- Vurdering for læring – nasjonalt prosjekt (40 lærarar)

- Aktivt bruk av leseprogram (8 stk, ein frå kvar grunnskule).
- Klasseleiing (18 stk frå Luster ungdomsskule).
- Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling (PALS)
- 3-årig prosjekt, 2008-2011 (6-7 stk frå Dale skule, 25 stk frå Hafslo barne- og ungdomsskule)


### **Helse, miljø og tryggleik (HMT):**

Det vert gjennomført HMT-tiltak på to nivå: overordna og i einingane. I sum vert det gjort mykje godt HMT arbeid. Av overordna tiltak gjennomført i 2011 kan følgjande nemnast:

- Ny avtale med Sogn bedriftshelseteneste.
- Tilbod om influensavaksine til alle tilsette. Ca 80 tilsette tok vaksine.
- Permisjon med løn for å delta i mammografiprogrammet. Ca 117 tilsette har nytta seg av tilbodet (kvinner over 50 år).
- Økonomisk støtte ved kjøp av årskort til ca 130 personar ved Luster treningssenter og 15 personar på Hafslo (hausten 2011).
- Treningsprosjekt ved Luster treningssenter for tilsette i Gaupne og Grandmo barnehagar. Ca. 20 personar deltok.
- Sjukefråværsprosjekt ved Luster treningssenter. Treningsopplegg/behandling inntil 3 md. som eit førebyggjande/restaurerande tiltak. 23 tilsette deltok på dette opplegget i 2011.
- AMU- tilskot til 6 einingar for gjennomføring av eit sosialt/fagleg opplegg for sine tilsett.
- Lovpålagd 40 timarskurs med 11 deltakarar frå Luster kommune.
- Deltaking på arbeidsmiljødagen og støykurs.
- Tilretteleggingstilskot frå NAV til førebyggjande og restaurerande tiltak.
- Arbeidsplassvurderingar i regi av Sogn bedriftshelseteneste ved m.a. einingar i rådhuset og ved Gaupne omsorgssenter. Dette gjev grunnlag for kjøp av utstyr der delar av kostnad vert dekkja gjennom tilskot frå NAV (etter søknad).
- Samarbeid med NAV, Luster arbeidssenter og Sogneprodukter AS om arbeidsutprøving for 22 personar. Kommunen er tiltaksarrangør og tiltaka vert finansierte gjennom tilskot.
- Julegåve til alle tilsette.

## Sjkefråvær:

Oversikten under viser utviklinga i gjennomsnittleg sjukefråvær samanlikna med KS-området:



\* KS-tala er pr 3. kvartal 2011

### Oppfølging av sjukefråvær:

Som IA-verksemd arbeider Luster aktivt med førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Frå 01.07.11 kom det lovendring om tidligare oppfølging av sjukemelde. Dette har ført til ein auke i tal oppfølgingsplanar og dialogmøte:

- Tal individuelle oppfølgingsplanar: 91
- Tal dialogmøte 1: 17
- Tal dialogmøte 2: 9
- Tal dialogmøte 3: 1.

### Lærlingar

I 2011 vart det teke inn ny lærling i faget IKT. I tillegg skal 6 lærlingar, inntekne i 2010, avleggja fagprøven våren 2012. I faget IKT har ei lærling avlagt fagprøve i feb.-12 med svært godt resultat. I tillegg har det vore lærlingar inne på særskilde vilkår i faga institusjonskøkk og barne- og ungdomsarbeidar (samarbeid med Sogneprodukter AS).

### Sommarjobbar for 16- og 17 åringar

Kommunen innførte i 2007 ei ordning med sommarjobbar for 16- og 17-åringar. Føremålet er at ungdomane skal få kjennskap til nærings- og arbeidslivet i Luster. 10 ungdomar vart tilsette i sommarjobbar i kommunen i 2011 og det vart tildelt kommunalt tilskot til 49 sommarjobbar i private verksemdar. Med tilskot på kr 3 000 pr. sommarjobb, vart samla tilskot kr 147 000. Av tilskota til private verksemdar, gjekk 19 til landbruket (mest gjennom Landbrukstenester Sogn), resten til industri, handverk og tenesteyting. Samla kostnad alle tiltaka; ca. kr 336 000.

### Seniorpolitikk og livsfasetilpassing

Arbeidet med å auke den reelle pensjonsalderen har fått meir tyngde etter at det i 2007 vart teke i bruk eigne seniortiltak. I 2009 gjorde kommunestyret i sak 79/09 ei evaluering av seniortiltaka i kommunen, og det vart vedteke ei vidareføring av tiltaka, men med følgjande endring: "Tiltak 2: Redusert arbeidstid og tiltak 3: Ei ekstra ferieveke vert slegne saman til eit nytt tiltak 2: Redusert arbeidstid utan reduksjon i løn." Etter dette

vart tiltak frå 01.08.11 i form av redusert arbeidstid utan lønsreduksjon gitt som friveke(r) med løn, jf. figur:

43 tilsette er i perioden 01.08.2011 – 31.07.2012 tildelt følgjande seniortiltak:



\* Tilrettelegging på arbeidsplassen: Det er sett av i alt kr 80 000 til tilrettelegging på arbeidsplassen i sjukeheimstenesta og heimetenesta. Tilretteleggingstilskot vert tildelt etter søknad på konkrete tiltak.

### Pensjon

11 tilsette tok ut heil eller delvis AFP i 2011, dvs. 9 færre enn i 2010. Alderspensjon vart teke ut av 1 person i KLP-systemet. 3 fekk innvilga uførepensjon og 4 vart ført over til NAV på arbeidsavklaring. (personar som har vore sjukmelde i 1 år). Desse personane vil som oftast ha sjukepermisjon utan løn i inntil eitt år.

### Likestilling - likeløn

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Avtaleverket har ein kombinasjon av sentralt fastsett minsteløn, fastsetjing av løn i lokale lønsforhandlingar og fastsetjing av løn ved tilsetjing. Mange store yrkesgrupper i kommunen har avlønning i høve til sentralt fastsett minsteløn/ stigar, ev. med endringar gjort i lokale forhandlingar. Andre får si løn fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane.

Ved tilsetjing i einstilte stillingar vert det gjeve "løn etter avtale". Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå, kompetanse, rekrutteringsbehov, krav frå søkjar osv. Løn er i 2011 nytta for å rekruttere og stabilisere kritisk kompetanse. Lønsfastsetjinga og lønsutviklinga i kommunen er i stor grad regulert av hovudtariffavtalen (HTA) som har følgjande inndeling og føringar:

#### Stillingar i HTA kap 4 - sentral lønsfastsetjing + lokale lønsforhandlingar:

I kap. 4 finn ein ca. 400 stillingsheimlar, dvs. 88% av i alt 455 stillingsheimlar i kommunen. Tilsette i HTA kap 4B - gjennomgåande stillingar og 4C - undervisningspersonale er i all hovudsak løna på sentralt fastsette minstelønstabellar, og løns plassering for desse er såleis lik for kvinner og menn.

I nokre stillingskodar i HTA 4B har det utvikla seg eit system med stor grad av lokal lønsfastsetjing. Dette gjeld i særleg grad fag- og arbeidsleiarstillingar i pleie/ omsorg og teknisk drift, og sakshandsamarstillingar på

fleire tenesteområde. Samla sett er gjennomsnittsløna i desse gruppene tilnærma lik for kvinner om menn (0,2 % høgare for menn enn for kvinner).

I mellomoppgjeret i 2011 vart det gitt sentrale tillegg i kap 4 på i gjennomsnitt 1,7% pr. 1.05. Lønstillegget omfattar regulering av minstelønssatsane og generelt tillegg for tilsette som ikkje ligg på minstelønssstigane.

*Stillingar i HTA kap 5 - berre lokal lønsfastsetjing:*

Dette gjeld sakshandsamarstillingane 8084 Ingeniør og 8530 Rådgjevar (legestillingar er her haldne utanfor). I desse gruppene er gjennomsnittsløn for menn 4,5 % høgare enn for kvinner.

*Leiarstillingar – HTA kap 3 - berre lokal lønsfastsetjing:*

Dette gjeld einingsleiarstillingane 9451 Leiar og 9951 Rektor. Her er gjennomsnittsløn for menn 11,2 % høgare enn for kvinner. Grunnen til dette er at løna for styrarar i dei mindre barnehagane dreg gjennomsnittsløna for kvinnene ned. Til samanlikning ligg gjennomsnittleg løn for tre kvinnelege rektorar ca. på gjennomsnittsløn for menn i kap. 3-gruppa.

Det vart i 2011 gjennomført lokale lønsforhandlingar i HTA kap 3 og 5 der lønsutviklinga i HTA kap 4 har vore retningsgevande.


Rådmannen vurderer det slik at det som har skjedd ved lønsoppgjeret (mellomoppgjeret) i 2011 ikkje i vesentleg grad har endra lønsforholda mellom kvinner og menn i høve til

det som er lagt fram i årsrapporten for 2010.

**Kjønnsfordeling og alderssamansetjing**

Av totalt 579 tilsette er 470 kvinner og 109 menn.


Aldersfordeling:



*Kommentar til tabellen: Som ein ser ligg hovudtynga av tilsette i alderen 40-59 år, men vi har og ei forholdsvis stor gruppe i alderen 60 – 70 år. Kommunen må arbeide både med å leggje til rette for at fleire kan arbeide så lenge som mogleg og arbeide i høve til rekruttering I prosjektet "Saman om ein betre kommune", er eit av delmåla å lage til ein plan for rekruttering og kompetanse.*


**Kjønnsfordeling etter arbeidsplassar**

Fordeling kvinner og menn ved dei ulike einingane:




*Kommentar til tabellen: Det er ei klar skeivfordeling i høve kjønn med 82 % kvinner og 18 % menn, men dette er vanleg i kommunane. Kommune ynskjer å få inn fleire menn innan fleire einingar som t.d. skule og barnehage. I stillingsannonser (barnehage og skule) vert menn oppmoda om å søkje.*

**Leiarstillingar – kjønnsfordeling:**



**Permisjon/ redusert stilling:**



*Uttak av uløna permisjon i tillegg til lovfesta permisjon. Figuren viser at det stort sett er kvinner som tek permisjon utover den løna foreldrepermisjonen.*

## Uønska deltid

Stillingsprosent – kjønnsfordeling:

Stillingsprosent	Kvinner		Menn	
	2010	2011	2010	2011
0- 24,99 %	27	27	3	4
25 - 49,99 %	23	18	4	3
50 - 74,99 %	135	136	15	14
75 - 99 %	140	153	6	4
100 %	130	133	84	87
<b>Totalt</b>	<b>455</b>	<b>467</b>	<b>112</b>	<b>112</b>

Oversikt over tal nytilsette og tal tilsette som har fått auka stilling:

Tenesteområde	Nytilsetjingar	Utvidingar	Nytilsetjingar	Utvidingar
			2010	2011
Pleie og omsorg	3	30	27	48
Teknisk drift	3	3	3	1
Biblioteket			1	
Skule	14	18	3	1
Barnehage	14	13	2	11
Helse	1	1		
ATS			2	2
Stab		1	2	1
Landbruk, naturforvaltning		1	2	
PPT	1			
<b>Sum</b>	<b>36</b>	<b>67</b>	<b>42</b>	<b>64</b>

Resultat frå kartlegging av uønska deltid gjennomført 01.09.11 - 21.09.11:

Eining	Stilling	Tal personar	Villig til å arbeide ved anna arbeidsstad		
			Ja	Nei	Veit ikkje
<b>Barnehage:</b>	Førskulelærer	2	1		1
	Assistent	3	2		1
	til saman:	<b>5</b>			
<b>Heimeteneste:</b>	Sjukepleiar	1			1
	Hjelpepleiar	8	2	4	2
	Omsorgsarbeidar	1			1
	Heimehjelp	1		1	
til saman:	<b>11</b>				
<b>Sjukeheimsteneste:</b>	Sjukepleiar	2	1		1
	Kokk	2	2		
	Hjelpepleiar	10	1	2	7
	Assistent	4	1	2	1
til saman:	<b>18</b>				
<b>Sum totalt</b>		<b>34</b>	<b>10</b>	<b>9</b>	<b>15</b>

Definisjon på uønska deltid i Luster kommune følgjer av retningslinjer vedtekne i ADU:

- Arbeidstakarar som arbeider deltid i dag
- Arbeidstakarar som ynskjer lengre avtalt arbeidstid
- Arbeidstakarar som er klar til å starte opp i løpet av fire veker
- Arbeidstakarar som har aktivt gjort noko for å skaffe seg meir arbeid

Kommentar: Tal tilbake til 2007 syner at dei siste 5 åra har ca. 60 tilsette fått utvida stilling kvart år.

Av 34 tilsette som har registret at dei ynskjer større stilling, kjem 10 tilsette inn under definisjonen av uønska deltid. Pr. 1.01.11 var det 622 fast tilsette i kommunen. Kartlegginga viser at 1,7 % (10) av desse arbeider i uønska deltid. Av desse er 3 innan barnehage, 2 innan heimetenesta og 5

innan sjukeheimstenesta. Andre som ynskjer større stilling oppgjev vilkår som gjer at dei fell utafør definisjonen.

Etter kartlegginga har det vore utlyst fleire større stillingar, m.a. innan sjukeheimstenesta og heimetenesta. Fleire av dei tilsette som har kryssa av for at dei ynskjer større stilling og uttalte at dei var villige til å arbeide ved annan arbeidsstad enn i dag, var ikkje søkjarar på desse ledige stillingane.



Luster kommune vart i 2010 inkludert i Direktoratet for Naturforvaltning sitt satsingsprogram "Naturarven som verdiskapar" som eitt av 15 prosjekt. Programmet varer ut 2013 og har som mål å auke verdiskapinga knytt til verneområda og naturområda i kommunen. Verdiskaping har i programmet fått ein brei definisjon og omfattar både økonomisk, sosial, kulturell og miljøvenleg utvikling. Prosjektet i Luster skil seg frå mange av dei andre prosjekta i programmet ved å ha særskilt fokus på denne breie definisjonen av verdiskapingsomgrepet. Lokal medverknad står heilt sentralt i dette fokuset.

Kommunen tilsette eigen prosjektleiar i 100% stilling frå januar 2011. Prosjektet er finansiert av Direktoratet for naturforvaltning, Luster kommune, fylkesmannen og fylkeskommunen.

#### Måla til prosjektet

Prosjektet tek sikte på å realisera følgjande mål i løpet av prosjektperioden:

##### *Kunnskap*

Det skal opprettast læringsarenaer knytt til natur- og kulturverdiane for både lokale næringsaktørar, lokalbefolkning, grunnskulen og turistar.

##### *Samarbeid*

Det skal etablerast eit eller fleire nettverk i kommunen for utviklingsarbeid og/eller merkevarebygging innan natur og kulturbasert næring.

##### *Verdiskaping*

Det skal etablerast både stadeigne og overgripande strukturtiltak som skal betre det sosiale tilbodet og auke lønnsmda for lokalt næringsliv, både direkte og indirekte.

#### Dei ulike delprosjekta

Prosjektet er delt inn i fleire delprosjekt med ulike tema. Nokre delprosjekt har konkrete tiltak som skal gjennomførast, medan andre har ein meir open struktur. Nedanfor omtalast dei viktigaste punkta i delprosjekta ved årsskiftet 2011/12.

##### *Delprosjekt Kunnskap*

Fokus på formidling av kunnskap om natur- og kulturverdier til ulike målgrupper.

Tiltak i 2011: Bygdevertskurs for verksemdar og lokalbefolkning, billege aktivitetskurs for ungdom, sommarnaturskule for born i skuleferien, naturfotoprojekt i skulen og samarbeid med Brefestivalen om kunnskapsseminar. Det var også ein

delegasjon på 10 personar frå Luster som drog til Sveits med NCE for å lære om vandreturisme. I 2012 held me fram med mykje av dei same satsingane.

##### *Delprosjekt Infrastruktur*

Fokus på tilrettelegging og formidling av turmogelegheiter.

Tiltak i 2011: Totalt 10 lag/organisasjonar fekk midlar til merking og gradering av 59 turløyper etter ny nasjonal standard. Ny runde i 2012 med mål om at alle bygder vert involvert og at merkinga involverer sykkel. I 2012 byrjar også prosessen med turkart og turinformasjon på nett. Skjolden bygdelag byrja hausten 2011 arbeidet med å kople Skjolden og Fortun saman med tursti/ sykkelveg. Spelemiddelsøknad er sendt inn for medfinansiering. Naturarvprosjektet samarbeider dessutan med Nasjonal Turistveg om utvikling av områda kring Vassbakken/Åsafossen og Fortun. Breheimsenteret fekk utarbeida turguide for Jostedalen. Gjennom "Stølsnatt" fekk tre stolar utarbeida kostnadsoverslag for restaurering med tanke på utleige. Me håpar ordninga vert meir nytta i 2012.

##### *Delprosjekt Tematurisme*

Auka satsing på tematurisme gjennom betre samhandling og informasjon.

Tiltak 2011: Eit tilbod om gratis testturar hjå aktivitetsverksemdene gjekk ut til heile reiselivet i kommunen. Ordninga vart lite nytta og må revurderast i 2012. Truleg vert det endringar her.

##### *Delprosjekt Menneske i landskap*


Kunstrundreise med utgangspunkt i nasjonalromantiske måleri frå Luster. Desse skal igjen nyttast til formidling av kulturhistorie og endringar i landskap og klima.

Tiltak 2011: Planleggingsgruppe med lokale aktørar har byrja kartleggingsarbeidet. 8-10 måleri/lokalitetar skal identifiserast og før sesongen 2013 etablerast som stoppestader kring i kommunen.


##### *Delprosjekt Lause midlar*

Eigen pott sett av til gode innspel som supplerer dei andre delprosjekta.

Tiltak 2011: Sommarnaturskule, naturfotoprojekt og ekstra midlar til merking og gradering vart løyvd i frå denne potten i 2011. Etter ønske frå Direktoratet for naturforvaltning vert potten redusert i 2012.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.




NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

Kommunestyret:	29/25
Formannskap/næringsutval:	7
Plan- og forvaltningsstyre:	7
Adm.utval:	3 + 2
Kontrollutval:	5

# Folkevalde

## Politisk organisering

Organisering vedteke frå konstitueringa hausten 2007



### Politisk organisering

Figuren under viser den politiske organiseringa frå konstitueringa i 2007, jf vedtak i k-sak 34/07 "Politisk styringsmodell, justeringar".

### Overordna mål

- Gje dei folkevalde arbeidsforhold slik at alle i kommunen har høve til å delta i lokalpolitikken.
- Sikra gode avgjerdsprosessar og effektiv fordeling av oppgåver ved hjelp av delegering og klare retningslinjer.
- Leggje til rette for at politiske organ får frigjort tid til overordna oppgåver.
- Sjå til at Luster kommune i alle samanhengar opererer innafør gjeldande regelverk og nyttar fellesskapet sine midlar på ein effektiv og god måte.

- Arbeide godt med alle saker som måtte kome frå kommunen sine kontrollorgan.
- Styrke det interkommunale samarbeidet, både gjennom Sogn regionråd og på nordsida av fjorden.

### Etiske reglar

I følge kommunelova § 5 skal årsrapporten m.a. "redegjøre for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten."

Luster kommunestyre har dei siste åra engasjert seg i fleire saker som vedkjem etisk standard:

- I 2007 gjorde kommunestyret vedtak om at både



Ungdommen sitt kommunestyre kan vere godt nøgde med arrangementet sitt på Hafslø. Frå venstre LNU Flemming Idsø, Julia Rosenlund, Kine Kvam Fjøsne, Espen Sleppen Josvanger og barneombod Reidar Hjermann.

folkevalde og administrative leiarar burde registrere egne verv i KS sitt styrevervregister. Svært mange har følgd opp dette. Foremålet med ordninga er at ålmenta skal ha tillit til at dei som tek avgjerder i kommunen ikkje er ugilde.

- I 2009 gjorde kommunestyret vedtak om å bli Fairtrade-kommune. Dette er eit etisk val som inneber at kommunen ønskjer å kjøpe varer som er produserte og formidla gjennom rettferdig handel,. Kommunen er og pådrivar for å få fleire verksemdar i Luster til å kjøpe og selje Fairtrade-merka produkt.
- I 2009 vedtok kommunestyret egne etiske retningslinjer for dei folkevalde. Desse legg vekt på at ein som folkevald skal opptre ope og ærleg, lytte til innbyggarane og legge vekt på likebehandling. Som folkevald skal ein og gjere det ein kan for å unngå å kome i situasjonar som kan føre til konflikt mellom private og kommunale interesser.
- I 2010 vedtok kommunestyret å slutte seg til ei fylkesdekkande oppreisingsordning retta mot barn som kan ha blitt utsett for overgrep eller omsorgssvikt

under kommunal omsorg før 1.01.93. Dette er ei ordninga tufta på moral, ikkje på lovverket.

#### Aktivitet 2011

Rådet for funksjonshemma, eldrerådet, ungdommen sitt kommunestyret og kontrollutvalet har egne årsmeldingar.

#### Mellombelse komitèar:

- Valnemnd som kom med framlegg til val av nemnder og utval hausten 2011.
- Komitè som kom med framlegg til nytt reglement for tilskot til kulturføremål 2012-15.

Kommunestyret handsama store politiske saker som er nemnde i rådmannen sitt føreord.

#### Kommunestyrevalet

Det har vore gjennomført val av nytt kommunestyre som konstituerte seg i oktober 2011.

Ivar Kvalen vart vald til ordførar etter Torodd Urnes. Luster var utplukka som 1 av 20 kommunar i Kommunaldepartementet sitt forsøk med røysterett for

#### Møteaktiviteten i dei faste politiske organa har vore slik:

Utval / år	2008		2009		2010		2011	
	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	10	116	9	108	9	82	10	96
Formannskapet	21	205	18	173	16	156	15	142
Plan-/forvaltningsstyret	11	120	9	101	10	86	7	82
Klagenemnda	3	6	3	8	1	4	1	3
Administrasjonsutvalet	2	4	4	9	2	7	1	5
Kontrollutvalet	6	15	6	27	5	20	5	21

16- og 17- åringar ved kommunestyrevalet. Ungdomen i Luster viste stor oppslutning til valet, og Luster fekk høgste valdeltakinga av forsøkskommunane, med heile 82,2%. 120 av 146 ungdomar brukte røysteretten.

Sidan våren 2007 har Luster også delteke i Kommunaldepartementet sitt prosjekt ”Utstillingsvindaug for kvinner i lokalpolitikken». Styringsgruppa for prosjektet legg fram eigen rapport om arbeidet, men det kan nemnast her at kvinnerepresentasjonen i kommunestyret i Luster har endra seg slik dei siste periodane:

2003-2007: 5 av 29 representantar er kvinner, dvs. 17%  
 2007-2011: 11 av 29 representantar er kvinner, dvs. 38%  
 2011-2015: 11 av 25 representantar er kvinner, dvs. 44%.

Kommunestyret har hatt slike temamøte:

- Mai: ½ dag om økonomi
- Juni: ½ dag om grunnskulen
- Oktober: ½ dag om budsjett, økonomiplan og planleggingsprogram (2011).

Formannskapet arrangerte i mai folkemøte om Sognefjelltunnelen (150 frammmøte).

Etter valet vart det gjennomført følgjande opplæringsdagar for folkevalde:

- Kort om kommuneøkonomi, samtidig med presentasjon av budsjett, øk.plan og planprogram (27.10).
- Gjennomgang av reglement folkevalde sine arbeidsvilkår (27.10).
- Nye politikarar i kommunestyret. Mediedag v/Nynorsk mediesenter (22.11).
- Luster kommune som arbeidsgjevar v/rådmannen (24.11.11).
- Luster kommune: organisasjon og reglement v/ rådmannen (24.11.11).  
 Kommunestyret med vara, kontrollutvalet, elderrådet, rådet for funksjonshemma  
 Gjennomgang av viktige lover. Knut Henning Grepstad (19.12.11).  
 1. Kontrollutvalet si rolle. Knut Henning Grepstad.  
 2. Etske reglar, v/ rådmannen  
 3. Luster kommune: Organisasjon og reglement v/ rådmannen  
 4. Meir om kommuneøkonomi, jf. kommunestyret 27.10 v/rådmannen

## Økonomisk resultat

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 11(r)	Avvik	Rekn 10
100	Folkevalde	3 353	3 897	14 %	3 102

\*Mindreforbruk i høve budsjett i hovudsak på artane møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og tenestefrikjøp.



Ordførarskifte med nøkkeloverlevering. Avgående ordførar Torodd Urnes t.v. og påtroppande Ivar Kvalen.

## Fairtrade:


Kommunen v/lokal styringsgruppe har vidareført arbeidet og kommunen har oppretthalde statusen som Fairtrade-kommune. Det vart valt ny styringsgruppe hausten 2011.




Formannskapet 2011 – 2015: Framme: Ordførar Ivar Kvalen og varaordførar Geir Arve Sandvik. Bak f.v.: Torunn Gauteplass Hønsi, Ernst Veum, Jon Ove Lomheim, Ivar Buskaker og Marit Aakre Tennø.



Plan og forvaltningsstyret 2011 – 2015: Framme: Leiar Arne J. Hauge og nestleiar Olaug Høyheim. Bak f.v.: Geir Paulsen, Nelly Torunn Øygard, Hanne Teigen, Britt D. Brugrand og Finn R. Skare.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2009	33,1
2010	36,0
2011	36,3

# Administrasjon

## Organisering

Tenesteområdet omfattar rådmannen og hans 8 stabseiningar. Av desse arbeider næring, plan, eigedom, oppvekst og pleie/omsorg med oppgåver som heilt eller delvis vert belasta andre område. Slike oppgåver er ikkje omtalte her.

## Overordna mål

- Yta innbyggjarane gode tenester og vere eit effektivt forvaltningsorgan.
- Gje dei folkevalde tilstrekkeleg grunnlag for å fatta vedtak.
- Følgje opp politiske vedtak og dei mål og arbeidsoppgåver som ligg i budsjett, økonomiplan, kommuneplan og andre planar.
- Initiere og leggje til rette for kontinuerleg organisasjonsutvikling.
- Skapa ein organisasjonsstruktur og -kultur som gjev rom for både omstilling og personleg og fagleg utvikling.
- Vidareutvikla og styrka samarbeidet mellom ulike fagområde.
- Leggja til rette for at tenesteeiningar får naudsynt støtte, rettleiing, kvalitetssikring, styring og koordinering.

## Tenester og oppgåver - generelt

### 110 Revisjon og kontrollutval (KU)

Kommunen kjøper revisjonstenester hjå Sogn og Fjordane Revisjon IKS. KU leverer eiga årsmelding til kommunestyret. PricewaterhouseCoopers AS er sekretariat for KU.

### 120 Administrasjon

Funksjonen omfattar rådmannen, stabseiningane personal/organisasjon, økonomi og servicetorget. Målgruppene for tenestene er *innbyggjarane, dei folkevalde og driftsorganisasjonen*.

Administrasjonen arbeider med saksførebuing for politiske organ og oppfølging av politiske vedtak. I høve den kommunale driftsorganisasjonen har administrasjonen ansvaret for overordna styring, støtte, rettleiing og kvalitetssikring. Døme på arbeidsoppgåver er prosjektleiing, personalforvaltning, rekruttering, organisasjons-/kompetanseutvikling, seniortiltak, tillitsvaldarbeid, kvalitetssystemet, IKT-arbeid, økonomiplanlegging, budsjettering, finansforvaltning, rekneskap, løn, fakturering, eigedomsskatt, skatterekneskap, innkrevjing, arbeidsgjevarkontroll, innkjøp/rammeavtaler, forsikringar og kommunearkivordninga.

Servicetorget administrerer og samordnar informasjonstenesta gjennom Lustranytt, heime-sida, annonsering og eigne trykksaker. Servicetorget omfattar sentralt publikumsmottak, sentralbord, postmottak, arkiv og trykkeriteneste. Servicetorget yter tenester i høve Husbanken sine støtteordningar, bustadformidling, skjenkeløyve, dør til dør transport, produksjonstillegg, skulefritidsordning, støtte til kulturtiltak, kommunale avgifter mv.

Administrasjonen arbeider også med opplæring for folkevalde og administrerer dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Sekretariatet for dei fleste folkevalde organ ligg i staben.

### 121 Eigedomssforvaltning

Eigedomsstaben sine driftsutgifter vert førte på funksjonen. Skadeforsikring av dei fleste kommunale eigedommane vert direkte belasta her. Andre driftsutgifter vert førte direkte på eigedommane. Eigedomsstaben sitt arbeid med plan- og prosjektleiing (for det meste løn) i høve eigne investeringsprosjekt vert belasta prosjekta og ført som inntekt på funksjon 121.



Jostedal eldrecenter vart seld i 2011.

130 Administrasjonsbygningar  
Drift av rådhuset.

70/171 Premieavvik

Differansen mellom kva vi faktisk betaler til KLP/SPK og netto pensjonskostnad (bokført) vert kalla premieavvik. Har vi betalt inn meir enn det vi rekneskapsfører, skal differansen førast som inntekt i

drifta. Har vi betalt mindre må differansen førast som ekstrakostnad..

180 Diverse fellesutgifter

Her vert ført reservepost løn, generell tilleggsløyvingpost og kommunen sin kostnad til lærlingar.

## Styringsmål og resultat 2011

Styringsmål		Datakjelde	Status		Mål 11/12	Resultat 2011		
			Luster	Landet				
Felles	B	Innbyggjarundersøking		1)				
			Brukartilfredsheit:					
			Brukarar av kommunale tenester:					
			Servicetorget		4,6		5,1	
			Internett		4,2		4,6	
			Barnehagetenesta		4,9		5,0	
			Grunnskulen		4,4		4,7	
			Fritidstilbod ungdom		4,3		4,3	
			Heimehjelpstenesta		4,4		4,7	
			Heimesjukepleietenesta		4,7		4,8	
			Sjukeheimstenesta		4,5		4,7	
			Fastlegetenesta		4,7		4,8	
			Legevakt		4,2		4,7	
			Bibliotek		5,1		5,1	
			Snitt brukartilfredsheit		4,5		4,8	
								2,7
						3,1		3,9
			4,3		3,6			
			3,8		5,0			
			4,7		5,0			
			4,3		5,0			
B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0	0		
M	Medarbeidartilfredsheit, skala 1-6	Medarbeidarspørjing 2)	4,7	4,4	4,8	-		
M	Sjukefråvær (%)	Fråværsstatistikk	2,3	-	< 2,5	3,8		

1) Landet er her snitt av 16 kommunar som deltok i undersøkinga i 2011. Svarprosent Luster: 36%.

2) Omfattar her stabsleiarar, medarbeidarar i tilhøyrande stabar og alle einingsleiarar på tenestenivået.

B = Brukarmål

M = Medarbeidarmål



Oppfølging av helse- og omsorgsplanen fram mot endeleg vedtak om korttidsavdeling ved Gaupne omsorgssenter.

### Aktivitet 2011

- Oppfølging av helse- og omsorgsplanen fram mot endeleg vedtak om korttidsavdeling.
- Innføring av nytt løns- og personalsystem.
- Domeneomlegging innanfor administrasjon og skuleverket.
- Innbyggjarundersøking Luster. Delar av resultat er vist i tabell over.
- Brukarundersøking skuleelevar og pleie/omsorg.
- Vidareutvikla nye nettsider. Oppnådde også i 2011 topp score på Difi si vurdering.
- Starte opp oppgraderinga av kommunalt fjernarkiv. Vert fullført i 2012.
- Gjennomført sal av Jostedal eldresenter.

### Økonomisk resultat drift

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 11(r)	Avvik	Rekn 10
110	Revisjon og kontrollutval	719	868	17 %	902
120	Administrasjon	25 385	25 568	1 %	21 085
121	Eigedomsforvaltning	935	1 185	21 %	868
130	Administrasjonsbygg	1 604	1 484	-8 %	1 436
170	Premieavvik i år	0	0		-4 855
171	Premieavvik tidl. år	4 855	4 855	0 %	1 223
180	Diverse fellesutgifter	-199	1 747	111 %	21
	Sum	33 299	35 707	7 %	20 679

#### Kommentar:

- 110 Mindre kjøp av teneste frå IKS og betaling for teneste
- 121 Netto utgifter løn mindre enn budsjettert då sum løn er litt lågare enn budsjettert og fordelte lønskostnader på prosjekt er noko over det som er budsjettert
- 180 Unytta avsett tilleggsloyving og tilskot lærlingar


### Økonomisk resultat investering

Tal i kr 1000	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Avvik
	2011	2011	2011	
12050 Tele og datakommunikasjon	1 270	1 314	800	44
13050 Rådhuset *	72	912	500	840


\* Planarbeid fasadeprosjekt er ikkje starta opp, tiltak utsett, avsette midlar vert overført.

### Kostra-samanlikning


Netto driftsutgifter til administrasjon og styring (folkevalde) i kr. pr innbyggjar:



Førebelse kostratal for 2011 viser at utgiftsnivået til administrasjon og styring ligg på vel 85% av nivået i kostragruppe 3. Det ligg samtidig over nivået på fylkesplanet og landet.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2009	62,2
2010	66,8
2011	64,9

# Barnehage

## Organisering

Tenesteområdet er organisert i 9 einingar, der kvar barnehage er ei eiga tenesteining. For Veitastrand barnehage ligg ansvaret i 2011/12 til rektor ved Veitastrand skule.

## Overordna mål

Desse måla tek utgangspunkt i barnehagelova som seier:

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.”

I tillegg til lova er den statlege rammeplanen overordna all barnehagedrift i Luster kommune.

Luster kommune sine overordna mål er som følgjer:

- Ha full barnehagedekning med høg kvalitet på tilbodet. Ha tilstrekkeleg med plassar slik at ein kan ta inn nye barn i løpet av året.
- Gje alle barn eit godt barnehagetilbod som byggjer på eit heilskapleg læringssyn med omsorg, leik og læring som sentrale delar.
- Gje eit variert og brukartilpassa tilbod, som - så langt råd er - er tilpassa barn og foreldre sine behov.
- Leggje til rette for at barna også får aktivitetar utanfor barnehagen sine lokale og område, dvs gjer seg nytte av nærmiljøet og naturen.
- Styrke det pedagogiske tilbodet i barnehagane med faglege satsingsområde og kompetanseheving.
- Syte for at barnehagepersonalet er i stand til å gje omsorg og opplæring i samsvar med sentralt gjevne føringar og målsetjingar.

## 201 Barnehage

### Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein må ha gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg ein gjennomarbeidd prosedyre i kommunen sitt kvalitetssystem for å sikre denne overgangen.

### Samarbeidspartar

Barnehagane samarbeider med nærliggande skule, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP for å ivareta barna best mogeleg. Barnehagane samarbeider dessutan tett med PPT i høve samarbeidsrutinar i det sakkyndige arbeidet og i oppfølgingsarbeidet. HSP-team (helse, sosial, psykisk helse) møtest to gonger pr år. Innarbeidde rutinar vert evaluerte med jamne mellomrom for å få til best mogeleg tilbod.

Regionen samarbeider gjennom nettverk, om utarbeiding av fagområda i rammeplanen.

## 211 Styrka barnehagetilbod

Barn med spesielle behov skal vera ein del av barnegruppa, men samtidig få særskilt støtte ut frå eigne behov. Eit tett samarbeid med PPT, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP er her naudsynt. Gode rutinar for eit slikt samarbeid vert utarbeida gjennom det tverrfaglege prosjektet ”Saman for barn og unge”.



Dei nye lokala i Gaupne barnehage vart tekne i bruk i november 2011.



## Styringsmål 2011

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2011/12	Resultat 2011
				Luster	Landet		
Felles	B	Brukartilfredsheit (skala 1-6)	Brukarspørjing	5,1	4,8	5,0	
	B	Klagesaker m/omgjæringsvedtak	Registrering	0	-	0	0
	M	Medarbeidartilfredsheit (1-6)	Medarbeidarspørjing	4,8	4,4	4,8	
	M	Sjuefråvær (%)	Fråværsstatistikk	6,6	-	< 6	<7
Tenesta	B	Respektfull behandling (1-6)	Brukarspørjing	5,3	5,2	5,2	
	B	Allsidig leik og aktivitet (1-6)	Brukarspørjing	5,0	4,9	5,0	
	B	Trivsel (skala 1-6)	Brukarspørjing	5,1	5	5,1	
	B	Informasjon (skala 1-6)	Brukarspørjing	4,7	4,6	4,7	

B = Brukarmål

M = Medarbeidarmål

Status er frå siste brukarundersøking og siste medarbeidarspørjing i Luster (2010). Nye undersøkingar vil bli gjort i 2012.

### Aktivitet 2011

Tal plassar i dei ulike barnehagane fordeler seg slik pr 15.09.11:

Barnehage	Mån- dag	Tys- dag	Ons- dag	Tors- dag	Fre- dag
Gaupne	100	98	85	102	97
Hafslo	33	34	26	30	34
Luster	21	27	17	27	26
Gamlestova	77	78	73	78	72
Jostedal 1)	18	17	15	18	13
Solvorn 1)	14	15	16	17	16
Skjolden 1)	13	14	13	17	16
Indre Hafslo	20	20	19	19	19
<b>Sum</b>	<b>296</b>	<b>303</b>	<b>264</b>	<b>308</b>	<b>293</b>

1)Skjolden, Jostedal og Solvorn har i tillegg SFO-tilbod lagt inn barnehagedrifta.

Det har vore ein viss nedgang i tal plassar frå 2010-11.

#### Opptak av barn

Ved oppstart av nytt barnehageår var det litt ledig kapasitet i høve areala. Overgang til nytt kalenderår gav nye søkarar, særleg i Gaupne og på Hafslo, men og til dei mindre barnehagane.

Det kan i periodar med høgt sjukefråvær vere vanskeleg å få tak i nok vikarar.

#### Kompetanseheving

I prosjektet "Sats på barnehagen – snu Sogn" har Luster kommune med 14 deltakar i utdanninga "Leing i framtidens barnehage" (8 styrarar, 2 assisterande styrarar, 4 pedagogiske leiarar). Målet med utdanninga er å heva kvaliteten i barnehagane. Deltakarane skal jobbe med utviklingsarbeid i eigen barnehage.

Kommunane i Indre Sogn er med i eit regionalt nettverk for barnehagane. Prosjektgruppa består av tre personar frå barnehagane, og Luster kommune fekk 20.000,- i midlar til å jobbe med fagområdet "Etikk, religion og filosofi". Prosjektet har blitt presentert for barnehagane i kommunen. Dei pedagogiske leiarane i barnehagane har nettverksamling to gonger i året. Hausten 2011 var temaet "Etikk, religion og filosofi".

#### Pedagogisk arbeid

Barnehagane i Luster kommune held fortsatt på med satsingsområdet "Steg for steg". I tillegg har mange av barnehagane fokus på fysisk aktivitet og kosthald.

#### Gaupne barnehage

Gaupne og Grandmo barnehage flytta inn i den nye fine barnehagen i Gaupne i november 2011. Det var mykje arbeid i tilknytning til flyttinga. Barnehagen ser ut til å fungere godt slik ein ser det etter oppstartsperioden, sjølv om innkøringa krev litt ekstra frå alle.

#### Hafslo barnehage

I budsjett/økonomiplan 2012 – 15 er det sett av midlar til ny avdeling (24 plassar) ved Hafslo barnehage. Barnehagen vil få til saman 60 plassar og opninga er planlagt til ultimo 2013.

#### Oppvekstsenter

Fem av barnehagane vil i løpet av 2012 inngå i nye oppvekstsenter. Jf. omtale under tenesteområdet Grunnskule.

#### Barnehagevedtektene

Oppvekstsentra gjer at vedtektene må justerast.

## Økonomisk resultat drift

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 11(r)	Avvik	Rekn 10
201	Barnehage	25 998	26 334	1 %	8 144
211	Styrka barnehagetilbod	1 498	1 867	20 %	840
221	Barnehagelokale	-73	706	110 %	722
	<b>Sum</b>	<b>27 423</b>	<b>28 907</b>	<b>5 %</b>	<b>9 706</b>

Av innsparing i høve til budsjettet er 1,040 mill.kr meirinntekt mva investeringar. Utgifter til styrka barnehagetilbod vart noko mindre enn budsjettet. Dette er tilbod som vert oppretta etter søknad og vil variera noko frå år til år.

## Økonomisk resultat investering


Tal i kr 1000	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Avvik
	2011	2011	2011	
22170 Gaupne Barnehage *	17 586	17 646	13 500	60
22171 Hafslø Barnehage **	235	0	0	-235

\*Byggjerekneskap Gaupne barnehage vert lagt fram våren 2012.

\*\*Planlegging Hafslø barnehage har vore samordna med planlegging skule i 2011 og finansiering/budsjett er plassert på skule.

## Kostra-samanlikning


Netto driftsutgifter til barnehage i kr. pr innbyggjar 1-5 år:



Førebelse kostratal for 2011 viser at netto driftsutgifter til barnehage i kr. pr innbyggjar 1-5 år er 93 % av nivået i kostragruppe 3. Vi ligg samstundes svakt over gjennomsnitt for fylket og svakt under landet. 2011 er første året etter at dei statlege barnehagetilskota vart innlemma i rammetilskotet. Vi registrerer at Luster kommune no (2011) har eit lægre utgiftsnivå enn landet. I 2010 var det omvendt.


Spente ungar då Gaupne barnehage vart offisielt opna 8. desember 2011.

Del barn 1-5 år med barnehageplass:




Førebelse kostratal for 2011 viser at Luster har ei barnehagedekning på 91,8 %. Dette er på nivå med Sogn og Fjordane og høgere enn både kostragruppe 3 og landet. I 2010 låg Luster sitt nivå endå litt høgere (92,5%).





BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

### Tal årsverk:

2009	105,3
2010	108,3
2011	113,2

# Grunnskule

## Organisering

Tenesteområdet er organisert i 9 tenesteiningar. To av einingane har felles administrasjon. PPT er eiga eining.

## Overordna mål

- Gje alle grunnskuleelevar eit godt og mest mogleg tilpassa opplæringstilbod i samsvar med lov og læreplanar og i samarbeid med heimane.
- Arbeide for ein inkluderande skule, med god trivsel, høg fagleg kvalitet og gode resultat.
- Gje tilbod om opplæring på grunnskulenivå for vaksne og norskopplæring med samfunnskunnskap for innvandrarar/flyktningar.
- Gje skulefritidstilbod til elevar på 1.-4. klassesteg, så langt som mogleg ved heimeskulen.
- Det skal arbeidast aktivt for å få fleire mannlege lærarar inn i grunnskulen i Luster.
- Oppretthalde ein desentralisert skulestruktur med vekt på Lustraidentitet.

## 202 Grunnskule

### Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein skal få til gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i vårt eige kvalitetssystemet for denne overgangen. Sjå også eigen tekst om "Barnehage".

### Sats på skulen – snu Sogn (2006-12)

I prosjektet har kommunane i Indre Sogn forplikta seg til eit samarbeid om leiarutdanning, fagnettverk og eigarskapsrolla. Luster kommune har i k-sak 98/08 prioritert følgjande:

1. Årleg temadag/-økt om skule med fokus på prestasjonar og drøftingar med utgangspunkt i resultat.
2. Utvikle kommunale fagnettverk i basisfaga norsk, engelsk og matematikk for å heve kvalitet og sikre felles målsetjingar.
3. Etablering av kommunal entreprenørskapsgruppe med aktørar frå skule og næringsliv

### Samarbeidspartar

Skulane samarbeider tett med PPT som har gode

samarbeidsrutinar i det sakkyndige arbeidet og i oppfølgingsarbeidet. Skulane samarbeider og med Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP for å ivareta elevane best mogeleg. Innarbeidde rutinar vert løpande evaluerte for å få til best moglege tilbod. Tverrfaglege team er samansette av personar frå helse, sosial og psykisk helse. Teama har faste møte på alle skulane. Kommunen er og med i eit treårig prosjekt i regi av KS og Barne- og likestillingsdepartementet der hovudmålsetjinga er eit godt tverrfagleg samarbeid og gode samordna tenester til brukarane. Skulane og PPT er med i prosjektgruppa. Det er og tett samarbeid med folkehelsekoordinatoren når det gjeld førebyggjande arbeid.

### Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

Luster har eiga PPT-teneste med psykolog og spesialpedagog i 100% stillingar, logoped i 80% stilling, samt ein 30%-ressurs. PPT arbeider saman med rådmannen sitt oppvekststeam for å få til ein inkluderande skule. PPT har nær kontakt med skule- og barnehagemiljøet gjennom regelmessig besøk og faste møteavtalar gjennom året. PPT jobbar for å få til best mogelege rutinar, organisering og fordelingsopplegg i forhold til bruk av spesialpedagogiske ressursar. PPT har vore med og utarbeida rutineomtale for lærarane med spesiell fokus på spesialpedagogikk. PPT har medverka i høve opplæring i "PALS" eit forsøk over tre år som to skular prøver ut og som tek sikte på å førebygge problemutvikling og fremme eleven sin sosiale og skulefaglege kompetanse. Leseprojektet "Leselyst" og "Grip boka" fortset. Logopeden jobbar med vaksneopplæring og undervisning av elevar og førskulebarn.

Psykologen vil framleis ivareta kommunepsykologiske oppgåver, i samarbeid med mellom anna helsestasjonen, legane, psykiatriteamet, ruskonsulenten og Sogn barnevern. Psykologen er dessutan Akan-kontakt. Faste samarbeidsmøte med andrelinja vil halde fram som no. Det er utvikla tettare samarbeid med psykiatrieinjingane i Sogn.

### Frukt og grønt

Ordninga med at alle grunnskuleelevane i Luster får tilbod om gratis frukt og grønt dagleg held fram.

### 213 Vaksenopplæring

Norskopplæring for innvandrarakar busette i Luster, med rettar/plikter etter introduksjonslova (2005), skjer i Sogndal. Utgiftene vert dekte av særskild statstilskot. Også innvandrarakar som har rett til norskopplæring etter ordninga før 2005 får opplæringa i Sogndal. Her må vi betale eit administrasjonstilskot.

### Grunnskuleopplæring for vaksne iflg § 4A i opplæringslova

Dette gjeld personar som har behov for fornya grunnskuleopplæring, t.d. på grunn av sjukdom, skade eller mangelfull dugleik innan einskilde skulefag. Det gjeld og personar over opplæringspliktig alder som treng grunnskuleopplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring.

### 215 Skulefritidsordninga (SFO)

Hovudoppgåver:

- Gje eit skulefritidstilbod som i størst mogleg grad tilfredsstillar barn og foreldre sine ønskje for

skulefritidsordninga.

- Syte for eit variert og stimulerande leikemiljø, både inne og ute og la barna ha stor medverknad i val av aktivitetar.

SFO er eit frivillig tilbod om ein trygg og god stad å vera for skulebarn, i hovudsak på 1.- 4. klassesteg, før og etter skuletid og i skuleferiar. I SFO skal barna få tilsyn og omsorg ut frå lokale og individuelle behov. SFO skal vera ein stad for leik, tryggleik og trivsel. Det vert jobba med fysisk aktivitet, helse og tiltak for å auke barn sin sosiale kompetanse. Det vert gjeve SFO-tilbod i alle krinsar, med unntak av Veitastrand . I Jostedal, Solvorn og på Skjolden er tilbodet lagt til barnehagen. I skuleferiar er det tilbod i Gaupne og på Hafslo. Tabellen under 202 Grunnskule viser elevtala i SFO.

### Leksehjelp

Det vert lagt opp til gratis leksehjelp i tilknytning til alle skulane i Luster. Organiseringa er ulik frå skule til skule for å tilpassa ordninga best mogeleg lokalt, men alle elevane frå 1. – 4. klasse i Luster får tilbod om leksehjelp to timar pr. veke. (jf. tabell under 202 Grunnskule)

### Styringsmål 2011

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 11/12	Resultat 2011
				Luster	Landet		
Felles	B	Brukartilfredsheit (skala 1-5) • Elevtrivsel • Foreldre: Trivsel/læring/utvikling	Brukarspørjing	4,55 4,23	4,35 4,15	4,50 4,25	4,35 -
	B	Tal klagesaker m/omgjeringstvedtak	Registrering	0	-	0	0
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Medarbeidarspørjing	4,55	4,4	4,55	-
	M	Sjukefråvær – skule (%)	Fråværsstatistikk	5,5	-	<5,5	5,40
Tenesta	B	Elevmotivasjon (skala 1-5)	Elevundersøking	4,25	4,00	4,25	4,1
	B	Resultat eksamen 10. klasse (1-6) • Norsk • Engelsk • Matematikk	Skoleporten	-	3,6	3,6	3,9
			Skoleporten	4,3	3,8	4,1	-
Skoleporten			3,4	3,2	3,5	-	
Nasjonale prøvar	5 klasse resultat (skala 1 – 3)			Luster	Landet	11/12	
	B	Lesing	Skoleporten	2,0	2,0	2,0	2,1
	B	Engelsk	Skoleporten	2,1	2,0	2,1	*
	B	Rekning	Skoleporten	2,1	2,0	2,1	2,2
	8 klasse resultat (skala 1 – 5)						
	B	Lesing	Skoleporten	3,1	3,1	3,2	3,6
	B	Engelsk	Skoleporten	3,0	3,0	3,1	3,5
B	Rekning	Skoleporten	3,1	3,1	3,2	3,4	

B = Brukarmål M = Medarbeidarmål

\* Resultatet engelsk er ikkje registrert i 2011 fordi det vart problem med gjennomføringa av prøvane nasjonalt. Alle avgangselevane frå Luster var oppe i norsk skriftleg våren 2011. Resultat ligg difor føre berre i norsk.

### Kommentarar til styringsmåla:

- Trivsel: Resultatet viser framleis god trivsel, men ligg litt under målet for 2011/12.
- Medarbeidartilfredsheit: Det har ikkje vore spørjing i 2011.
- Sjukefråveret er framleis lågt, og resultatet er betre enn målsetjinga.

## Aktivitet 2011

Grunnskulen i Luster hadde fylgjande fordeling 2011 (tal frå GSI pr. 1.10.11)..\*

Skule	Elevtal 2011	Klassetal	Elevtal SFO	Elevar 1- 4kl leksehjelp
Dale skule	55	4	16	16
Gaupne skule	134	7	33	35
Hafslo barne og ungdomsskule	229	12	56	40
Indre Hafslo skule	41	3	10	11
Jostedal skule	25	3	10	11
Luster ungdomsskule	137	7	-	-
Skjolden skule	40	3	9	12
Solvorn skule	18	2	9	9
Veitastrom skule	4	1	-	-
<b>Sum</b>	<b>683</b>	<b>42</b>	<b>143</b>	<b>134</b>

Det vart gjort 78 enkeltvedtak om spesialundervisning (§ 5-1) og 9 elevar på fire ulike skular fekk særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar etter enkeltvedtak (§ 2-8)

### Oppvekstsenter

K- sak 77/09, etablering av oppvekstsenter i bygdelaga Skjolden. Luster, Indre Hafslo, Solvorn og Jostedal er følgd opp og oppvekstsentera skal vere i drift frå 1. august 2012.

Ei prosjektgruppe samansett av styrarane, rektorane, arbeidstakarorganisasjonane og kommuneadministrasjonen har arbeidd etter ein avtalt framdriftsplan. Tilsette ved dei nye oppvekstsentera har og vore på studietur til samanliknbare oppvekstsenter for å henta idear og for å sjå på gode løysingar som er valde andre stader.

### Vurdering for læring

Luster kom, etter søknad, med i det nasjonale prosjektet ”Vurdering for læring” hausten 2010 og fekk tilført eit statleg tilskot på 250.000 kr. Det låg krav om spreing av prosjektet til dei andre skulane og det låg krav om at prosjektet skulle drivast av ein ressursperson med minimum 20% avsett tid. Målsetjinga var å vidareutvikle vurderingspraksis gjennom auka kompetanse og forståing for vurdering som reiskap for læring og betre læringsutbytte for elevane. Prosjektet har vorte drive gjennom heile 2011. Fire av skulane har arbeidd med

- Faglege resultat: Resultatet frå skriftleg eksamen er svært godt og betre enn målet.
- Resultata frå nasjonale prøvar er gode og ligg over måla. For 8. klasse; svært gode.

Alle brukarundersøkingane er evaluerte slik det ligg føringar for i kvalitetssystemet vårt, og det er sett opp konkrete tiltak som skal ta vare på og utvikle dette resultatet vidare.

dette der det og har vore satsa sterkt på samarbeidet mellom heim og skule. Satsinga har vore tema på foreldremøte og i rådsorgana til skulane. Alle skulane har gjennomført ståstadanalysen til utdanningsdirektoratet. Denne har vore utgangspunkt for diskusjon og endra praksis på alle skulane i forhold til eigenvurdering og meir målbevisst vurderingsarbeid. Det har og vore hospiteringsordningar mellom skulane. Representantar frå dei andre skulane har vore deltakarar på kommunale samlingar. Ikt har vore viktig verktøy i arbeidet. Det er levert ein sluttrapport til fylkesmannen, Gaupne skule bidrog og med presentasjon av arbeidet sitt på Lærarstemnet for Sogn og Fjordane i april 2011. Utviklingsarbeidet vil fortsetje gjennom fagnettverk på tvers av skulane i kommunen.

### Klasseleiing

Ein av skulane har satsa på klasseleiing for heile personalet i 2011 og vi trur at dette gjev større effekt i etterkant enn etterutdanning av enkeltpersonar i eit kollegium

### Leseopplæring

Det har vore satsa sterkt på leseopplæring på mange av skulane i 2011, jf. konklusjonane etter dei faglege resultata i 2010 var. Leseprogrammet Aski Raski er teke i bruk på skulane og det er gitt opplæring i bruken av det. Eit anna program, skrive seg til lesing, har og vorte nytta.

### Ny Giv

Prosjektet skal auka gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Alle kommunar skal med i dette nasjonale prosjektet og Luster kom med i 2011. Fire av lærarane frå ungdomsskulane deltek no i eit opplæringsprogram og dei skal i etterkant vere ressurspersonar for grunnskulen sitt vidare arbeid med å heve elevane sine faglege prestasjonar knytt mot lesing, skriving og rekning. Opplæringa i dette prosjektet foregår nasjonalt.

## Økonomisk resultat drift

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 11(r)	Avvik	Rekn 10
202	Grunnskule	66 873	67 734	1 %	64 009
213	Vaksenopplæring	-340	335	201 %	-358
215	SFO	2 083	2 836	27 %	2 103
222	Skulelokale	14 728	14 592	-1 %	8 729
223	Skuleskyss	1 961	1 700	-15 %	1 868
	<b>Sum</b>	<b>85 305</b>	<b>87 197</b>	<b>2 %</b>	<b>76 351</b>

Overskot på vaksenopplæring har fleire årsaker. Det har kome til fleire framandspråklege elevar, noko som gjer at tilskotet har auka. Utgifter i samband med dette er utgiftsført på andre område. Luster har samarbeidsavtale med Sogndal. Denne er under revidering. SFO har eit positivt avvik som følgje av fleire born og større plassar i ordninga. Satsane vart auka i 2010. Skuleskyss er budsjettert lågare enn auken i utgiftene og prisen på tenesta pga. auka utgifter til midtskyss, enkeltelevar og auka reiseavstand for elevar.

## Økonomisk resultat investering

Tal i kr 1000	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Avvik
	2011	2011	2011	
22247 Uteområde Skular/Barnehagar *	35	100	0	65
22251 Hafslo Barne- og Ungdomsskule **	262	500	500	238
22252 Gaupne Skule ***	346	499	0	153
22254 Indre Hafslo Skule ***	104	0	0	-104
22255 Jostedal Skule ***	102	100	0	-2
22256 Skjolden Skule ***	40	0	0	-40
22257 Solvorn Skule ****	5	300	0	295

\*Utgifter erstatningseigedom Hafslo.


\*\*Planlegging skuleprosjekt, budsjett dekkar både skule- og barnehageplanlegging.

\*\*\*Avslutning av byggetiltak som er finansiert av avsett løyving/fond eller overført løyving.

\*\*\*\*BU/Enøktiltak der løyving vert overført og tiltak gjennomført i 2012.


## Kostrat-samanlikning

Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring i kr. pr innbyggjar 6-15 år:




Førebelse kostratal for 2011 viser, som for tidlegare år, at Luster sine netto driftsutgifter til grunnskuleopplæringa ligg over både kommunegruppe 3, fylkesnivået og landsnivået. Differensen i høve fylkesnivået er i storleiksorden 20%, tilsvarande ca.13 mill kr pr år.


Dekningsgrad - elevar i grunnskulen som får spesialundervisning (%):



Førebelse kostratal for 2011 viser at del elevar som får spesialundervisning etter enkeltvedtak er på nivå med 2010. Kommunen må no sjå nærare på korleis vi i større grad kan forbetra den tilpassa opplæringa slik at det kan leggjast til rette for at fleire av elevane kan få si opplæring innafor ordinær undervisning med eit tilstrekkeleg tal delingstimar.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2009	20,4
2010	20,4
2011	20,4

## Helse

### Organisering

Tenestområdet er organisert som ei sjølvstendig eining.

### Overordna mål og delmål

#### Overordna mål:

- Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg.

#### Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Styrke helse- og omsorgstilbodet til heimebuande eldre med stort omsorgsbehov.
- Vidareutvikle og styrke demensomsorga.
- Etablere ei korttidsavdeling som på ein fagleg god måte kan ta hand om utredning, behandling, rehabilitering og avlastning.
- Ha god kontroll og kvalitet på tildeling av tenester og ressursbruk.
- Ha eit godt tilbod til gravide og til barn/unge 0-20 år som fremjar psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggjer sjukdom og skader.
- Ha eit godt fungerande miljøretta helsevern.
- Ha ei fagleg sterk og godt dimensjonert fastlegeteneste med god trening i akuttmedisin
- Ha ei tilgjengeleg og fleksibel rehabiliteringsteneste.
- Ha lågterskeltilbod med høg kompetanse innan psykisk helse.
- Vere god på koordinering og fagleg oppfølging av kommunen sitt førebyggjande rusarbeid, samt av den einskilde rusmiddelbrukar.
- Vidareføre folkehelsearbeidet til særleg å engasjera uorganisert ungdom.
- Utvikle ein felles og målretta informasjonsstrategi.

### Tenester og oppgåver – generelt

*232 Helsestasjon/skulehelseteneste/jordmorteneste:* Fødselsførebuande kurs og svangerskapskontrollar. Følgje ”Veileder 0-20 år for kontroller på helsestasjon/skulehelsetjenesten”. Samlivsundervisning ved ungdomsskular. Delta i tverrfaglege ansvarsgrupper, i samarbeidsmøte med skular, barnehagar og andre einingar. Utføre årleg influensavaksiner, gje reisevaksinar og reiseråd, utføre TBC-kontrollar av aktuelle grupper. Råd og rettleiing til barnehagar og skular, delta i foreldremøte og undervisning på ulike klassetrinn og foreldrerettleiing. Gje helsetilbod ved Luster vidaregåande skule. Prosjektleiing og deltaking i prosjekt om overvekt hjå barn og unge og prosjektet *Barn og ungdom felles ansvar (BUFA)*.

#### *233 Smittevern/reisevaksine:*

Vaksinasjon skjer i hovudsak på Helsestasjonen. Tilby barnevaksinasjonsprogrammet. Utføre årleg influensavaksiner, gje reisevaksine og reiseråd, utføre TBC-kontrollar av aktuelle grupper. Vaksinasjon i hovudsak på Helsestasjonen. Legekontoret set også stivkrampe- og influensavaksiner. Rullering av smittevernplan, følgje opp meldingar via MSIS som er statens registreringssystem for smittesjukdommar. Ha beredskap for pandemi.

#### *233 Samfunnsmedisin:*

Miljøretta helsevern som gjeld alt som verkar på helsa, t.d. ureining i vatn, luft, støy, inneklima, radon, drikkevatt og badevatn. Godkjenning av campingplassar, skular og barnehagar mm. Samarbeid med mattilsyn, miljøhygienikar og helsesøster.

#### *233 Folkehelse:*

Utkast til ny lov som trer i kraft frå 01.01.12, legg opp til følgjande (sitat):

- *Ansvaret for folkehelsearbeidet legges til kommunen som sådan. I dag ligger ansvaret i kommunen ved sin*

helsetjeneste. Forslaget innebærer at kommunen skal bruke alle sine sektorer for å fremme folkehelse, ikke bare helsesektoren.

- Kommunen skal fastsette mål og strategier for folkehelsearbeidet egnet for å møte kommunens egne helseutfordringer. Mål og strategier skal forankres i planprosessene etter plan- og bygningsloven.
- Kommunens ansvar for å ha oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer blir konkretisert, slik at de får et tydelig bilde av hva som er de lokale helseutfordringer i den enkelte kommune.
- Kommunene skal iverksette nødvendige tiltak for å møte lokale utfordringer.

Arbeidet med ein gjennomgang av folkehelsearbeidet er starta opp. Funksjonen som folkehelsekoordinator er lagt til rådmannen, medan ungdomskontakten vart vidareført med fokus på prosjekt for barn/unge. Leiande fysioterapeut er koordinator for vaksne/eldre samt kontaktperson i høve eininga helse. Etter positivt svar på søknad om prosjektmidlar i høve samhandlingsreforma har Luster, Leikanger og Sogndal starte eit samarbeidsprosjekt kalla «Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn». Det er tilsett prosjektleiar. Rådmennene er styringsgruppe og folkehelsekoordinatorane saman med prosjektleiar er prosjektgruppe.

#### 241 Fysioterapi:

Privat praksis og kommunal fysioterapi. Fysioterapeutar undersøker og behandlar, driv opptrening og rehabilitering etter operasjonar, sjukdom, skade, ved funksjonssvikt, sjukdom/ plager i muskel- og skjelettsystemet mm. Behandlinga føregår individuelt og/eller i grupper. Det er i dag bl.a. gruppetilbod i basal kroppskjenning i samarbeid med psykisk helseteam. Spesialkompetanse blant fysioterapeutane i bl.a. manuell terapi, lymfeødem, BK og trigger-punktbehandling. Fysioterapeutar er også viktige for helsefremjande og førebyggjande arbeid gjennom aktivitet, rådgiving og opplæring. Kommunale fysioterapeutar har lokale på omsorgssentra. Driv «Betre balanse»- grupper, deltek i anna førebyggjande arbeid og gjennomfører kurs for pårørande til personar med demenssjukdom i lag med demensgruppa. Felles møte 1 gong kvar månad med fagleg tema. Leiande fysioterapeut deltek i samhandlingsgruppa/koordinerande eining (KE).

#### 241 Allmennlegeteneste:

Drift av fastlegeordninga. Ha tilstrekkeleg kapasitet til å møte etterspurnad på kontrolltimar og augeblikkeleg hjelp. Utdanning av spesialistar i allmennmedisin, opplæring av turnuslegar og legevikarar. Sjukeheimslege; ordning 2ggr pr. veke ved kvar sjukeheimsavdeling. Intern-opplæring kvar

veke. Fokus på fagutvikling. Høg standard og trening på akuttmedisin. Ligge i forkant med IKT utvikling, spesielt med meldingsutveksling eksternt. Gjere ferdig prosedyrar i LKK. Ta i bruk ny og fagleg rett teknologi for å gje best mogleg tilbod til pasientane.

#### 241 Ergoterapi:

Funksjonstrening og tilrettelegging av omgjevnader for fysisk funksjonshemma, inkludert hjelp til syns- og hørselshemma. Kartlegging av funksjonstap og treningsbehov. Formidling av hjelpemiddel. Leiar for Demensgruppa. Førebyggjande tilbod saman med fysioterapeut, folkehelsekoordinator og frivillige. Ansvar for TT-skyss og Service-skyss. Samarbeid med pleie/omsorg om hjelpemiddelkontaktar på institusjon og i team. Utvikle hjelpemiddeltilbod når NOU 2010-5: "Et helhetlig hjelpemiddeltilbud" vert vedteken.

#### 241 Psykisk helsevern:

Samtalebehandling individuelt og i grupper, dagtilbod 3-4 dagar pr veke på "Huset" som er eit lågterskeltilbod for samtaler, aktivitetar og aktivisering, samt på "Bruvoll" - eit eige butilbod. Regelmessige heimebesøk til brukarar slik at dei kan meistre kvardagen. Tilbod om samtale for elevar ved Luster vidaregåande skule. Rettleiing til personale ved omsorgssentra og i heimetenesta. Samarbeidsmøte både i kommunen og mot spesialisthelsetenesta. Gjennomfører KID-kurs (kurs i depresjonsmeistring). Kurs i basal kroppskjenning.

#### 241 Legevakt:

Akuttberedskap 24 timar alle dagar. Legevakt stasjonert i Gaupne, eigen utstyrt akuttbil. Leige LV-sentral (telefonsentral) av Helse Førde. Bruk av helseradio. Øvingar i lag med ambulansetenesta og andre akuttetatar..

#### 243 Rusomsorg:

Individuelt tilpassa tenester som inkluderar alle og inneheld førebygging, behandling og rehabilitering. Oppfølging består av samtalar, vegleiing, kartlegging, arbeid med familiar, koordinering, samarbeid med eksterne instansar. Arbeidsmetodar; Motiverande intervju, mentalisering og kognitiv tenking. Fokus på fysisk aktivitet. Kursing og oppstart av nytt rusførebyggjande tiltak på ungdomsskulane (Ørebro Prevention Program"- ØPP). Ettervernsarbeid i eiga etterverngruppe.



## Styringsmål og resultat 2011:

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 11/12	Resultat 2011
				Luster	Landet		
Felles	B	Brukartilfredsheit: • Psykisk helseteam (skala 1-4)	Brukarspørjing 2007	3,2	3,2	-	-
	B	Tal klagesaker m/omgjæringsvedtak	Registrering	0	-	0	0
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Medarbeidarspørjing	4,8	-	5	-
	M	Sjukefråvær (%)	Fråværsstatistikk	7,0	-	< 5	8,7
Tenesta	B	Tal konsultasjonar legekantoret	Registrering	33733	-	29000	41158
	B	Fysioterapitenesta: • Tal konsultasjonar kommunal • Tal konsultasjonar privat	Registrering	2382	-	4000	2011
			Registrering	8253	-	8000	8915
			Registrering				
	B	Ergoterapitenesta: • Tal heimebesøk • Tal besøk institusjon	Registrering	433	-	500	427
			Registrering	133	-	150	123
			Registrering				
	B	Psykisk helseteam: • Tal heimebesøk • Tal samtalar • Tal besøk "Huset"	Registrering	528	-	980	633
			Registrering	669	-	450	683
			Registrering	493	-	650	604
	B	Helsestasjon: • Vaksinasjonsdekning, polio (%) • Tal svangerskapskonsultasjonar • Grad av heimebesøk til nyfødde innan 4 veker etter fødsel (%)	Registrering	100	95	100	100
			Registrering	246	-	300	412
			Registrering	80	-	100	100

### Kommentarar – jf tal i tabellen over:

- Det er ein klar auke tal konsultasjonar på legekantoret.
- Kommunal fysioterapi har hatt lågare kapasitet pga etter-/vidareutdanning for 2 av fysioterapeutane.
- Det er god oppslutnad om barnevaksinasjonsprogrammet med 100% dekning på poliovaksine.

- Prosjektet "Saman for barn og unge" (BUFA) – vart avslutta.
- Avtale om kjøp av inn på tunet (IPT) tenester vart vidareført.
- Legebil er godt utstyrt med akuttmedisinsk utstyr inkludert beindrill for infusjon.

### Aktivitet 2011

- Ny ambulansestasjon vart opna 07.10.2011.
- Oppussing og utviding av helsesenteret vart avslutta.
- Jordmor gjennomfører etter-/vidareutdanning i kothald og ernæring.
- Sjukepleiar tek vidareutdanning som helsesøster.
- Det er gjennomført systemrevisjon ved 7 skular og tilsyn ved 3 campingplassar.
- Demensteamet (med ergoterapeut som leiar) har testa 13 heimebuande personar.
- Legevakta har gjennomført ei større øving saman med alle akuttetatane.
- Det har vore leigd inn 5 legevikarar til legevakt.
- Det er satt 360 influensavaksinar, som er noko lægre enn ynskja.
- Det er teke 64 tuberkulosekontrollar og 202 konsultasjonar angåande reisevaksine.
- Prosjekt med fysisk aktivitet i behandling av rus og psykiatri er vidareført.
- Prosjekt om overvekt og fedme hjå barn og unge er vidareført.



Adm. direktør i Helse Førde Jon Bolstad og ordførar Torodd Urnes føretek opninga av ambulansegarasjen.

## Økonomisk resultat drift

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 11(r)	Avvik	Rekn 10
232	Førebyggende skule og helestasjonsteneste	3 807	3 550	-7 %	3 405
233	Førebyggende arbeid helse og sosial	1 354	1 508	10 %	881
241	Diagnose og behandling	9 298	10 363	10 %	10 443
	<b>Sum</b>	<b>14 459</b>	<b>15 421</b>	<b>6 %</b>	<b>14 729</b>

Av meirinntekt er 0,43 mill kr relatert til momskompensasjon investeringar.


## Økonomisk resultat investering

Tal i kr 1000	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Avvik
	2011	2011	2011	
24170 Helsesenteret	*	8 221	0	-8 221
24172 Ambulansesasjon Gaupne	*	3 157	11 732	5 000

\*Felles budsjett der det er kostnadsdeling 70/30 mellom Helsesenter og Ambulansesasjon.


## Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i kr. pr innbygger:



Førebelse kostratal for 2011 viser at utgiftsnivået i kommunehelsetenesta i Luster har auka tilsvarende andre område frå 2010-11. Vi ligg framleis godt under kommunegruppe 3, men over både fylkes- og landsnivået.


Dekningsgrad - legeårsverk (raud) og fysioterapiårsverk (lys) pr 10.000 innbyggerar:




Førebelse kostratal for 2011 viser at helsetenesta i Luster har god dekning både når det gjeld legar og særleg når det gjeld fysioterapeutar.

Oppussing og utviding av helsesenteret vart avslutta.





BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2009	170,9
2010	165,3
2011	168,1

## Pleie og omsorg

### Organisering

Tenestområdet er organisert i 3 tenesteeiningar; Luster heimeteneste, Luster sjukeheims-teneste og Arbeids- og treningscenteret (ATS).

### Overordna mål og delmål

#### Overordna mål:

- Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering, behandling og pleie og omsorg.

#### Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Styrke helse- og omsorgstilbodet til heimebuande med stort omsorgsbehov.
- Vidareutvikle heildøgns teneste i omsorgsbustad og omsorgsplass.
- Vidareutvikle og styrke demensomsorga.
- Gje ulike grupper yrkeshemma eit mest mogeleg tilpassa og meningsfylt arbeids- og opplæringstilbod.
- Etablere ei korttidsavdeling som på ein fagleg god måte kan ta hand om utredning, behandling, rehabilitering og avlastning.
- Gje tilbod om sjukeheimplass eller bustad med heildøgns teneste til brukarar med fagleg definert behov slik at ein stetter føring om 25% dekning for eldre over 80 år, og 28% dekning når ein tek med brukarar under 80 år.
- Legge til rette for og kontinuerleg arbeide for at tilsette får størst mogleg stillingar.
- God kontroll og kvalitet på tildeling av tenester og ressursbruk.
- Utvikle ein felles god og målretta informasjonsstrategi.

### Tenester og oppgåver – generelt

Tenester og oppgåver kan fordelast på følgjande funksjonar:

- Hjelp i heimen
- Butilbod utanfor institusjon
- Sjukeheim (institusjon)
- Aktivisering – eldre/funksjonshemma
- Aktivisering – Arbeids- og treningscenteret (ATS)

#### 254 Hjelp i heimen

#### Heimehjelp – praktisk bistand til daglege gjeremål:

Målet med tenesta er å gje heimebuande med særlege hjelpebehov praktisk bistand i heimen og ivareta eigenomsorg og personleg stell. Brukaren skal i størst mogleg grad takast med i gjeremåla. Brukar betalar ein eigendel i månaden ut frå husstanden si inntekt. Det kan - etter individuelle vurderingar - gjevast tilbod innan følgjande område (jf regelverk haust 2010):

- Reinhald av kjøkken, stove, soverom, bad/toalett og gang/entre og oppvask
- Personleg hygiene t.d. av- og påkledning, hjelp til dusj/hårvask.
- Sengeskiift.
- Hjelp til å sette opp handleliste, bestille varer og gjere innkjøp frå næraste butikk dersom handelsstanden ikkje bringar varer.
- Vasking og stryking av brukaren sine klede
- Tillaging av tørrmat, oppvarming av middag, hjelp til å bestille middag frå omsorgssenteret.
- Vask av vindauga - maks 2 gongar pr. år.
- Opplæring/trening i daglege oppgåver.

Det vert ikkje gjeve hjelp til storreingjering og reinhald av rom som brukar ikkje nyttar, rydding og oppvask etter besøkjande, hagearbeid, pussing av sølv, kobbar og messing, middagslaging/baking, snømåking, hjelp til husdyrhald, fylgje til lege, frisør m.m.

#### Praktisk bistand - opplæring:

Målet med tenesta er å gjere den enkelte brukar mest mogeleg sjølvstendig i dagleglivet. Dvs. hjelp til å skapa/oppretthalde eit sosialt nettverk, opplæring i husarbeid,

matstell/innkjøp, personleg hygiene, påkledning, klevask, økonomi, burettleing og til å strukturere kvardagen.

#### *Matombringing:*

Dette vert tildelt heimebuande som grunna helse- eller funksjonssvikt ikkje greier å lage varm mat sjølv. Middagen vert levert av heimetenesta.

#### *Tryggleiksalarm:*

Tenesta vert, etter individuell vurdering, tildelt åleinebuande utan tilsyn deler av døgnet. Søkjar må vere klar og godt motivert. Alarm til Alarmsentralen (Florø). Alarmen kan verte formidla attende til pårørande eller heimesjukepleie. Ingen akuttberedskap.

#### *Heimesjukepleie - pleie og omsorg utanfor institusjon:*

Tenesta er døgnbasert. Behov for heimesjukepleie må vera grunna i helsesvikt. Gruppa av brukarar er samansett og ein brukar kan vere mellombels eller kronisk sjuk, skadd, funksjonshemma eller alvorleg sjuk. Heimesjukepleie kan ikkje tilby følgje til lege/sjukehus eller tenester som vert dekkja av andre tenester, t.d. heimhjelp.

#### *Dagsenter:*

Føremålet med tenesta kan være hjelp til eigenomsorg, sosial støtte, aktivisering og opplæring i daglege gjeremål. Dagsenter er eit gratis tilbod for alle bebuarar ved eldresentra.

#### *Individuell plan (IP):*

Brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå det offentlege har rett til IP. IP er eit verktøy for samarbeid og skildrar tenester som brukar har behov for. IP synleggjer eit forpliktande samarbeid og ei ansvarsfordeling mellom ulike einingar.

#### *Brukarstyrt personleg assistanse(BPA):*

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp til personar med funksjonshemming som har behov for dagleg bistand, både i og utanfor heimen. Brukar har rolla som arbeidsleiar med ansvar for organisering, rettleing og innhald, alt innan dei tidsrammer som kommunen sitt vedtak gjev. Brukar kan styra kven han/ho vil ha som assistent, kva assistenten skal gjera og kvar og når hjelpa skal gjevast. Målet er å bidra til at brukar får eit aktivt og mest mogleg uavhengig liv - trass i funksjonshemminga.

#### *Omsorgsløn:*

Dette er ei ordning som skal gje kompensasjon til personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Med omgrepet "særleg tyngjande" meiner lova at oppgåvene må vare ei viss tid og ha eit

omfattande omfang. Omsorgsløn er ei teneste ein ikkje har rettskrav på og er oftast ei delteneste i tillegg til andre omsorgstenester.

#### *Tal tenestemottakarar i 2011:*

	2010	2011
Tryggleiksalarm	100	107
Praktisk bistand	154	166
Heimesjukepleie	184	237
Matombringing	93	109
Omsorgsløn	15	16
BPA	1	1

#### *262 Butilbod utanfor institusjon*

#### *Omsorgsbustadar:*

Omsorgsbustad vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein leiger bustaden og denne vert sett på som brukaren sin heim. Bustaden er lagt til rette for funksjonshemma. Leigetakar kan få heimetenester på vanleg måte. Ei samling av omsorgsbustader vert kalla eldresenter. Vi har 3 eldresenter i kommunen (Hafslo, Luster og Gaupne) og følgjande fordeling av omsorgsbustader (2011):

Hafslo:	16
Luster:	18
<u>Gaupne:</u>	<u>35 (27 i Gaupne, 8 Grandmo)</u>
<u>Sum</u>	<u>69 omsorgsbustadar i kommunen</u>

#### *Omsorgsplassar:*

Omsorgsplassar er ei buform som vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein kan, som heimebuande, få tenester frå heimetenesta. Ein leiger husværet og dette vert sett på som brukaren sin heim. Dagens omsorgsplassar har dusj, toalett, kjøkkenbenk og kjøleskap. Bebuaren kan nytte seg av felles vaskerom og kjøkken/stove (på gruppa). Straum og alle måltid (frukost, middag, kaffi og kveldsmat) er inkl. i husleiga. Måltida blir serverte på stova på gruppa. Det er etablert 8 omsorgsplassar ved Gaupne omsorgssenter og 9 ved Luster omsorgssenter. Pr desember-11 er det teke i bruk 6 plassar på Hafslo..

#### *Tildeling av omsorgsbustad/omsorgsplass:*

Tildeling av bustad skjer etter ei totalvurdering av søkjaren sin fysiske, psykiske og sosiale situasjon og ikkje etter ansiennitet. Dette inneber at det ikkje vert teke omsyn til kor lenge søkjaren har vore registrert med søknad til trygde-/omsorgsplass. Det er for tida venteliste.

#### *253 Sjukeheimane:*

Vi har tre sjukeheimar med 24 plassar i Gaupne, 24 i

Luster og 16 på Hafslo, til saman 64 plassar. Av desse er 8 plassar i Gaupne og 8 plassar i Luster for demente.

Kommunen sitt tildelingsteam står for tildeling av både sjukeheimplassar, omsorgsbustadar, omsorgsplassar og transport-/parkeringskort for funksjonshemma. Nemnda er samansett av leiar for sjukeheimetenesta, leiar for heimetenesta og helsesjef/kommuneoverlege. Tildelingsteamet har møte kvar veke og det vert ført protokoll frå møta.

Innafor sjukeheimane har vi med følgjande plasskategoriar:

- Langtidsopphald.
- Tidsavgrensa opphald (utredning/behandling, rehabilitering), avlastningsopphald, dagopphald og nattopphald.

Dei fleste nye som får plass på sjukeheim blir tildelt "Tidsavgrensa opphald". Dette er gjerne pasientar som treng opptrenning, rehabilitering eller utredning/behandling. Ved tildeling veg medisinsk-faglege forhold tyngst. Særleg vanskelege sosialmedisinske forhold vert og vektlagde. Ved kvar tildeling vert *alle* aktuelle pasientar vurderte. Vi opererer difor ikkje med ventelister, men prioriterer heile tida den eller dei som har dei tyngste behova.

#### Tildelte tenester i 2011 (tal opphald)

	2010	2011
Avlastningsopphald	17	22
Tidsavgrensa opphald	109	140
Nattopphald	0	0
Dagopphald	31	35
Langtidsopphald	79	80

Verktøyet "IPLOS" (Individbasert PLeie- og OmsorgsStatistikk) vert brukt ved vurdering av medisinske og pleierelaterte behov (og nivå for tenestetildeling), samt behov for sjukeheimplass. Verktøyet sikrar ei grundig og einsarta vurdering av alle pasientar og bidrar til gode interne prioriteringar. Alle kommunar vart frå 01.03.06 pålagde å bruke "IPLOS".

"Dagopphald" er eit aktiviseringstilbod for heimebuande eldre for å motverke einsemd og sosial isolasjon. I tenesta inngår middag og transport til og frå omsorgssenteret. Aktivitetsstova ved sjukeheimane har fast opningstid og aktivitetar som song, musikk, bingo, kulturinnslag og baking. Stova er open for pasientar ved omsorgssenteret, bebuarar i omsorgsbustadar og omsorgsplassar, samt heimebuande. Fotpleiar og frisør kjem til omsorgssentra etter avtale.



Frå legevisitt på Gaupne omsorgssenter.

#### 234 Aktivisering, eldre/funksjonshemma

##### Støttekontakt:

Støttekontakt vert nytta overfor born, unge og vaksne med psykiske problem, yngre og eldre funksjonshemma og familiar med samansette problem. Støttekontakten si oppgåve er å hjelpe den enkelte til ei meningsfull fritid. Oppgåvene kan innebera sosialt samvær, aktivisering og følge til fritidsaktivitetar.

##### Avlastning utanfor institusjon:

Tenesta er avlastningstiltak for personar/familiar med eit særskilt tyngande omsorgsarbeid. Avlastningstiltak kan vera besøksheim eller avlastningsbustad der tilsette i heimetenesta er avlastarar. Enkelte funksjonshemma barn kan ha eit så stort omsorgsbehov at dette overstig foreldra si omsorgsevne. I slike høve vil det føreliggja ei hjelpeplikt, som å tilby avlastning. Avlastinga skal gjera det mogeleg å oppretthalde gode familierelasjonar og bevare sosiale nettverk. Tenesta skal hindra utmatting hjå omsorgsgjevaren. Avlastning skal gje omsorgsgjevaren nødvendig og regelmessig fritid og ferie.

*Mottakarar av avlastning utanfor institusjon, støttekontakt og dagsentertilbod auka slik frå 2010-11 (tal tenestemottakarar pr. 31.12.11).*

	2010	2011
Avlastning utafør institusjon	13	16
Støttekontakt	44	45
Dagsenter	99	79

##### Ressurskrevjande tenester:

Gjeld tenester til brukarar med store/samansette hjelpebehov. Det blir, i tett dialog med pårørande/brukar, fatta vedtak i høve tenester som omsorgsløn, støttekontakt, avlastning, besøksheim, praktisk bistand,



Helse- og omsorgsplan 2010-2012 vart vedteken av kommunestyret i desember 2009.

Eit av tiltaka var: Leiarutvikling - starta opp leiarutviklingsprogram for leiarar innan heile tenesteområdet.

Her er leiargruppa i helse- og omsorg saman med Audhild Mork (t.h.) som har bistått i leiarutviklinga.

opplæring, brukarstyrt personleg assistanse etc. Behov og innsats innan dette er som elles i landet aukande.

#### *Inn på tunet (IPT):*

Prosjektperioden (2008-09) er over og tenesta er blitt eit integrert tilbod i heimetenesta. Tiltaket har synt gode resultat og er i tråd med målsetjingane i ny helse- og omsorgsplan om tidleg og aktiv/førebyggjande innsats og Demensplan 2015 – «den gode dagen».

#### *273 Aktivisering - Arbeids- og treningscenteret (ATS)*

ATS har oppretthalde og vidareutvikla tilbodet til eksisterande brukarar og teke inn mange nye gjennom året. Tilbodet til kvar einskild vert justert når utviklinga hjå den einskilde, eller utvikling i oppgåver, tilseier det. Oppgåvene vaskeri, kantinedrift, skule- og jobbfrukt, grøntarbeid/hagestell, tøyruote og flyttehjelp, pakking av bomullstøy, pakking av sand, rulling av tøy, montering og andre produksjonsoppgåver er i hovudsak vidareførte som i 2010.

Følgjande oppgåver er vidareutvikla:

- Grøntarbeidet: har fått oppdrag frå fleire bedriftskundar, samt ei rekkje privatkundar
- Posttruter: fleire einskildruter etter at Posten flytta til Coop-lokala
- Kantinedrift: utvikla nye produkt for sal
- Lokale sett i stand til bilreinhold (varm garasje)
- Starta opp prøvedrift av vaktmeistertenester

Vedproduksjon er ei viktig basisoppgåve, der dei fleste kan finna oppgåver tilpassa sitt evnenivå. Senteret driv ei omfattande individuell tilpassing m.o.t. arbeidsoppgåver, arbeidstid og graden av oppfølging.

Kompetanseutvikling og -utveksling er ein viktig del av arbeidet ved ATS. Senteret har gjennom året besøk frå ulike verksemdar og organisasjonar som ønskjer å få informasjon om, og sjå ved sjølvsyn, det arbeidet som vert utført ved senteret.

ATS sin del av den kommunale heimesida har blitt bygd opp att i løpet av året.

Senteret deltek på andre året i det internasjonale prosjektet "Auch wir arbeiten in Europa", som har som føremål å kartleggja og betra tilbodet til yrkeshemma på tvers av landegrensene. Framsyninga "Wittgenstein og eg"- historia om ein av brukarane sitt liv kopla med synspunkt frå Ludvig Wittgenstein sine verk – er også i år synt fleire stader i landet, m.a. ved Helsedirektoratet sin habiliteringskonferanse i Oslo hausten 2011.

Gjennom året steller ATS i stand mange sosiale arrangement, og dreg på opplevings- og studieturar. I juni 2011 feira senteret 20års-jubileum, der alle medarbeidarane var inviterte saman med mange andre gjester. Ved juletid arrangerer senteret julemiddag for alle medarbeidarane sine.

Fleire nye brukarar med større restarbeidsevne og høgare forventningar til jobbtilbod har søkt seg til ATS dei siste åra. Gjennom 2011 har ca. 1/3 av brukargruppa bestått av slike personar. Dette skjerpar kravet til meningsfulle og varierte oppgåver, samstundes som det opnar for nye mogelegheiter. Auka innsøking av personar frå NAV forsterkar denne tendensen. Det nære samarbeidet med ruskonsulenten er vidareført, og det er blitt tildelt prosjektmidlar til Psykisk helse for utvikling av jobbtilbodet til rus/ psykiatri/ drop-out-prosjekt.

ATS jobbar med nye modellar for jobbtilbod til yrkeshemma, som t.d. assistentoppgåver for miljøarbeidarar.

Brukartalet har i løpet av året lege på 32 – 35 personar. Tilsvarande tal i 2010 var ca. 30.

## Styringsmål 2011

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 11/12	Resultat 2011
				Luster	Landet		
Felles	B	Brukartilfredsheit (skala 1-4) • Heimetenesta • Sjukeheim – bebuar • Sjukeheim – pårørande	Brukarspørjing 2011	3,5	3,3	3,5	3,3
				3,8	3,3	3,7	3,7
				3,3	3,1	3,4	3,4
	B	Klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering 2011	0	-	0	0
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6) • Heimetenesta • Sjukeheim	Medarbeidarspørjing 2010	4,5	4,4	4,6	-
4,3				4,4	4,5	-	
M	Sjukefråvær (%) • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste	Fråværsstatistikk 2011	6,8	-	< 8,5	9,2	
			7,8	-		8,8	
Ten esta	B	Informasjon om tilbod (skala 1-4) • Heimetenesta • Sjukeheim	Brukarspørjing 2011	3,4	3,2	3,4	3,1
				3,7	3,2	3,7	3,7
	B	Respektfull behandling (skala 1-4) • Heimetenesta • Sjukeheim	Brukarspørjing 2011	3,6	3,4	3,6	3,5
				3,8	3,6	3,8	3,7
	B	Brukarmedverknad (skala 1-4) • Heimetenesta • Sjukeheim	Brukarspørjing 2011	3,4	3,1	3,5	2,9
			3,8	3,1	3,8	3,8	

B = Brukarmål M= Medarbeidarmål

### Kommentarar:

- Brukarundersøking 2011 - heimetenesta: Resultata er om lag som gjennomsnitt for landet. Vi vil ha meir fokus på informasjon og medverknad frå brukarane. Dette er dei områda der vi scorar dårlegast. Svarprosenten er låg. Dette er noko ein må ta med seg når ein skal vurdere resultata.
- Brukarundersøking 2011 Sjukeheimstenesta: Her er det som tidlegare sær gode resultat. Bebuarane trivst svært godt.
- Sjukefråvær: Høgare enn målsetjinga, men samanlikna med landsnivået er det bra.

### Aktivitet 2011

- Oppstart av toårig prosjekt – «Demensomsorgens ABC». Tilsette både frå heimetenesta og sjukeheimstenesta deltek.
- God samhandling med legane i høve utredning av demens blant heimebuande.
- Planlegging av nye pårørandegrupper innan demens er starta opp.
- Nytt dagtilbod for demente er under planlegging.
- Gjennomført opplæring og integrering i organisasjonen i høve ny helse- og omsorgslov og ny folkehelselov, som trådte i kraft 01.01.12.
- Samarbeid med frivillige organisasjonar. Faste opplegg og møtedagar på dei ulike omsorgssentra. Folkeakademiet har utvida tilbodet sitt, og det har vore auka oppslutning på tilstellingane deira.
- Oppretta prosjektgruppe i høve utgreiing om Lokalmedisinsk senter/ korttidseining i Gaupne. Planlegginga er i gang både i høve kompetanse, turnus og utstyr. Det vert arbeid for å nå målet om åtte korttidsplassar ved avd. Gaupne. Konsekvens - ikkje kunna tildele langtidsopphald ved avd. Gaupne sidan sommaren 2011.
- Fokus på informasjon. Informasjonsbrosjyrar vert sendt pasientar/brukarar i pleie og omsorg ved tildeling av tenester. Informasjonspermar, som skal ligge i alle omsorgsbustadar/ omsorgsplassar og pasientrom, er under utarbeiding.
- Leiar for sjukeheimstenesta og heimetenesta sender veke-/ månadsrapportar til Rådmannen.
- Gjennomført oppfriskingskurs i medisinhandtering.
- Gjennomført internundervisning i førstehjelp til alle tilsette.
- To sjukepleiarar avslutta vidareutdanning i akuttsjukepleie. Ein person til har starta opp hausten 2011.
- Vidareutdanning: tre sjukepleiarar innan lindrande behandling, ein innan slagbehandling og ein innan psykiatri.


- To helsefagarbeidarar tek nettbasert vidareutdanning innan eldreomsorg.
- Tre ressurssjukepleiarar innan kreftomsorg deltek i fylkesnettverket.
- I samarbeid med Brannvernet og Luster energiverk, har alle heimehjelparar hatt tilbod

om kurs i brannførebygging mynta på heimebuande eldre. Ca. 15 personar deltok.

- Leiargruppa PLO og helse har gjennomført leiarutvikling innan LØFT metodikk (løysningsfokusert tilnæringsmåte). Leiargruppa arbeider vidare med dette internt.
- Oppstart med turnusprogrammet NOTUS i august 2011.
- Gjennomført grunnopplæring av nokre tilsette i høve uttak av sum-rapportar i Gerica.
- Samhandlingsgruppa/ koordinerande eining har hatt faste møte ein gong i månaden.
- Åtte nye omsorgsbustadar ferdigstilte i Gaupne.
- Tenestekontoret er godt etablert og har m.a. fått auka kompetanse på vedtaksskriving. Sakshandsamar no alle tenester innan helse, PLO og ATS.
- Førebyggjande tiltak frå nov. 2011 - alle tilsette i PLO og ATS, har tilbod om trening med instruktør ein time pr. veke på treningssenteret i Gaupne.

## Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter til pleie og omsorg i kr. pr innbyggjar over 67 år:



Førebelse kostratal viser at Luster i 2011 har eit forbruk til pleie og omsorg på 125.000 kr pr innbyggjar over 67 år. Dette ligg over både kommunegruppe 3, fylket og landet og heng truleg saman med drift av tre sjukeheimsavdelingar, relativt store løyvingar til ressurskrevjande brukarar og busettingsmønsteret vårt.

## Økonomisk resultat drift

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 11(r)	Avvik	Rekn 10
234	Aktivisering eldre og funksjonshemma	5 916	6 495	9 %	5 673
253	Hjelp i institusjon	53 905	51 846	-4 %	49 288
254	Hjelp i heimen	42 288	39 645	-7 %	38 633
261	Butilbod i institusjon	4 001	3 447	-16 %	1
265	Butilbod utanfor institusjon	-1 066	-1 681	37 %	-1 571
273	Arbeids og treningssenteret	3 891	3 806	-2 %	3 285
	<b>Sum</b>	<b>108 935</b>	<b>103 558</b>	<b>-5 %</b>	<b>95 309</b>

Pleie og omsorg fekk ei budsjettoverskriding på 5,0% Dette gjeld i hovudsak overbelegg på sjukeheim og stor aktivitet i heimetenesta (jf. tabell under avsnitt 254 og 253), stor auke i korttidsopphald og heimesjukepleie. Pasientane kjem raskare heim frå sjukehus/psykiatri og dei har lågare funksjonsnivå når dei kjem (samhandlingsreforma). Det er inntektssvikt på omsorgsplass grunna behov for utlån av rom til sjukeheimsdrift. Noko overforbruk på vedlikehald av bygg.


## Økonomisk resultat investering

Tal i kr 1000	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Avvik
	2011	2011	2011	
26100 Omsorgsplassar Gaupne *	3 176	2 421	1 950	-755
26150 Hafslø Omsorgssenter **	753	1 143	0	390


\*Kostnader er i samsvar med framlagt byggjerekneskap, avvik kjem frå føring/ periodesering av statstilskot.

\*\*BU, skifte av ventilasjonsanlegg, fullføring over rekneskap 2012.





BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2009	1,0
2010	0
2011	0

## Sosial

### Organisering

Tenesteområdet består av NAV Luster og Sogn barnevern. NAV Luster er eit partnerskap mellom stat og kommune og Sogn barnevern ei interkommunal teneste mellom kommunane Leikanger, Sogndal, Balestrand (frå 1.09.11) og Luster - med Sogndal som vertskommune.

### Overordna mål

- Fremja økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Prioriterte grupper er ungdom, flyktningar, arbeidsledige, einslege forsørgjarar og barnefamiljar.
- Gje økonomiske råd og rettleiing til brukarar.
- Tett oppfølging av mottakarar av økonomisk sosialhjelp og aktiv bruk av arbeidsmarknadstiltak for å få flest mogleg over i arbeid/aktivitet og hindre nyrekruttering av sosialhjelps mottakarar.
- Systematisk arbeid med kvalifiseringsprogrammet
- Integrering av flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet og arbeidspraksis.
- Medverke til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.
- Sikre at barn og unge, som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.
- Samarbeide tett med andre faggrupper for å sikre best mogleg tenesteyting, og for å gje eit samla godt tenestetilbod til brukarar.

### Tenester og oppgåver – generelt:

*242 Sosial rådgjeving og 281 Økonomiske rettleiing:*  
Økonomisk stønad (sosialhjelp) er ein del av samfunnets økonomiske sikkerhetsnett og skal sikre at alle har nok midlar til livsopphald. Hjelpen er meint å vere midlertidig og skal bidra til å gjere den enkelte mottakar sjølvhjelpen, skape sosial tryggleik og betre levevilkår. Økonomisk sosialhjelp er ei skjønsmessig yting, alle søkjarar har krav på ei individuell vurdering ut frå sitt behov. Sosial ulikskap er meir enn noko anna knytt til

arbeidslivet og Nav har som mål at alle skal være i stand til å forsørge seg sjølv gjennom arbeid og aktivitet.

Råd og rettleiing i forhold til eigen økonomi er svært viktig i arbeidet med sosialhjelp. Føremålet er ikkje bare å løyse eksisterande problem, men å førebyggje at problem oppstår. Tilbodet kan innebere rettleiing i samband med oppsett av hushaldsbudsjett og til å få oversikt over eigen økonomi. Det vert arbeidd saman med brukar for å finne årsaker til overforbruk og tiltak for å redusere forbruket. Slikt arbeid gjev gode resultat hos mange av brukarane. Den einssilde rådgevar følgjer brukaren ved ev gjeldsproblem. Dei største gjeldssakene krev svært tett oppfølging. Det vert og gjeve hjelp til å førebu saker for namsmannen der ein ikkje har kome til ei løysing med kreditorane og brukar stettar krava til å få gjeldsordning.

#### *276 Kvalifiseringsprogrammet:*

Kvalifiseringsprogrammet er regjeringa sitt viktigaste verkemiddel for å motverke fattigdom. Programmet rettar seg mot personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne. Det handlar i stor grad om personar som - utan eit slikt program - ville vore avhengig av økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde over lengre tid. I 2011 gjekk tilskotet til kommunen sine ekstrakostnader til kvalifiseringsprogrammet inn i rammetilskotet og ein driftsbasert form. Programmet er eit tilbod om opplæring og arbeidstrening, det skal bestå av arbeidsretta aktivitetar i kombinasjon med andre tiltak som kan forberede overgang til arbeid. Rettleiar og brukar skal saman planlegge innhaldet i programmet. Det er viktig at brukar har stor innflytelse på programmet innhald og får tilpassa oppfølging.

#### *Flyktningtenesta:*

Frå 2010 har Luster kommune busett flyktningar frå Eritrea, og kommunen plikter å ivareta flyktningane m.a. gjennom introduksjonsprogrammet. Frå 1.09.11 deltok

flyktningane i kommunen sitt introduksjonsprogram som mellom anna gir rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap inntil to år, med ordinært arbeid eller utdanning som målsetting og etter kvart økonomisk sjølvstende. Språkpraksis er og ein viktig del av programmet. Innhaldet skal være individuelt tilrettelagt for aktivitet, det skal ta utgangspunkt i den enkelte flyktning sin bakgrunn og kompetanse - og deltakarene har rett på individuell plan. Ved busetting og deltaking i introduksjonsprogrammet får kommunen statlege løyvingar for deltakarane.

#### 251 Barnevernsteneste i familien:

Hjelpetiltak i heimen er som hovudregel frivillige tiltak der familien har samtykka. Å finne gode tiltak i heimen er alltid ei utfordring. Tiltaka skal etter lova vere tenlege for mottakar. Barnevernstenesta jobbar kontinuerleg med slike tiltak. Barnevernstenesta nyttar i stor grad privatpersonar som har overskot, ressursar og ynskje om å stille opp der det er behov for hjelpetiltak. Barnevernstenesta nyttar seg og av private tiltak som er etablert i Luster.

#### 252 Barnevernsteneste utanfor familien:

Plassering av barn utanfor heimen skjer både i fosterheim og institusjonar, alt etter behova til barnet. Slike plasseringar skjer både etter samtykke (frivillig) og ved omsorgsovertaking. Dette er utgiftskrevjande tiltak som berre vert gjort når det ikkje er mogleg å avhjelpe situasjonen ved å setje i verk hjelpetiltak i heimen. Barnevernstenesta er pålagt ved lov både å følgje opp barn som er plasserte og familien til barnet etter plassering.

### Styringsmål og resultat 2011

Ved vedtak i k-sak 30/10 vart styringsmåla for NAV

NAV Luster:

Innbyggjarkategoriar	Sosialstønad <sup>1)</sup>		Arbeidsavklaring		Kvalifiseringsprogram <sup>2)</sup>	
	Mål	Resultat	Mål	Resultat	Mål	Resultat
Innbyggjarar 18-24 år med norsk eller annan vestleg bakgrunn	3	-	10	7	1	0
Innbyggjarar > 18 år med annan etnisk bakgrunn	1	-	1	0	1	1
Andre innbyggjarar	6	-	117	121	3	2
<b>Alle innbyggjarar</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>128</b>	<b>128</b>	<b>5</b>	<b>3</b>

Kommentarar – jf tal i tabellen over:

Generelt: Det er godt samsvar mellom mål og resultat.

1) Det er ikkje mogleg å ta ut tal for dei tre innbyggjarkategoriane.

2) Det har gjennom 2011 vore 6 personar i kvalifiseringsprogrammet. 3 har slutta (ein har flytta, ein vart avslutta som følge av jobb og ein hadde brukt opp rettigheita). Pr 31.12.11 var det difor 3 personar som deltok i kvalifiseringsprogrammet.

Luster og Sogn Barnevern godkjende. Dette var "fyrsteverisjon" og det er i etterkant arbeidd vidare med måla, jf nemnde sak.

1) Ei *melding* kan kome til barnevernet som munnleg eller skriftleg bekymring på namngjeve barn, frå anonym eller namngjeve kjelde. Barnevernet må innan 7 dagar avgjøre kva som vert gjort med meldinga – anten leggest vekk eller følgjast opp.

Sogn barnevern fekk 1. kvartal 2011 to fristbrot knytt til gjennomgang av melding. Fristbrota var i månadsskifte januar/februar. Meldingane vart gjennomgått 16 dagar etter dei var mottekne. Sogn barnevern fekk difor to fristbrot på 9 dagar.

2) Når barnevernet har konkludert med at meldinga skal følgjast opp, er det ein frist på 3 månader for å gjere ei *undersøking* (i særskilde tilfelle 6 månader). Barnevernet vil då sjå nærare på saka og foreldre/føresette vert informerte. Sogn barnevern har ikkje fristbrot knytt til gjennomføring av undersøking i 2011.

3) Eit *hjelpetiltak* er som hovudregel eit frivillig tiltak og alle under 18 år skal ha tiltaksplan. Tiltaksplanen skal evaluerast jamleg og må difor redigerast/endrast om det oppstår endringar eller nye delmål skal nås. Av borna i Luster som mottek hjelp frå barnevernstenesta har 90,5 % av borna tiltaksplan gjennom heile året 2011. Resterande 9,5 % har tiltaksplan i store delar av 2011, men då det i evalueringsperiodar ikkje har vore overlappende planar får ein fristbrot. Det vert gjort plasseringar utanfor heimen og ein nyttar både fosterheimar og institusjonar. Nokre barn vert plassert i fosterheim hjå eigen familie. Ved ei plassering kan barnet plasserast

## Sogn barnevern:

Styringsmål			Status		Mål 2011	Resultat 2011
			Luster	Fylket		
Felles	B	Tal mottekne meldingar <sup>1)</sup>	30	412	30-35	39
		- tal henlagte meldingar	2	58	0	2
		- tal fristbrot (innan 7 d.)	0	18	0	2
	B	Tal undersøkingar i alt <sup>2)</sup>	28	370	30-35	36
		- tal henlagte undersøkingar	10	129	8	10
		- tal fristbrot (over 3 el. 6 md.)	10	48	0	0
	B	Tal barn i hjelpetiltak <sup>3)</sup>	48	764	-	53
		- tal barn som har tiltaksplan	-	85,2%	100%	90,5%

### Kommentarar – jf tal i tabellen over:

#### Generelt:

Sogn barnevern mottok jamleg bekymringsmeldingar med det formål å gjera kvardagen til det enkelte born lettare. Generelt kjem det fleire meldingar og tal meldingar frå det offentlege aukar. Tenesta opplever i større grad å få meldingar i pågåande saker. Desse meldingane vert ikkje registrerte som nye og vert difor ikkje rapportert inn. Sogn barnevern ser ein auke i omfang og kompleksitet når det gjeld sakene og under dette ein auke i talet på saker som resulterer i omsorgsovertaking. Det er høg aktivitet i Sogn barnevern og fleire tiltak vert sette iverk. Fleire familiar mottok hjelpetiltak av ulik karakter.

utanfor kommunen, noko som inneber endringar i høve byte av barnehage/skule og miljø. Når det ikkje føreligg samtykke, vert saka handsama av fylkesnemnda. Ved plassering av barn utanfor heimen vert rådmannen varsla (jf samarbeidsavtalen).

#### Aktivitet 2011

##### NAV Luster:

- 2011 vart eit år med mange endringar og utfordringar i bemanningssituasjonen.
- Leiar gjekk ut i permisjon 1.05.11 og ein sakshandsamar sa opp frå september.
- Det har vore tilsetningsstopp på statleg side.
- Frå april/mai 2011 har det vore 4 årsverk, samt flyktningkonsulent med 0,90 årsverk.
- Kontoret er organisert i forhold til teneste og yting, med ein person i mottak.
- Nye regler for oppfølging av sjukemelde vart innførte i juli 2011.
- Det er lagt vekt på tverrfagleg arbeid.
- 17 flyktningar frå Eritrea, 12 vaksne og 5 barn.
- 11 vaksne deltek i introduksjonsprogram med norskopplæring og språkpraksis.
- Det er etablert eit godt og konstruktiv samarbeid med dei kommunale einingar for arbeidspraksis og språkpraksis.

##### Sogn barnevern:

- 9,3 årsverk (inkludert barnevernsleiar, merkantilt og sakshandsamarar).
- Sakene vert fordelt med bakgrunn i kapasitet og kompetanse hjå sakshandsamar.

- To faste dagar pr. måned på eige kontor i Luster, faste kontaktpersonar.
- Det er sett inn mange tiltak i familiar med hjelpebehov som har hatt positiv effekt.
- Høg aktivitet i Luster med deltaking i faste møtefora, prosjekt og einskildsaker.
- HSP-møta (Helse og sosialpedagogisk) har fungert godt i Luster og ein ser at det å ha faste og kjende personar gjer samarbeidet lettare.
- Fokus på kompetanseheving for å leggje til rette for ei betre, meir effektiv og føremålstenleg barnevernsteneste for barn og familiar, samt auke rettstryggleiken for denne gruppa.
- Sogn barnevern har i 2011 lukkast med å redusere tal fristbrot, men har fortsett nokon mindre fristbrot som ein kontinuerleg arbeider med å rette opp i.
- Sogn barnevern tilsette pr 1.09.11 ein tiltaksarbeidar i ei prosjektstilling til arbeid retta inn mot familiar som treng både råd og rettleiing og praktisk hjelp i heimen. Sogn barnevern har positive erfaringar i høve dette, men ser at både kommune og stat bør arbeide tettare for å gje alle familiar det "rette" tilbodet.

## Økonomisk resultat drift


Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 11(r)	Avvik	Rekn 10
242	Sosial rådgjeving og rettleiing	1 442	1 496	4 %	1 042
243	Tilbod til personar med rusproblem	487	551	12 %	766
244	Barnevernsteneste	3 047	2 768	-10 %	1 611
251	Barnevernsteneste i familien	2 199	1 773	-24 %	1 772
252	Barnevernsteneste utanfor familien	2 734	3 425	20 %	3 313
275	Introduksjonsstønad	1 426	1 427	0 %	
276	Kvalifiseringsordninga x)	459	670	31 %	207
281	Økonomisk sosialhjelp	2 969	3 013	1 %	2 058
283	Tilskotsordningar Husbanken	191	87	-120 %	396
	<b>Sum</b>	<b>14 954</b>	<b>15 210</b>	<b>2 %</b>	<b>11 167</b>

Kommentarar – jf tal i tabellen over:

Under funksjon 276 *Kvalifiseringsordninga* er det eit underforbruk (31%). Dette kjem av at det har vore færre deltakarar på denne ordninga enn planlagt. Bakgrunn for dette er forklart under styringsmåla.

## Kostra-samanlikning


Netto driftsutgifter til sosialtenesta i kr. pr innbyggjar 20-66 år:



Førebelse kostratal for 2011 viser at utgiftsnivået i sosialtenesta i Luster har auka tilsvarende andre område frå 2010-11. Tabellen syner at Luster framleis ligg lågt på dette området.


## Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter til barnevernstenesta pr innbyggjar 0-17 år:




Førebelse kostratal for 2011 viser at dei kommunale utgiftene til barnevernet er på 6.800 kr pr. innbyggjar 0-17 år. Tilsvarende tal for 2009 og 2010 var på 5.100 kr, respektive 6.100 kr. Utgiftene aukar altså relativt sterkt. Luster ligg framleis godt under kostragruppe 3, men over fylkes- og landsnivået. I 2010 låg Luster på landsnivået, vi ligg no (2011) altså over dette.


Del barn med barnevernstiltak pr innbyggjar 0-17 år (%):



Førebelse kostratal for 2011 viser at del barn i barnevernstiltak i Luster auka frå 4,6% til 5,1% frå 2010-11. Vi ligg under kostragruppe 3, men elles relativt høgt.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2009	49,6
2010	46,6
2011	38,6

## Tekniske tenester

### Organisering

Tenestområdet omfattar stabseiningane Plan og Eigedom samt tenesteeininga Teknisk Drift.

### Overordna mål

- Sikre at Luster kommune har eit oppdatert plangrunnlag som til ei kvar tid er i samsvar med overordna mål for utviklinga av kommunen, dvs areal- og temaplanar som gir prinsipp og retningslinjer for bygge- og utviklingstiltak i kommunen.
- Sikre at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova.
- Yte god service og rettleiing til tiltakshavarar, innanfor dei rammer som gjeld i lovregulerte forvaltningssaker.
- Oppretthalde realkapitalen i kommunal eigedom. Sikre god drift og utvikling av kommunale bygg og anlegg slik at brukarar og medarbeidarar har gode rårer for sine tilbod og sitt virke.
- Gje den kommunale infrastrukturen (VAR) ein standard som gir innbyggjarar og næringsliv tilbod med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet, samt sikrar gode miljømessig løysingar til så gunstige priser som mogleg.
- Ha eit kommunalt vegnett som dekkjer innbyggjarane og næringslivet sitt behov slik at transporttilbodet kan bli trygt og rasjonelt.
- Sikre at kommunen har eit godt nivå på førebyggjande arbeid på teknisk område og at generell beredskap og vakt- og beredskapsordningar (brann, teknisk) gjer kommunen budd på unormale hendingar slik at skadeverknader og konsekvensar vert så små som mogleg.

### Tenester og oppgåver - generelt

Budsjettmessig har tenestområdet 16 funksjonar og i tillegg nokre plan-, forvaltnings-, drifts- og utviklingsoppgåver. Desse siste er budsjettmessig plasserte på andre funksjonar direkte eller via interne

overføringer. Hovudoppgåver:

- Kartforvaltning og oppmåling.
- Ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, spesielt arealplanlegging
- Forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar.
- Drift, forvaltning og utbygging av kommunal eigedom.
- Drift, forvaltning og utbygging av infrastruktur og tenester innan kommunalteknisk område.
- Førebyggjande brannvern (tilsyn, feiing), brann- og beredskapsoppgåver via SBR-IKS.

### 190 Drift

Budsjettmessig omfattar tenesta driftsutgifter for Teknisk drift, leiing, ingeniør, formenn, fagarbeidarar uteseksjon, vaktmeistarar og reinhaldarar, samt kostnader felles maskindrift.

*Budsjetteknisk legg ein opp til at funksjonen skal balansere, dvs at kostnadane vert dekkja opp ved sal av tenester til dei ulike tenestestadane, kommunale bygg og anlegg.* Tenesta sel og nokre tenester til kyrkjesektoren, bustadorganisasjonane og til private.

Vaktmeistertenesta dekkar heile den kommunale bygningsmassen for tilsyn og vedlikehald basert på årlege vedlikehalds- og byggutviklingsprogram. Snikkar og målar supplerar for større vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.

Teknisk drift har ansvar for reinhald av alle kommunale bygg, unnateke omsorgssentra. Vedlikehaldsavdeling har maskinkøyrarar, reparatør og røyrleggarar slik at kommunen kan dekkja opp ein relativt stor del av drift og vedlikehald av kommunalt vegnett og kommunale anlegg, samt vatn- og avløpsanlegg. Kommunal maskindrift disponerer ein større maskinpark. Kommunen kjøper tenester til noko vintervedlikehald av vegar samt meir spesialiserte vedlikehaldsoppgåver (ventilasjon, elektro mv). Desse utgiftene vert belasta aktuell tenestestad direkte.



*Veitastrendingane møtte mannjamnt opp då Statens Vegvesen og Luster kommune hadde orienteringsmøte om rassikringsplanane på Veitastrond 23. november 2011.*

### 265 Kommunale bustader

Kommunen har ein stor bustadmasse. Ein del er organisert i stiftinga SLU (Stiftinga Luster Utleigebustader) og bustadbyggjelag (Steinahagen), med eigne budsjett og rekneskap. Bustadmassen dekkjer kommunale bustadplikter, sosiale behov og ev. viktig rekruttering. Utleige vert administrert av Servicetorget og ei bustadnemnd står for prioritering/inntak. Leigesatsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. Vedlikehaldsoppgåvene vert dekkja av vedlikehaldsavdelinga og større arbeid vert gjort ved skifte av leigetakarar. Rådmannen v/Eigedom, ev SLU, har ansvar for sal og nybygg i kommunal regi.

### 301 Plansak

Tenesta har ansvar for overordna kommune- og samfunnsplanlegging med vekt på arealplanlegging, oppfølging av kommuneplanen sin arealdel med utarbeiding av reguleringsplanar, forvaltning av desse og handsaming av private reguleringsplanar. Tema- og utviklingsplanar for dei ulike tenestemråde skjer i regi av desse. *Det vert utarbeida årlege planleggingsprogram som følgjer budsjettet/økonomiplanen.*

### 302 Byggsak

Dette gjeld forvaltning og tilsynsoppgåver i medhald av plan- og bygningslova, herunder arealbruksplanar i medhald av lova. Vidare oppgåver er handsaming av byggesøknader, delingssøknader, dispensasjonar frå planar og veglov, utsleppssøknader og avfallsplanar, samt tilsyns- og sanksjonshandsaming i medhald av plan- og bygningslova og ureiningslova. Kommunen sine utgifter til forvaltning etter plan- og bygningslova vert delvis dekkja av kommunal

gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar.

### 303 Oppmåling

Tenestestaden skal syta for at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova (pbl §5). Nykartlegging og periodisk vedlikehald/oppdatering av kart skjer i all hovudsak gjennom avtalt samarbeid i Geovekst og NorgeDigitalt. Kommunen forvaltar delingslova og matrikkellova og tilhøyrande tenesteproduksjon, herunder registrering i medhald av matrikkellovgjevinga. Kommunen sine utgifter til forvaltning og tenesteproduksjon vert dekkja gjennom kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. ROS-kartlegging, digitalisering av arealplanar og digitalt planarkiv har ansvarsplassering på andre tenestestader.

### 315 Bustadbygging – bustadfelt

Budsjetteknisk vert det budsjettert nokre mindre vedlikehaldstiltak på kommunale bustadfelt som ikkje går inn under veg, veglys og VA. Tilskot til spreidd bustadbygging: Kommunen yter eit tilskot på kr 75 000,- pr tomt til spreidd bustadbygging etter nærare utarbeidde retningslinjer. Kommunal bustadbygging: Kommunen har store oppgåver i å leggje til rette for bustadbygging. Planlegging, opparbeiding og utvikling av bustadfelt. Kommunen har utarbeidd retningslinjer for tildeling av tomtar. *Jf elles investerings-/planleggingsprogrammet.*

### 330 Samferdsle

Kommunen sitt ansvar og engasjement er Solvornferja.

Anbudsperioden er t.o.m. 2013. Fylkeskommunen gir tilskot til tiltaket med grunnlag i skuleskyss og regional utvikling/ reiseliv, kr 460.000 pr år med tilsvarande avtalelengd. Leige av kai/ kaiområde vert ført på funksjonen.

### 333 Kommunale vegar

Kommunen har eit omfattande kommunalt vegnett, ca 120 km og plassar/parkeringsanlegg. Vegnettet, fast dekke, grusveg og bruer skal ha kontinuerleg vedlikehald sommar og vinter.

Drift og vedlikehald vert gjennomført i eigen regi, inkl. ein vesentleg del av brøyting i Gaupne. Brøyting elles i kommunen vert gjennomført via anbodkontraktar med private med avtale t.o.m. 2011/12.

Større tiltak på vegnettet vert gjennomført som anleggsutviklingstiltak med årlege prioriteringar.

Kommunen yter tilskot til vedlikehald av privat veg (1.333601).

### 334 Trafikktryggleikstiltak

Med utgangspunkt i kommunal trafikktryggingssplan vert det gjennomført ein årleg prosess for kartlegging, planlegging og gjennomføring av mindre tiltak. Det vert søkt om midlar til tiltaka. Tiltak som får tilskot, vanlegvis ca. 50% av kostnaden, vert prioriterte. Driftsmidlar dekkar mindre sikringstiltak.

### 338 / 339 Førebygging mot brann ogulukker/beredskap mot brann/ulukker

SBR-IKS overtok frå 1.05.11 ansvaret for både førebygging og beredskap mot brann/ulukker.

Gjennom SBR-IKS har kommunen ein brann- og ulukkesberedskap som ivaretek kommunen sine plikter i medhald av brannlovgevinga, deltek i ordninga i høve akutt ureining (IUA) og i det interkommunale selskapet ALSF (Alarmsentralen Sogn og Fjordane) for varslings/melding av brann og overvaking av tryggleiksalarmar.

### 345 Vassverk

Kommunal vassforsyning er omfattande og kjenneteikna av mange og relativt små vassverk.

Vedlikehald av 12 vassverk, 9 reinseanlegg og driftsovervaking minimum 2 gangar/dagleg.

Vassprøvar vert teke kvar 14 dag. Generelt vedlikehald, lekkasjesøk og reperasjonar etter behov/kapasitet. Talet på vassverk gjev mange utfordringar for å sikra nok og sikker forsyning

### 353 Kloakk

Som for vassforsyninga er det mange anlegg for drift og ettersyn. Tilsyn/vedlikehald på 33 kloakkpumpestasjonar og driftsovervaking minst 2 gangar/dagleg.

Kloakkprøvar vert gjennomført 4-6 gangar i året.

Generelt vedlikehald, reperasjonar av pumper og staking av kloakkrøyr, både for eige og private anlegg.

### 354 Tømming av slam

Tømming av slamavskiljarar vert gjennomført av Simas. Alt etter type anlegg er det tømming kvart år, anna kvart år eller fjerde kvart år.

### 355 Renovasjonsordninga

Kommunen får løyst sine oppgåver i det interkommunale selskapet Simas. Selskapet tek seg av innsamlingsordning og handsaming av innsamla avfall.

Simas kjøper tenester frå kommunen v/Teknisk Drift til drift av Miljøstasjonen i Gaupne. Budsjetteknisk er funksjonen plassert på 190. Det vert utforma ny avtale med verknad frå 2012, og føresetnaden er at kommunen skal ha kostnadsdekning for sitt arbeid.

### 357 Offentleg toalett

Her vert budsjettet tilskot til offentleg tilgjengelege toalettanlegg i kommunen og delar av kommunen sine utgifter til eigne anlegg.



Frå bustadbygginga på Hestnes E

## Styringsmål 2011

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2011	Resultat 2011
				Luster	Landet		
Felles	B	Brukartilfredsheit teknisk forvaltning og byggsak	Brukarspørjing	5,1	4,5	5,0	5,1 (2009)
	B	Tal klagesaker med omgjerung av vedtak	Registrering	0		0	0
	M	Medarbeidartilfredsheit, TD	Medarbeidar-spørjing	4,6	4,5	4,8	4,6 (2010)
	M	Sjukefråvær, TD (%)	Fråværsdata	5,4		<4,0	4,3
Ten området	B	Vasskvalitet, prøvar utanfor grenseverdi	Resultat vassprøvar	45		45	32
	B	Flaumskade kom. vegar	Registrering	2		0	7
	B	Gjennomførte branntilsyn (a-obj, %)	Kostra	100		100	-
	B	Sakshandsamingstid kartforretning (tal dagar)	Kostra	120		150	80
	B	Saksh.tid byggesak (dg); • 3v • 12v • Fristbrot Enkle byggesaker, over disk.		(43)		(20)	21 42 17 Ikkje innført
	B	Gjennomføringsgrad vedlikehaldsprogram (%)	Registrering	82		85	85
	B	Gjennomføring av reinhaldsstandard (%)	Reg / INSTA 800	80		85	85

B = Brukarmål

M = Medarbeidarmål

### Kommentarar:

- Det er ikkje gjennomført brukarspørjingar i 2011.
- 5 klager er sendt vidare til fylkesmann. Dette gav ingen omgjerungar av vedtak.
- Arbeidsmiljøet vert vurdert til å vere godt. måling synte betra resultat frå 2008 til 2010.
- Sjukefråværet har gått ned. Det er svært lågt hjå fagarbeidarar, noko meir utfordrande hjå reinhaldarar.
- Vassprøvar utanfor grenseverdi er godt innanfor måltal, hovudutfordringa er låg PH.
- Flaum på kommunale vegar har ikkje vore til å unngå (2 flaumar, mars og mai.), 7 større skadar er registrert.
- Det har ikkje vorte fullført branntilsyn i 2011, grunna overføring av oppgåver til SBR-IKS og avslutting av arbeidsforhold.
- Sakshandsamingstid kartforretning er redusert.(litt innleige og betra kapasitet frå hausten 2011)
- Sakshandsamingstid byggesak vert no registrert i nytt system. Saker ihht. plan har 3 v frist, "disp-saker" har 12v frist i ny plbl og det vert registrert tal saker med fristbrot. For 2011 var det ikkje definert eigne måltal.
- Vedlikehaldstiltak og gjennomføring av reinhald er i samsvar med plan.

### Aktivitet 2011

#### Eigedom og anlegg; drift, vedlikehald og utvikling.

- Endringar i bemanning er gjennomført som planlagt - reduksjon vaktmeister, gartnar, sommarhjelp samt nyrekruttering av fagarbeidar røyr. Det har vore mindre framdrift enn planlagt på utvikling av teamarbeid (vaktmeister og reinhald) digitalisering av timeskriving og samarbeid med andre kommunar. Det

er gjennomført vask av høge flater på mange bygg med hjelp av eigne krefter.

- Byggutvikling og større vedlikehald i 2011 er gjennomført i samsvar med planar med mindre tilpassingar. Ventilasjonsanlegg Hafslø omsorgsenter del 1 og 2, fullføring av oppussing kjøken og matsal Jostedal samfunnshus, nytt kjøken Luster barnehage, utviding/nytt arbeidsrom Jostedal skule, skifte av



ytterdørar same stad, måling av Veitastrond skule og mindre tiltak på rådhuset er gjennomført. Halvtak over lager ved SFO på Hafslo barne- og ungdomsskule er utsett i påvente av avklaring omkring byggeprosjektet. Uføresette hendingar med større kostnader; vasslekkasje og reparasjon av snøfangerar/ tak Hafslo barne- og ungdomsskule, brannalarmanlegg, nødllys, programvare, feilretting dørar og UPS - alt ved Luster omsorgssenter. Fokus på enøk-arbeidet er vidareført, men økonomisk effekt er ikkje i samsvar med forventning. Etterslep og periodesering påverkar dette resultatet.

- Dei kommunale byggeprosjekta under arbeid har hatt framdrift som planlagt. Omsorgsbustader ved Gaupne omsorgssenter, renovering av Helsesenteret med ambulansedel og nye Gaupne barnehage er ferdigstilt. Jostedal eldresenter er selt med overlevering til ny eigar, Fuhr bygg, 01.04.12. Arbeidet med Luster bad har i 2011 hatt framdrift som planlagt.
- Kommunal bustadmasse (inkl. Luster utleigebustader) er utnytta ca 86 % i 2011 (82 året før). Nærare vurdering av kommunal bustadmasse er under arbeid og vert vidareført. I tillegg startar arbeidet med ny bustadsosial handlingsplan i 2012. Skåråkeren burettslag er oppløyst og husværa vil verte lagt ut for sal. Borhaug bustadfelt i Solvorn er klargjort for utbygging og arbeidet med opprusting av veg og ny avlvsleidning starta opp hausten-11.

#### Plan og byggjeaktivitet

- Ny plan- og bygningslov og lov om naturmangfald (09/10) set strengare krav til utgreiingsarbeid, særleg knytt til tryggleik. Arbeid med arealplanar tek såleis lenger tid enn før. Elektroniske planregister, via Sognekart.no, fungerer bra. Eit rettleiingshefte retta mot dei som vil utarbeide og fremje reguleringsframlegg vart ferdig i mars. Ein har elles arbeidd med å få etablert ein mal for innhenting av tilbod på arbeid med arealplanar. Dette fungerer bra, men det er framleis tid- og ressurskrevjande å avgjere kven som skal få oppdrag med planarbeid.
- Kommunestyret handsama i møte 16.06.11, ei sak kalla "Kommuneplan 2007-11 og råd for planstrategi". I denne saka evaluerte kommunestyret erfaringane med bruk av gjeldande kommuneplan. Kommunestyret kom også med råd knytt til tema som bør vere med ved revisjon av kommuneplanen i perioden 2011-15. Erfaringane er at tiltak der kommunen har ansvaret, i stor grad blir følgde opp, medan private aktørar i mindre grad har følgd opp, t.d. ved utvikling av byggjeområde. Framlegg til kommunedelplan for mineralske råstoff vart utarbeidd og lagt fram for

formannskapet i november. Planframlegget vart deretter lagt ut til ettersyn. Kommunedelplanen vil bli innarbeidd i revidert arealdel.

- Reguleringsframlegg for nytt bustadområde på Hafslo, Beheim 2, vart lagt ut til ettersyn i februar. Fylkeskommunen gjennomførte arkeologiske registreringar i juli/august. Det vart påvist automatisk freda kulturminne. Arbeidet med reguleringsplanen har deretter lege nede i påvente av at Riksantikvaren skal ta standpunkt til søknad om frigjeving. I Gaupne vart arbeidet med reguleringsplanar for bustadområda Salen og Verket 2 starta opp våren 2011. Reguleringsarbeidet blir utført av konsulentar. Planframlegget for Salen har lege ute til ettersyn. Begge stader må det gjerast arkeologiske registreringsundersøkingar i 2012. For Verket 2 er det og sett fram krav om flaumsoneberekningar pga nærleiken til Engjadalselvi. Dette må gjerast før planframlegget kan fremjast vidare.
- Det vart utarbeidd ny kommunal plan for trafikktrygging for åra 2012-23. Planen, som m.a. utgjer grunnlaget for årlege søknader om statlege midlar til trafikktrygging, vart vedteken av kommunestyret i september 2011.
- Privat "Masterplan for Heggmyrane" vart handsama i kommunestyret 16.06.11. Med bakgrunn i planen stilte kommunestyret seg positiv til kommunalt engasjement i utviklinga av området på og ved Sogn skisenter. Kommunen er med i både prosjekt- og referansegruppa for utarbeiding av forvaltningsplan for Ornes. Dette gjeld området utanfor det som formelt er freda etter lov om kulturminne. Fylkeskommunen står for utarbeiding av planen. Det er her ein del uavklåra spørsmål knytt til formell status. Planframlegg vart sendt ut på ei avgrensa høyring sommaren 2011.
- Kommunestyret vedtok desse 4 reguleringsplanane i 2011:

Dato	Plan
26.05.11	Reguleringsendring Gaupne sentrum, Tomt for ambulansegarasje, friområde.
16.06.11	Reguleringsplan Neshøgdi bustadfelt. Privat bustadområde på Nes. 12 tomter.
27.10.11	Reguleringsendring Dale, Solstrand Omregulering av turist-anlegg til private, sjølveigande fritidshus.
15.12.11	Reguleringsplan rassikring av Buskredene på Veitastrondsvegen. Tilrettelegging for rasvollar.

- Det vart ikkje meldt oppstart av private reguleringsframlegg i 2011.

- Aktivitetsoversikt ”bygging” dei 2 siste åra:

Sakstypar	2011	2010
Utvalssaker (PFS)	14	24
Tiltaksløyve § 20-1	81	56*)
Tiltaksløyve § 20-2	60	70
Rammeløyve § 21-2	6	7
Igongsetingsløyve § 21-2	8	*) inngår.
Tekne i bruk	62	73
Utførte tilsyn	0	0
Utsleppsløyve	7	5
Sum einskildvedtak	238	235

NB! Plansaker er ikkje med i oversikten.

- Geografisk oversikt over tiltaksløyve for nye bustadar i og utanfor (merka med \*) regulerte felt.

GAUPNE:	8 – 0*	HØYHEIMSVIK:	1 - 0*
HAFSLO:	7 – 1*	NES:	0 – 1*
INDRE HAFSLO:	2 – 1*	VIGDALEN:	0 – 1*

- Tilsyn: Det er ikkje utført tilsyn i byggesaker i 2011. Grunnen er at kjøp av tilsynstenester frå Sogn Brann og Redning IKS (jf. k-vedtak i sak 15/11) ikkje kom i gong i 2011.

- Utvalssaker (PFS), eksklusive reguleringsplanar og reguleringsendringar: 7 saker med dispensasjon frå plan (LNF), 5 klagesaker på plbl-vedtak (avgjort av fylkesmannen), 2 mellombels byggeforbod i regulert område (§ 13-1), 2 førehandsvarsel i høve ulovlege tiltak, 1 pålegg med rettingsfrist og varsel om sanksjon (ulovleg tiltak). Rådmannen har i medhald av delegert mynde gitt dispensasjon etter kap.19 i 9 saker.

- Kart og oppmåling arbeider i ein overgangsperiode med saker både etter ny matrikkellov og tidlegare delingslov. Me har framleis ein god del saker, med mellombelse målebrev, med frist for ferdigstilling innan 31.12.2012. Det er realistisk å greie denne fristen. Samtidig ser me at nye saker etter matrikkellova er tidkrevjande. Gardskartprosjektet har vore ein større aktivitet med korrigerering av eigedomsendringar. Det er påstarta eit prosjekt der målet er å tildela offisielle adresser til heile kommunen.. Det er kjøpt inn ei ny utrustning for satelittmåling. Bemanninga er styrka på slutten av 2011.

Nye saker i rapporteringsåret	35 (45)
Matrikkelførde eigedomar - delingslova	44 (48)
Matrikkelførde eigedomar – matrikkellova	25 (16)
Overheng pr. 31.12.2011	45 (50)

*Infrastruktur, veg og anlegg.*

- Rapporteringsåret har vore svært krevjande for det

kommunale vegnettet med svært mange snøfall og to flaumsituasjonar. Driftsutgiftene for veg i 2011 vart på 8,6 mill. kr, mot 5,9 - 6,9 mill.kr føregående år. I 2011 vart det store kostnader med vårarbeid (høvling og salting) etter ein hard vinter og to flaumsituasjonar. Kommunen fekk refundert 400.000 kr. frå fylkesmannen. For 2011 er vinterutgiftene til snøbrøyting og strøing spesielt høge, ca 3.8 mill.kr. Kostnadene med veglys syner og overskriding i høve budsjett. Både straumutgifter og vedlikehald syner overforbruk. Solvornferja har aukande trafikk, tal reiser i 2011 er 41.679. Tiltak busslomme i Skjolden blir fullført i 2012.

- Sogn Brann og Redning IKS kom i drift frå 1.05.11. Selskapet har overteke oppgåver og ansvar som planlagt. Tilsynsaktiviteten etter § 13 på særskilde brannobjekt har grunna overgangen vore svært liten i 2011. Ut over dette er oppgåvene tekne i vare på ein god måte. Brannvernet i Luster har hatt 23 (27) utrykkingar i 2011. Nyrekruttering og kompetanseutvikling er ei utfordring som IKS-selskapet tek tak i. Økonomisk har overgangen til det interkommunale samarbeidet redusert nettoutgiftene med 300-400.000 for Luster kommune.
- Det er vedteke revidert VA-forskrift med nokre presiseringar i høve tidlegare forskrift. Arbeidet med lekkasjesøk har ikkje hatt tilfredstillande framdrift sjølv om det er funne og utbeta to store vasslekkasjar på Hafslo vassverk og utbeta vasslekkasje i Fortun. Ureining/ fare for ureining utløyste krav om nytt basseng på Melheim og det er på plass. I samband med brannen på Bresenteret har vi hatt kostnader med oppbygging av provisorisk vassverk. ”Dagmar” påførte vassforsyninga store kostnader med å gjennomrette vassforsyninga til Indre Hafslo. Driftskostnadane på VA-området har auka. Det er ekstra lønskostnader ved auka ingeniørressurs, rekruttering av ny røyrleggar/2 stillingar ein periode, ekstra utgifter på det generelle vedlikehaldet og manglande budsjettering av slamtømming av kommunale tankar. Sjølvkostrekneskapet syner dekking på 99,4% for vatn og 71,4% for avløp.
- Driftsnivået på miljøstasjon aukar framleis - stor etterspurnad og ytterlegare nye krav til sortering/handtering. Arbeid vert utført for SIMAS, i henhold til avtale. Det er framleis visse utfordringar med slamtømminga ang frekvens for tømming, fakturering mv.

Hans-Morten Blikseth er tilsett som brannsjef i den "nye brannkommunen". Her poserer han i framgrunnen med dei fem samarbeidande ordførarane.



#### Økonomisk resultat drift:

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 11(r)	Avvik i %	Rekn 10
190	Teknisk drift	0	25	100	0
265	Kommunale bustader	-194	147	232	298
301	Plansak	450	435	-3	212
302	Byggesak	444	792	44	664
303	Oppmåling	782	1 541	49	439
315	Bustadbygging	601	595	-1	-216
330	Samferdsel	1 780	1 667	-7	1 674
333	Kommunale vegar	12 760	11 294	-13	7 867
334	Trafikktryggingstiltak	201	250	20	0
335	Parkar, plassar og torg	874	904	3	-115
338	Førebygging mot brann og ulukker	517	625	17	829
339	Beredskap mot brann og ulukker	3 044	3 148	3	2 984
345	Vassverk	-1 121	-1 431	22	-3 411
353	Kloakk	341	-531	164	-1 688
354	Tømming av slam	-154	0		29
355	Renovasjonsordninga	15	15	0	-92
357	Offentlege toalett	113	130	13	116
	<b>Sum</b>	<b>20 453</b>	<b>19 606</b>	<b>-4</b>	<b>9 590</b>

#### Kommentarar:


- 265 Mindre vedlikehald enn planlagt.
- 302 Vesentleg større gebyrinntekter på byggesak enn budsjettet.
- 303 Større gebyrinntekter på oppmåling enn budsjettet. Feil i revidert budsjett på ny stilling der det vart lagt inn lønsmidlar for heile året i staden for 3 månader som er belasta.
- 330 Støtte til reoperasjon av Luftputebåt var ikkje budsjettet.
- 333 Vesentleg kostnadssprekk på kommunale vegar, flaum og spesielt vintervedlikehald. I revidert budsjett vart område styrka med 800.000 kr.
- 338/339 Overgang til SBR-IKS har redusert kostnader, - er og omsyneteke i revidert budsjett.
- 345 Auka drifts- og vedlikehaldsutgifter.
- 353 Stor auke i drifts- og vedlikehaldsutgifter, samt belastning for slamtømming av kommunale tankar for 2 år er belasta rekneskap.
- 354 Ikkje reelt mindreforbruk på grunn av utfordringar med periodisering i høve Simas og avrekning.

## Økonomisk resultat investering:


Tal i kr 1000	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Avvik
	2011	2011	2011	
30301 Oppmåling, nykartlegging og utstyr.	325	790	500	465
31500 Bustadfelt – infrastruktur.	0	3 350	1 500	3 350
31505 Bustadtiltak	40	1 123	0	1 083
31510 Rassikring Røselebakane	12	220	0	208
31552 Hestnes bustadfelt	168	0	0	-168
Sluttarbeid, finansiert ved avsetjing/fond.				
31555 Høyheimsvik	6	0	0	-6
31556 Bustadfelt Verket	95	540	0	445
31562 Bustadfelt Solvorn	2 392	4 983	5 000	2 591
Planarbeid, grunnnerv,.				
31565 Beheim II , planarbeid	341	300	0	-41
31567 Verket II, planarbeid	86	200	0	114
31568 Bolstadmoen	0	100	0	100
31569 Salen, planarbeid	139	150	0	11
33301 Kjøp av Bilar og Maskiner	356	350	350	-6
33304 Parkeringsplass Ornes	79	78	0	-1
33349 Kommunale vegar	982	900	0	-82
Opprusting, i hovudsak Røneidsvegen.				
33373 Krekavegen	124	317	0	193
33401 Trafikktryggingstiltak.(planarb., Skjolden)	418	0	0	-418
Finansiering, tilskot og egne midlar, ført anna stad og inntrekt ved årsoppgjær 2010.				
33570 Opprusting av Gaupne sentrum	434	450	0	16
Jf tertialrapport II og gangveg ved barnehage.				
33571 Tettstadopprusting Skjolden	76	234	0	158
33574 Sentrumsopprusting Dale	0	177	0	177
33575 Gjerde Sentrum + Bru	0	200	200	200
33576 Skuleområde Hafslø, veg/parkering	16	1 000	1 000	984
33801 Brannførebygging	1 892	0	0	-1 892
Verdsetjing av bilar, utstyr overført til SBR-IKS.				
33804 Brannsikringsplan Solvorn	73	0	0	-73
Tiltak er finansiert/dekka av eksternt tilskot.				
33991 Brannstasjon	0	150	0	150
34549 Vassforsyning. (basseng Melheim)	538	3 475	2 750	2 937
34556 Hafslø Vassverk	0	212	0	212
35302 Avløpstiltak, (pumpehus, planarbeid.)	458	2 990	1 000	2 532
35357 Avløpsanlegg Gaupne	343	339	0	-4

## Kostra-samanlikning


Netto driftsutgifter til eigedomsforvaltning i kr. pr innbyggjar:



Førebelse kostratal for 2011 viser at kommunen sine utgifter til eigedomsforvaltninga var på nivå med 2010. Vi ligg framleis på nivå med kostragruppe 3 og elles relativt høgt. Dete må m.a sjåast i samanheng med at kommunen har mange m2 bygg.



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2009	6,0
2010	6,0
2011	6,0

# Næringsutvikling og naturforvaltning

## Organisering

Tenestemrådet er organisert i ei stabseining (næring) og ei resultatseining (landbruk og naturforvaltning).

## Overordna mål

- Halda oppe talet på arbeidsplassar i kommunen, både i landbruket og andre næringar.
- Vidareføra den kommunale næringspolitikken som skissert i vedtak i k-sak 51/09
- Leggja til rette for fast busetnad i heile kommunen, jf areal- og eigedomsforvaltninga.
- Leggja til rette for friluftsliv og sikre innbyggjarane tilgang til jakt og fiske.
- Ta vare på eit representativt tverrsnitt av naturtypar og naturkvalitetar for framtidige generasjonar og sikre levelege vilkår for vilt og fisk
- Ta vare på kulturlandskapet og få redusert/stansa attgroinga.
- Gjere berekraftig utvikling til eit overordna prinsipp ved all planlegging og drift.

## Tenester og oppgåver - generelt

### 320 Kommunal næringsverksemd

- Gjeld i hovudsak inntekter ved sal av konsesjonskraft
- Leigeinntekter for næringsbygg elles er budsjetterte på bakgrunn av avtalar

### 325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

- Kontakt/samarbeid med næringslivet og samarbeidande partar som Innovasjon Noreg, fylkesmannen si landbruksavdeling, fylkeskommunen og bankvesenet.
- Forvalte kommunen sitt konsesjons- og næringsfond.
- Delta i utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden.
- Til ei kvar tid ha ledige tomter og bygg for næringstiltak

- Betra kompetansen i næringslivet
- Vera aktiv i arbeidet med å vidareutvikla reiselivet m.a. i samarbeid med Reismål Sogndal og Luster AS

### 329 Landbruksforvaltning

- Betra lønsemda innan tradisjonelt landbruk
- Få bestanden av rovdyr ned på streifdyrnivå
- Få etablert lønsame tilleggsnæringar på gardsbruk
- Satsa på "Inn på tunet"-tilbod
- Handsama og kontrollera saker i høve Innovasjon Noreg (BU-ordninga).
- Hjelpa dei som tek kontakt med søknader til Innovasjon Noreg.
- Handsama saker etter gjeldande lovverk (jordlov, konsesjonslov, odelslov mv).
- Følgja kommuneplanen ved avgjerder som vert fatta i areal- og eigedomsforvaltninga, t.d ved å utøva ein liberal frådelingspolitikk av bustadtomter på uproduktiv mark.
- Følgja opp og yta hjelp til gardsformidlingsprosjektet som starta opp august 2010
- Sakshandsama og kontrollera statlege støtteordningar som areal-, kulturlandskaps- og produksjonstillegg for landbruket, SMIL-midlar m.m.
- Landbruksfagleg rettleiing og planlegging.
- Handsama saker om elveforbygging og kraftutbygging
- Føra tilsyn med elveforbyggingar i samsvar med instruks frå NVE. Synfara alle anlegg minst kvart femte år. Jamn aktivitet tilseier kontroll av ca 25 anlegg kvart år.
- Administrera veterinærordninga for kommunane (3) i Luster veterinærdistrikt. Syta for tilgang til veterinær heile døgnet, alle dagar i året. Betala ut godtgjeringar og tilskot.

### 360 Naturforvaltning

- Viltforvaltning, fiskeforvaltning, miljøforvaltning og forvaltning av verneområde.

## Styringsmål 2011

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 11/12
				Luster	Landet	
Felles	B	Brukartilfredsheit	Brukarspørjing	-	-	-
	B	Tal klagesaker med omgjering av vedtak	Registrering	1	-	0
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Medarbeidarspørjing	-	-	-
	M	Sjukefråvær (%)	Fråværsstatistikk	1,0	-	< 2,5

B = Brukarmål

M = Medarbeidarmål

- Fjelloppsyn. Utføre naturoppsyn etter avtalar med ulike oppdragsgjevarar. I tillegg utføra oppsyn på område der kommunen sjølv er sett til å handheva regelverk.
- Føra ein aktiv politikk for hyttebygging
- Oppfølging av handlingsprogram for friluftslivet i gjeldande kommunedelplan.
- Følgja opp handlingsprogrammet i kommunen sin vedtekne miljøplan
- Arbeida for å få staten til å ta større ansvar for uttak av skadedyr/rovdyr.
- Gjennomføra dei kommunale oppgåvene med jegerprøven i samsvar med instruks.
- Arbeida med miljøfagleg rettleiing og yte hjelp til skular i prosjektarbeid i den grad det er kapasitet til det.
- Utøva forvaltningsansvaret for verneområde kommunen har fått ansvaret for – i tråd med gjevne vernereglar og innarbeidd praksis i kommunen.
- Følgja opp prosjektet ”Naturarven som verdiskapar” og samarbeide med forvaltningsstyra og statlege stillingar knytt til oppsyn og forvaltning av verneområda.
- Arbeida for å få grunneigarane til å ta eit større ansvar for hjorteviltforvaltninga og få oppretta fleire storvald basert på godkjende, fleirårig bestands- og avskytingsplanar.

### Aktivitet 2011

Talet på vedtakssaker i næringsutvalet var i 2011 på 30 saker, mot 31 i 2009.

Luster kommune er ein aktiv part i svært mykje av utviklingsretta aktivitet i næringslivet lokalt. Det gjeld særleg finansieringssaker, men også som ein instans for drøfting og vurdering av ulike tiltak. Kjøp av næringsareal frå kommunen er og eit viktig saksområde.

Kommunestyret gjorde i sak 51/09 fylgjande vedtak (”Luster kommune sin næringspolitikk”):

*1. Luster kommunestyre vedtek at vedlagde næringsnotat, med dei endringar og tillegg som ligg i rådmannen*

*si saksutgreiing, skal vere eit sentralt element i kommunen sin næringspolitikk.*

*2. Næringsnotatet vil, saman med vedtektene til konsesjons- og næringsfondet og kommuneplanen sin næringsdel, gje hovudlinene i Luster kommune sin samla næringspolitikk.*

Dokumenta som vedtaket byggjer på vert no nytta som utgangspunkt både for administrativ og politisk handsaming av nærings saker.

#### Næringsfondet

Dei fleste sakene i næringsutvalet er finansieringssaker i høve næringsfondet. Pr. 31.12.11 er det utlånt 57,6 mill.kr til næringslivet frå dette fondet. Næringsfondet hadde i 2011 389.000 kr i tap på utlån. I 2011 var renteinntektene på lån til næringslivet frå fondet på vel 1,5 mill.kr. Næringslivet betalte inn vel 5,7 mill kr i avdrag på lån til fondet. Det vart utbetalt 7,4 mill kr i nye lån frå næringsfondet til næringslivet i 2011.

#### Næringsareal

Luster kommune har næringsareal tilgjengeleg i Gaupne og Jostedalen. På Hafslø er det ikkje att ledige næringsstomtar i Galdatoppen næringsområde. Nye næringsstomtar på Hafslø vil kunne vere klare i starten av 2013. Det vil då bli to nye tomter tilgjengelege.

Kommunen er eigar av ein industrihall ved sida av LMI, som har vore utleigd til LMI i 2011.

Næringsbygget i Jostedalen har vore utleigd til Bionordic fram til selskapet gjekk konkurs. I budsjettet for 2012 er det vedteke leigeprisar for kommunale næringsbygg, med ein stigande leigepris til lengre leigeperioden varer.

Det er ledig næringsareal i bygg eigd av private, fleire stader i kommunen. Dette er areal som kommunen i hovudsak har oversikt over, slik at potensielle leigetakarar kan bli formidla direkte til utleigarane. Det vert også bygd nye næringsbygg av private eigarar.

#### Samarbeid med andre

Luster kommune har økonomiske ressursar til å vere med

å finansiere næringsutvikling. Det vert likevel arbeid aktivt i høve andre offentlege finansieringsinstitusjonar for å oppnå finansiering også frå desse. Både i høve Innovasjon Noreg, Fylkeskommunen og Fylkesmannen gjennom bygdeutviklingsmidlar er det god dialog i nærings saker.

Det er viktig for administrasjonen å halde seg oppdatert på endringar i verkemiddelapparatet, for å vere ein så god fagleg rådgjevar som råd. Det er mange verksemdar i Luster som har medfinansiering frå dei ovannemnde offentlege institusjonane.

I høve bankvesenet er det og ein svært god dialog i finansieringssaker.

#### *Spesielle prosjekt*

Det er fleire søknader frå Luster om kraftprosjekt som no er til konsesjonsvurdering hjå NVE. I 2011 kom det melding om at kapasitetsvanskar førde til at det er umogeleg å få produksjon frå nye kraftverk inn på linenettet. Ingen nye kraftverk i Sogn får såleis tilgang til nettet før lina Fardal-Ørskog er klar (tidlegast 2015)

I 2011 er Luster kommune vorte deltakar i tre større prosjekt:

- "Folk i fleire hus", finansiert av Luster kommune og fylkeskommunen. Her skal det arbeidast for å få fleire tome gardsbruk og tome hus i kommunen ut på sal. Prosjektet er toårig med prosjektleiar i halv stilling og ei eiga styringsgruppe. Grunna jobbskifte har dette prosjektet hatt ein "roleg" periode i deler av 2011.
- "Mat langs nasjonale turistveger", med finansiering frå statleg og fylkeskommunalt nivå, i tillegg noko frå kommunenivået. Landbruks- og matdepartementet og Nasjonale turistvegar er initiativtakarar. Sognefjellsvegen er pilot i satsinga saman med Valdresflye og Rondane-vegen. Oppstart var hausten 2010, prosjektleiar er tilsett med base i Lom. Etter kvart skal fleire nasjonale turistvegar fasast inn i prosjektet.
- Prosjektet "Mellom fjord, fjell og folk" fekk i 2010 finansiering gjennom "naturarven" som er finansiert av Miljøverndepartementet og Kommunaldepartementet. I Luster er det tilsett prosjektleiar i full stilling og det er oppretta ei brei styringsgruppe. Prosjektet skal gå til 2013. Sjå eiga temaside.

Ei utfordring for Luster til liks med mange andre distriktskommunar er at ein svært stor del av ungdommane tek høgare utdanning og at lokal arbeidsmarknad for personar med høg utdanning ikkje er stor. Luster er likevel i ein betre posisjon enn mange andre kommunar, fordi vi har kort avstand til Sogndal/Leikanger. Ei utfordring vert då å gjere lustrasamfunnet

attraktivt å bu i, sjølv om arbeidsplassen til folk ligg i nabokommunen.

Luster kommune deltok i 2011 som ein del av Sogn Regionråd på "Framtidsfylket" sine rekrutteringsmesser. I møte med ungdom frå kommunen - som tek høgare utdanning - vart spørsmål om "relevant" arbeid viktig.

Det har vore arrangert temamøte for næringslivet saman med Luster Sparebank. Tema for møtet i 2011 var presentasjon av Avery Dennison NTP og LMI sine planar. Det var svært godt oppmøte. Hausten 2011 var det også halde seminar med næringsutvikling som tema, i eit samarbeid mellom Luster kommune, Luster Sparebank og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Over 100 deltakarar inkludert elevar frå 9. klasse og studentar var med.

Fleire av industriverksemdene i Luster har hatt vekst i 2011. Grunnlaget for vekst har vore ei målmedviten satsing på kompetanseutvikling, marknadstilpassing og marknadssatsing og investering i teknologi .På mange vis er fleire av industriverksemdene i kommunen i skjeringpunkt mellom produksjon, utvikling og tenesteyting. Dette gjeld særleg utviklinga på Avery Dennison NTP AS der posisjon som "utviklingssenter" for eit stort internasjonalt eigarselskap er i ferd med å bli viktigare enn produksjonen av merker.

Dei to største industriverksemdene i kommunen; Avery Dennison NTP AS og LMI AS er no begge eigde av store internasjonale selskap. NTP er eigd av Avery Dennison som har 36.000 tilsette og er representert i over 60 land. LMI er eigd av Framo Engineering AS. Framo Engineering vart sommaren 2011 heileigd av selskapet Schlumberger, som er verdas største selskap innan "oljeutstyr". Internasjonale eigarskap gjev mulegheiter, men det er også ei utfordring med hovudkontor langt borte frå Luster.

#### *Reiselivet*

Reisemål Sogndal og Luster AS, som organiserer reiselivet i dei to kommunane, er sentralt i utvikling og felles marknadsføring. Selskapet er lokalisert i Pyramiden og har ved utgangen av 2011 tre medarbeidarar.

Reiselivet er ei næring som må arbeide i ein internasjonal marknad. Sesongen 2011 var for dei fleste verksemdene positiv. Reiselivet i Sogn var ein vinnar i Fjord Norge sesongen 2011. Frå 2000-2010 auka tal overnattingar i Sognefjorden med 30,8%. I Hardanger var auken 7,2% og i Nordfjord berre 3,2%.

Luster hadde i 2001 26.559 hotellovernattingar (SSB),

eit tal som auka til 37.300 i 2011. I 2001 var det 56.800 overnattingar på camping og i hytte, i 2011 var det 59.068 slike overnattingar. Utviklinga har såleis vore positiv dei siste åra.

I 2011 var det 42.000 overnattingar frå utanlandske gjester på hytter/camping i Luster. Det var 17.069 norske overnattingar i 2011 i Luster på hytte/camping. Det er Nederland og Tyskland som er dominerande utanlandmarknader på hytte/camping (om lag 15.000 overnattingar frå kvar marknad). På hotell var det 22.144 norske overnattingar i 2011 i Luster, medan det var 15.198 utanlandske overnattingar. Tyskland (4500 overnattingar) og Spania (2700 overnattingar) var dei største utanlandsmarknadene i 2011.

I reiselivet i Luster, er det som elles i Sognefjordområdet og i dei rurale delene av Fjord Norge, store sesongsvingingar. Svært mange senger er ”kalde” store deler av året. Mange verksemdar held stengt i store deler av året. Dei fleste verksemdene er familieselskap, dvs drifta er avhengig av stor innsats i sesongen frå heile familien. Det er lite likvid eigenkapital, men næringa er investeringsviljug.

Cruiseturisme med utgangspunkt Skjolden var i god utvikling i 2011, og vil frå sesongen 2012 bli ein stor reiselivsaktivitet i kommunen. I 2010 var det 11 anløp og i 2012 vert det 23 anløp, men større båtar og mange fleire passasjerar. Frå hausten 2011 tek Oddvar Røysi sine selskap over ansvaret for marknadsføring og drift av cruiseaktiviteten. I 2011 var også Luster kommune med og finansierte Seawalk, som blir etablert på Skjolden i 2012. I 2011 vart ein del av leilegheitene på Skjolden brygge leigde ut, i 2012 er anlegget ferdig.

Rolf Wikborg si satsing på Tørvis hotell er også stor, men krevjande. Elles er det fleire av verksemdene frå Luster som markerer seg godt i det nasjonale reiselivsbiletet, i særleg grad kan ein då trekkje fram Walaker hotell. I 2011 fekk Lindis Alme og Bestebakken bygdeutviklingsprisen i Sogn og Fjordane.

Luster har mange aktivitetsbedrifter innan reiseliv som driv godt. Luster er truleg den kommunen i fylket med størst breidde i aktivitetstilbod. Dei fleste av desse selskapa hadde ein god sesong i 2011. Alle ekspertar i reiseliv held fram at aktiv ferie vil bli stadig viktigare. TV-serien Oppdrag Sognefjorden, som gjekk på NRK vinteren 2011, skapte stor blest om flott natur og aktivitetar i Sogn og Luster.

I 2011 gjennomførte Den norske turistforeining ei satsing på Tungestølen med etablering av ein permanent ”base-camp” for familiar. Luster kommune gav støtte til dette tiltaket.

For reiselivsnæringa er ei vidare utvikling av sals- og marknadsretta aktivitet avgjerande, for å auke omsetning og inntening. I 2011 har samarbeidet på regionalt nivå vedrørende profilering og marknadsføring gjennom selskapet Visit Sognefjord AS fungert bra. Det er no sett i verk ein gjennomgang av organiseringa av reiselivet i Sogn, med Sogn Regionråd som oppdragsgjevar.

På slutten av 2008 fekk Reisemål Sogndal og Luster AS 750.000 kr frå Innovasjon Norge til satsing på vintersesongen dei kommande to/tre åra. Ski Sogn, som er namnet på prosjektet, har vore i aktivitet frå siste del av 2009. Det vert arbeidd både mot nærmarknaden (kysten Bergen – Sunnmøre) og mot internasjonal marknader (særleg toppturinteresserte). I arbeidet mot den internasjonale marknaden er Ski Sogn ein del av Fjord Norge si store satsing på vinter. I 2011 har det etter kvart vorte stor medieinteresse for topptur-produkta i Sogn. Ski Sogn er ferdig våren 2012.

#### *Bygdeutvikling*

Bygdeutvikling er og ein viktig aktivitet i fleire bygder, og ein viktig del av næringsarbeidet. Både på sørsida av Lustrafjorden, i Skjoldenområdet og i Jostedalen er det no aktivt bygdeutviklingsarbeid.

Røynsle og forbetring: Vidare utvikling av næringslivet har fokus i Luster både politisk og administrativt. Både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og nyskaping er viktig. Verksemdar som rettar seg mot marknader utafor regionen vil ha ein større sjanse til å utvikle seg, enn dei som har ein marknad som berre er regionalt basert. Kompetanseutvikling, marknadsorientering og effektivisering er stikkord for både vidareutvikling av eksisterande næringsliv og utvikling av nye tiltak.

## LANDBRUKSFORVALTNING

#### *Forvaltningsoppgåver*

Ressursbruken ved eininga er delt mellom utføring av lovpålagde forvaltningsoppgåver innan landbruks- og miljøsektoren og forvaltning av kommunale ordningar for å oppnå måla i kommunale styringsdokument, utleige av tenester til andre m.m.

Lovpålagde oppgåver med tidsfristar har vorte prioriterte på bekostning av oppgåver utan fristar.

#### **Jordbruk**

Tilbakegangen i tal sjølvstendige driftseiningar i kommunen er i ferd med å flata ut. Areal i drift er nokolunde stabilt. Produsert mengde av kjøt og mjølk har også synt stabile tal siste 20 åra.



<b>NØKKELTAL - Forvaltningssaker</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2005</b>	<b>2000</b>
Lovsaker administrativt avgjorde	83	101	116	49
Søknader om produksjonstilskot husdyr *	216	219	243	320
Søknader om areal- og kulturlandskaps-tilskot *	244	245	263	397
Tilskot til avløyning ved sjukdom m.v.	46	59	81	106
Planar etter forskrift for nydyrking	6	3	2	14
Planar for vatningsanlegg	3	2	2	2
Driftsplanlegging i samband med bruksutbygging	1	5	3	8
Fullstendig gjødselplan for gardsbruk	15	35	11	16

\* For søknader om produksjonstilskot/areal- og kulturlandskapstilskot er det gjennomført stikkprøvekontrollar hjå 5% av sækjarane.

Auka bærprisar utanlands har gjort konserverfabrikkane meir interesserte i norske bær. Samla bærproduksjon i 2011 var noko mindre enn føregåande år, noko svært vanskelege vertilhøve må ta mykje av skulda for.

Byggjeaktiviteten i landbruket (driftsbygningar) fekk ein oppsving etter at kommunen innførde gunstig låneordning gjennom næringsfondet. Men fornyingstakten kunne vore enno høgare for å oppretthalda, eller helst forbetra, bygningsstandarden i landbruket.

Økonomien i sauehaldet har hatt ein betydeleg oppsving siste åra. Likevel har sauetalet i Luster gått ned kvart år sidan før tusenårsskiftet. Men utviklinga frå 2009-10 bryt trenden, med ein oppgang på omlag 400 vinterføra. Frå 2010-11 syner statistikken stabile tal.

Også beitesommaren 2011 var det betydelege rovdyrskader i kommunen, men likevel langt mindre enn frå nokre år tilbake. Nedgangen må tilskrivas SNO sitt uttak av jervar i Luster og tilgrensande kommunar etter avslutta lisensperiode.

#### Overføringar og investeringsverkemidlar til landbruket

Tiltak	2011		2005	
	Tal søknader	Tilskot 1 000 kr	Tal søknader	Tilskot 1 000 kr
<b>Statlege ordningar:</b>				
Produksjonstillegg inkl. RMP	635	50 831	535	33 400
Avløyingsordninga	186	6 808		6 100
BU-midlar, - tilskot (bedriftsretta), inkl. bioenergi	5	1 465	11	2 318
BU-midlar – rentestøtte (grunnlag/sum lån)	1	870	3	4 594
Kulturlandskapsiltak (SMIL)	47(34 tilsagn)	1 228	37(29 tilsagn)	690
Organisert beitebruk	9	177	10	68
Skogsvegbygging	2	0		499
<b>Kommunale ordningar:</b>				
Anleggstilskot bærplanting	20	286	11	85
Vatningsanlegg	1	7	2	35
Nydyrking	2	30	1	18
Vegbygging	0	0	0	0
Kjøp av mjølkekvotar	16	43	40	184
Tilskot ved generasjonsskifte	2	100	-	-

Med unntak av skogsvegmidlane og midlar til organisert beitebruk som fylkesmannen har fått tilbake forvaltningsansvaret for, bestemmer kommunen sjølv bruken av SMIL-midlane.

<b>NØKKELTAL - Jordbruk</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2005</b>	<b>2000</b>
Bruk i drift i alt	244	245	285	397
Bruk med husdyr	216	219	243	320
Mjølkeproduksjon	6 760 t	6 999 t	6 814 t	6 875 t
Slakt	518 t	483 t	553 t	546 t
Bærareal	520 daa	515 daa	695 daa	505 daa
Bærproduksjon	300 t	340 t	450 t	457 t

#### Skogbruk

Hausten 2011 vart det sett i gong entreprenørhogst på Hafslø der Nortømmer er kjøpar av virket. Dette har gjeve utslag på hogststatistikken for 2011. Det er utbetalt statstilskot på ein bilveg, Storemyrvegen i Jostedalen. Denne vegen vart ferdiggodkjend i 2011. Elles er fleire vegprosjekt under bygging. Det vart søkt om statstilskot

til to vegar med skogbruksinteresse i 2011. Den eine er trekt av søkjaren i ettertid, medan den andre er ein veg der skogbruksinteressen er i mindretal. Fylkesmannen har difor signalisert at ei ev. tildeling kjem langt ned på prioriteringslista. Det er ikkje betalt ut tilskot til skogbruks/landbruksvegar med kommunale midlar i 2011.

Administrasjonen sette i gang arbeidet med hovudplan for skogsvegar for Luster i 2011 og har venta på meir data frå fylkesmannen si landbruksavdeling for å kunne gå vidare. Hovudplanen for skogsvegar vil samle opp dei rasjonelle bilvegtraseane i kommunen og styre løyvingar mot desse anlegga om og når dei vert realisert. Arbeidet med hovudplanen vil bli ferdigstilt av kommunen fyrste halvdel av 2012.

Det har vore ei positiv utvikling i skogplanting det siste året, ei dobling frå 2010. Kommunen har handsama tre søknadar om tilskot til produksjon av 340 m<sup>3</sup> skogsflis(råstoff). Det er utbetalt kr 21.510 i tilskot til dette av statlege midlar. All flisa er nytta i privat anlegg på ein landbrukseigedom i Jostedalen.

Etter vedtak i kommunestyret i 2011 vart det klårgjort at det ikkje vart opna for å etablere flisfyringsanlegg i Gaupne sentrum, jf. Luster bad mv.

Det er betalt ut tilskot på tre drifter med taubane, totalt til 561 m<sup>3</sup>.

Luster kommune og Nortømmer arrangerte skogdag saman på Hafslo i oktober. Oppmøtet var på heile 80 personar. Temaet var hogst med fokus på gran si produksjonsevne, elles regelverk og tilskotsordningar innan skogbruket. Vi har dessutan arrangert to motorsagkurs og eit "gratis" kappekurs i 2011.

Luster kommune har teke ut nesten 200 m<sup>3</sup> furutømmer i skogteigen sin på Galdetoppen på Hafslo i 2011. Noko av kvantumet vart innmålt fyrst i 2012.

## NATURFORVALTNING

Prosessen med oppretting av storvald, som er ein føresetnad for å kunna tildela rettighetshavarane større formelt ansvar for hjorteviltforvaltninga, går heller seint. Men dei områda som har organisert seg på denne måten, har lukkast godt med arbeidet sitt og røynslene med tildeling av fleireårig fellingskvote etter bestands- og avskytingsplanar er gode. Den kommunale viltforvaltninga brukar enno for mykje tid på arbeid rettighetshavarane sjølve bør ta ansvar for. For å få fleire til å ta ansvar vart det i 2011 innført ei ordning der storvald som oppfyller fristane for rapportering og anna pålagt papirarbeid, får refundert deler av innbetalt fellingsavgift.

I 2011 vart det felt 489 hjortar i Luster, ein liten nedgang frå året før. Nedgangen heng saman med redusert uttak av kalv. Til liks med i 2010 lukkast det å få prosentdelen hanndyr under 50, noko som har vore eit klårt mål. Beitepresset både på innmark og utmark i kommunen vart vurdert å vera i høgste laget framleis, samstundes som fellingstala og resultatata frå jegerane sine eigne observasjonar gjennom sett-hjort-skjema indikerte at stamma framleis var aukande. Det vart difor fastsett same høge fellingskvote som året før, nær 1 000 dyr totalt, og som i 2010 vart jakta utvida til å gå frå 10.09 til 23.12. At berre halvparten av kvoten vert teken ut, var ikkje overraskande. Dette må reknast som normalt for Luster kommune og vert kalkulert inn ved kvotefastsettjninga.

<b>Uttak av skogsvirke:</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Omsett gjennom Luster Skogeigarlag m3	281	158	181
Annan hogst for sal med trekk til skogfond, m3	4 496	211	311
+ Uttak av ved til brensel m3	2 000	2 000	2 000
= Total m3	6 777	2 369	2 492
= Førstehandsverdi kr	2, 0345 mill.	0,75 mill.	0,8 mill.
<b>Skogkultur:</b>			
Nyplanting, tal planter	10 500	4 500	5 800
Planta areal	44 daa	18 daa	23 daa
Rydding av plantefelt	105 daa	137 daa	25 daa
Kostnader skogkultur	100 000 kr	70 000 kr	34 000 kr
<b>Vegbygging:</b>			
Ferdigstilt traktorveg	0	4 000 m	750 m
Ferdigstilt skogsbilveg	560	3 200 m	0 m
<b>Skogavgift:</b>			
Innestående skogavgift pr. 31.12.	609 000 kr	479 000 kr	485 000 kr
Innbetalt skogavgift	125 000 kr	11 600kr	8 300 kr
Utbetalt skogavgift	4 500 kr	16 000 kr	800 kr

## Statistikk viltforvaltning:

	2011			2007		
	Tal vald	Tal løyve	Fellingsres.	Tal vald	Tal løyve	Fellingsres.
Hjort	87	959	489	87	666	422
Villrein	5	47	36	6	29	21
Elg	2	5	2	2	4	3
Rådyr	3	7	1	3	7	1

Merkjeprojektet, som kommunen har delteke i, avslutta feltarbeidet i 2011, og rapporten er venta våren 2012.

Dei fem siste åra har det ikkje vore villreinjakt i Vest-Jotunheimen villreinområde. Statistikken for villrein syner difor berre tala for tildeling og felling i Luster sin del av Ottadalen villreinområde.

Teljingar over nokre år fram til og med 2008 synte dramatisk tilbakegang for stamma i Vest- Jotunheimen. Det har vore usikkert kva årsaken kan vera. Den aukande rovviltbestanden, både av jerv, kongeørn og gaupe, må nok ta sin del av skulda. Totalteljinga av rein i 2009 synte på nytt ein liten auke i stamma og det er verdt å merka seg at dette er samanfallande med at det tidleg dette året vart teke ut 11 jervar som heilt eller delvis hadde tilhald i villreinområdet. Den positive utviklinga til Vest-Jotunheimenstamma heldt fram både i 2010 og 2011.

### Verneområde

I verneområdeforvaltninga har fokus vore på informasjonstiltak og tilrettelegging for parkering og ferdsel. Nye infotavler er komne opp i Allmenningen naturreservat, i Dalsdalen, på Nørdestedalsseter og på Jervane ved Mørkrid. På Jervane vart også arbeidet med utviding og oppgradering av parkeringsplassen

ferdigstilt hausten 2011. Det vart gjennomført større oppgraderingsarbeid på elveforbygginga ved parkeringsplassen på Bergset og heving av første delen av stien innerter dalen slik at han no også er farbar ved høg vasstand i elva. Det er elles igangsett utbetningsarbeid på stien frå Kilen mot Vigdalen og bygt trapp forbi eit vanskeleg punkt på stien mellom parkeringsplassen i enden av Brevegen og Nigardsbrøen. Med desse tiltaka reknar ein oppgraderingsarbeidet på denne siste stistrekninga som fullført.

Det meste av kostnaden med tilretteleggingstiltaka i tilknytning til verneområde har vore dekkja av DN, men Luster kommune har hatt ansvaret for gjennomføringa.


## Økonomisk resultat drift

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 11(r)	Avvik	Rekn 10
320	Kommunal næringsverksemd	-18 578	-18 630	0 %	-20 484
325	Tilrettelegging og hjelp for næringslivet	9 613	9 674	1 %	5 499
329	Landbruksforvaltning	3 463	4 091	15 %	3 362
360	Naturforvaltning	424	665	36 %	-3 795
	<b>Sum</b>	<b>-5 078</b>	<b>-4 200</b>	<b>-21 %</b>	<b>-15 418</b>


I samsvar med vedtak i 2. tertial er det nytta 1,5 mill kr frå bufferfondet, for å dekke budsjettert forventa mindre inntekt frå konsesjonskraftsal. Det er nytta mindre i tilskot til landbruksføremål enn budsjettert. Ein større del av utgiftene innan naturforvaltning enn det som er budsjettert, vert dekkja gjennom statstilskot.

## Økonomisk resultat investering

Tal i kr 1000	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Avvik
	2011	2011	2011	
32086 Næringsbygg Jostedal	6	119	0	113
32582 Næringsområde Galden	133	0	0	-133



BRUTTO driftsutgifter i % av dei totale brutto driftsutgiftene.



NETTO driftsutgifter i % av dei totale netto driftsutgiftene.

#### Tal årsverk:

2009	3,7
2010	2,0
2011	2,0

## Kultur

### Organisering

Tenestområdet er organisert slik: Biblioteket som eiga tenesteeining, kulturskolen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) med Leikanger som vertskommune og resten som ein del av rådmannen sin stab (oppvekstteamet).

### Overordna mål

Dei overordna måla er nedfelt i kommuneplanen, kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (2008-19), plan for lokale kulturhus (2010-21), kommunedelplan for forvaltning av kulturminne og andre fagplanar som vedkjem folkehelse, barn og ungdom og rusførebygging. Dei overordna måla er:

- Gje innbygarane tilgang til moderne og tilpassa kulturanlegg,
- Utvikle eit mangfald av lag organisasjonar og stimulere til auka aktivitet i desse,
- Stø opp om profesjonelt kulturarbeid og vurdere tilskot til ungdom som har valt å satse "profesjonelt" innan ei kulturell ytring,
- Satse på private investorar i bygging og drift av større kulturanlegg,
- Skape "Lustridentitet" og ta vare på språkleg kulturarv (nynorsk, dialekt, stadnamn),
- Nytte kultur som potensiale for næringsaktivitet.

### Tenester og oppgåver - generelt

#### 231 Aktivitetstilbod barn og unge/tilskot til lag og organisasjonar.

Ordninga er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål.

#### 365 Kulturminnevern

Koordinere den kommunale innsatsen innan kulturminnevernet, museum og lokalhistorisk arbeid. Aktiviteten er forankra i eigen kommunedelplan og reglement for tilskot til kulturføremål.

#### 370 Bibliotek

Funksjonen omfattar formidling av informasjon, kunnskap og kultur gjennom medium som bøker, tidsskrift, CD-ar og informasjonsteknologi. Skulebibliotek og andre formidlings- og opplæringstiltak overfor grunnskolen i Luster.

#### 377 Kunstformidling

Tenesteformidling gjennom Den kulturelle skulesekken og andre lokale kulturprosjekt der kommunen er part. Ordninga skal vidareførast innan gitte rårer (budsjett, eksterne tilskot).

#### 380/386: Drift av idrettshall og samfunnshus

*Gaupne idrettshall* er lagt opp som kommunal aktivitet for skulane og barnehagane i Gaupne for gymnastikk på dagtid. Luster idrettsråd (brukarstyre) fordeler brukartid på ettermiddag og helg. Ny avtale av 2008 regulerer bruken av hallen (fordeling av tid, reglar for utleige/ betalingsattsar/ekstravask/fakturering mv).

*Jostedal samfunnshus* er lagt opp som kommunal aktivitet for skule og barnehage sin bruk av gymnastikksal/symjebasseng på dagtid og frivillige lag/organisasjonar på kveldstid og i ledige tidsrom. Ein særskild aktivitet er drifta av symjebassenget som inkl. oppvarma basseng til bruk for revmatikarar og andre.

*Fjordstova i Skjolden* har ein eigen avtale om drift av symjebasseng, gymnastikksal og off. toalett. Budsjettert kjøp av tenester. Avtalen vart politisk handsama i k-sak 60/04.

#### 380 Idrett

Området er regulert av kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Ut frå vedtak om bygging av anlegg finansiert med statstilskot garanterer kommunen for at anlegga skal vera opne og drivast forsvarleg. Tilskot til drift er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål. Sogn Skisenter fekk i k-sak 11/09 auka sitt driftstilskot til kr 950.000 for perioden 2010-13. I 2013 skal

tilskotsnivået vurderast på nytt. Jf elles k-vedtak i sak 60/09 vedkomande Luster bad.

### 383 Kulturskule

Sogn kulturskule er organisert som eit interkommunalt samarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster og med felles administrasjon og kontorstad på Trudvang i Sogndal.

### 385 Andre kulturaktivitetar/prosjektretta kulturtiltak

Funksjonen er samansett av tiltak som lokale arrangement i Den Kulturelle Skulesekken, tilskot til nærmiljøanlegg, kulturpris/kulturstipend og tilskot til Luster frivilligsentral.

### 391 Kyrkja mv

Kontaktledd/rammeansvarleg for overføringar til kyrkjer, kyrkjegardar og andre trussamfunn.

I tillegg til ovannemnde funksjonar medverkar administrasjonen også innan strategisk planlegging inkl. arbeidet med kommunale planar for områda idrett og friluftsliv, lokale kulturhus og forvaltning av kulturminne, tilrettelegging av informasjon for Servicetorget innanfor ansvarsområdet og deltaking i tverrfaglege prosjekt, regionale samarbeidstiltak og utvikling av lokale kulturarrangement.

## Aktivitet 2011

- 112 lag og organisasjonar mottok tilskot frå kommunen (110 i 2010)
- Tal idrettslag og organisasjonar med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som hovudaktivitet var 15 (12 i 2010)
- Tal andre barne og ungdomslag var 12 (14 i 2010).
- Fritidsklubbar var i aktivitet på Hafslø, i Jostedal og i Gaupne.

## Styringsmål 2011

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 11/12	Resultat 2011
				Luster	Landet		
Felles	B	Brukartilfredsheit	Brukarspørjing		-	-	-
	B	Tal klagesaker m. omgjerding av vedtak	Registrering		1	-	0
	M	Medarbeidartilfredsheit	Medarbeidarspør		-	-	-
	M	Sjukefråvær - Luster Kommune	Fråværsstatistikk		-	-	-
Kultur	B	Tal utlånte bøker pr innbyggjar	Registrering	9,60	5,06	8,50	7,40
	B	Tal elevar i kulturskulen	Registrering	198		200	187

B = Brukarmål

M = Medarbeidarmål (obs - ikkje tal pga for få personar).

- Kommunen støtta 9 prosjekt innan teknisk kulturminnevern (7 i 2010) og 9 prosjekt innan immaterielt kulturvern (8 i 2010).
- Riksantikvaren og fylkeskommunen markerte fredinga av Ormelid i Fortun.
- Samarbeidet med Luster Folkeakademi om den kulturelle spaserstokken resulterte i 39 framsyningar i 2011 med 1694 deltakarar i alt.
- Samarbeidsavtalar med lokale talent vart underskrivne med Stig Morten Fredheim, Hallvard og Thomas Sørheim Evjestad, Marte Erfjord, Ane Øvregard Røhme, Bertine Thorsnes Lefdal, Jakob Meløy og Geir Steig.
- Kati Cassida deltok under avdukinga av skulpturen Jonsok på Skjolden.
- Ballbingane på indre Hafslø og på Skjolden og barneskitrekket på Sogn skisenter fekk innvilga statlege spelemidlar.
- Prosessen med ny kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (2012-23) vart gjennomført med lokale innspel og høyringsrunde.
- Lokalhistorisk årbok nr.6 vart utgjeve saman med Jostedal, Hafslø og Luster sogelag.
- Kulturminnedagen vart markert på Modvo med offisiell avduking av info-tavler.
- Kulturprisen vart tildelt Kåre Øvregard.

## Luster bibliotek:

Året har vore prega av flytting av hovudbiblioteket til nytt lokale. Nedgang i utlån ca 9500 (20%) tilsvarte 7,4 utlån per innbyggjar. Dette skuldast stengt hovudbibliotek i periodar ved flytting og redusert tenestetilbod i mellombels husvære frå mai til oktober. Avd Skjolden: Svært lite utlån på kveldstid, men bra utlån på dagtid. Avdelinga fungerer mest som eit skulebibliotek.

Avd Hafslø: Størst utlån av barne- og ungdomslitteratur.

#### Registrerte besøk:

Hovudbiblioteket: Ufullstendig

Hafslo: 18.490

Skjolden: 363

Veitastrand: 350

#### Arrangement:

Arrangement: Teaterframsyning "Den unge Sigrid Undset".

Forfatterbesøk Rune Timberlid.

Litteraturformidling 2.- 6. klasse for Gaupne skule.

#### Sogn kulturskule:

Kulturskulen i Sogn bytta namn til Sogn kulturskule.

Drift i Luster: Kulturskulen hadde 189 elevplassar i Luster vår 2011 og 184 haust 2011. Tal på venteliste var 50 vår og 30 haust. Kulturskulen heldt dirigentar til tre korps i 2011: Dale skulemusikk, Jostedal skulemusikk og Gaupne skule- og ungdomskorps.

Skulen hadde 3,42 årsverk sysselsett med undervisning i Luster kommune i 2011.

#### Undervisning

Kulturskulen har hatt eit elevtal på om lag 456 i 2011.


Sogn kulturskule lona 11 kor- og korpsdirigentar i kommunane Luster, Sogndal og Leikanger. Kulturskulen hadde 9,4 årsverk knytt til undervisning i 2011.

#### Distriktsmusikarane

Kulturskulen har fire halve stillingar som distriktsmusikarar. Lønsutgiftene deler kulturskulen med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Inntektene til distriktsmusikarane var større enn budsjettet i 2011 og kommunane sine eigendelar vart redusert tilsvarende.

#### Kostra-samanlikning

Netto driftsutgifter til kultur i kr. pr innbyggjar:



Førebelse kostratal for 2011 viser eit nettoutgifta til pr innbyggjar ligg litt over kostragruppe 3 og vesentleg over fylkes- og landsnivået. I 2010 låg Luster under kostragruppe 3.

#### Økonomisk oversikt drift

Funksjon	Tal i kr 1000	Rekn 11	Bud 10(r)	Avvik	Rekn 10
231	Aktivitetstilbod til barn og unge	583	655	11 %	585
365	Kulturminnevern	112	110	-2 %	136
370	Bibliotek	2 518	2 355	-7 %	2 150
375	Museum	164	163	-1 %	160
377	Kunstformidling	39	42	7 %	20
380	Idrett	1 949	1 955	0 %	2 272
381	Idrettsbygg	-4 713	-2 724	-73 %	-2 715
383	Kulturskule	2 091	2 063	-1 %	1 731
385	Andre kulturaktivitetar	2 689	2 528	-6 %	2 879
386	Kulturbygg	996	996	0 %	809
390	Kyrkjer	6 210	6 210	0 %	6 186
392	Andre religiøse føremål	131	125	-5 %	122
	<b>Sum</b>	<b>12 769</b>	<b>14 478</b>	<b>12 %</b>	<b>14 334</b>

Det positive rekneskapsresultatet skuldast 2,240 mill kr meirinntekt på mva-kompensasjon investering (Luster Bad).

#### Økonomisk oversikt investering


Tal i kr 1000	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Avvik
	<b>2011</b>	<b>2011</b>	<b>2011</b>	
38001 Kommunale Parkanlegg *	281	3 358	750	3 077
38161 Luster Bad	40 249	40 220	41 000	-29
39001 Tilskot Kyrkjeleg Fellesråd	150	150	150	0

\*Gjeld idretts og friluftsanlegg, kommunal løyving til tiltak som får spelemidlar, ev andre tilskot.


# **Rekneskapen 2011**

# Nøkkeltal

## Brutto og netto driftsutgifter (prisjustert i 1000 kr, 2011-kroner)



## Langsiktig gjeld (kroner pr 31.12.11 pr innbygger)



Frå KOSTRA 2011	Luster	K.gruppe 03	Sogn og Fjordane	Landet utan Oslo	Landet
